

Timeplan 2020-2023

Rådmannen sitt forslag



Framsideillustrasjon: Vardheia ungdomsskule av Alliance architecture studio

VISJONEN VÅR

TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

VERDIANE VÅRE

Ansvar

Me har evne til å sjå, mot til å handla
Me ser og forstår heilskapen
Me er opne og direkte i samhandlinga

Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive
Det me vil, det søker me å få til
Me er i utvikling

Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko
Alle skal ha reell medverknad på eigen arbeidssituasjon
Tilsette skal sikrast deltaking i avgjerdsprosessar

LEVEREGELEN VÅR

Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gje og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheiter
- heia fram gode idéar

«Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss»

Arne Garborg

Innhald

1 Innleiing	6
1.1 Rådmannen si innleiing	6
2 Utviklingstrekk	9
2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk	9
2.2 Folketalsutvikling	9
3 Økonomi	11
3.1 Statsbudsjettet 2020	11
3.2 Rammer og føresetnadar	12
3.2.1 Inntektsføresetnadar	12
3.2.2 Utgiftsføresetnadar	15
3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse	16
4 Folkehelse	18
4.1 Status og utfordringar	18
4.1.1 Barnefattigdom	19
4.2 Mål for langtidsperioden	20
5 Tenester	21
5.1 Oppvekst	21
5.1.1 Status og utfordringar	21
5.1.2 Mål for langtidsperioden	31
5.1.3 Tiltak i 2020	32
5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	34
5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	34
5.1.6 Oversikt over personalressursar	35
5.2 Omsorg	36
5.2.1 Status og utfordringar	37
5.2.2 Mål for langtidsperioden	42
5.2.3 Tiltak i 2020	43
5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	43
5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	43
5.2.6 Oversikt over personalressursar	44
5.3 Samfunn	45
5.3.1 Status og utfordringar	45

5.3.2 Mål for langtidsperioden	53
5.3.3 Tiltak i 2020	54
5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	56
5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	56
5.3.6 Oversikt over personalressursar	57
5.4 Stab.....	58
5.4.1 Status og utfordringar	58
5.4.2 Mål for langtidsperioden	60
5.4.3 Tiltak i 2020	61
5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	61
5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	61
5.4.6 Oversikt over personalressursar	62
6 Kommunen som arbeidsgjevar	63
6.1 Status og utfordringar.....	63
6.2 Mål for langtidsperioden	65
6.3 Tiltak i 2020	66
7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2020	67
7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering	67
7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale.....	68
7.3 Trafikksikringsplan	80
7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar.....	81
8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem	87
8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	87
8.2 Interkommunale samarbeid	88
8.3 Plansystem.....	89
9 Framlegg til vedtak.....	91
10 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta	92

1 Innleiing

Timeplanen 2020-2023 er Time kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging. Økonomiplanen skal peika ut utviklingsretninga for kommunen sitt tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i komande fireårsperiode.

Meir detaljert informasjon om status og utfordringar i tenestetilbodet til kommunen går fram av Årsrapport 2018, Statistikkrapport 2018 og tertialrapportar for 2019.

1.1 Rådmannen si innleiing

Time kommune skal vera ein attraktiv kommune å busetta seg i, og eit samfunn som er godt å leva i. Folkehelsearbeid er førande for arbeidet med økonomiplanen. Det handlar om å leggja til rette for ei berekraftig samfunnsutvikling som både motverkar sosial ulikskap og som fremmar god helse i befolkninga.

Timeplanen vil også i år synleggjera betydninga folkehelsearbeid har for å skapa god samfunnsutvikling og setja nokre langsiktige mål for folkehelsearbeidet i kommunen. Kapittelet tek utgangspunkt i den nye folkehelseprofilen for Time kommune, som vart utarbeida i 2018. Her prioriterer kommunen arbeidet innan fem område for å løfta folkehelsa i kommunen: psykisk helse, inntektsforskjellar, skulevegar, eldreressursen og aktivitetsmangfald. Alle mål og tiltak som er relaterte til dei fem prioriterte områda, i dei enkelte kapitla, er merka med «Folkehelse». Kapittelet om folkehelse har òg eit eige delkapittel om barnefattigdom. Rådmannen ønskjer å synleggjera arbeidet mot barnefattigdom både i økonomiplanen og i framtidige årsrapportar.

Kommuneøkonomien er blitt stramare dei siste åra. Skatteinntektene fekk ein varig knekk med oljenedturen, sentralt vedtatte bemanningsnormer har bunde større midlar til skule og barnehage og samtidig har kommunen hatt høge omsorgs-, sosialhjelps- og barnevernsutgifter. Investeringane er også høge slik at større midlar blir bunde i renter og avdrag. Renta er nå betydeleg høgare enn for eitt år sidan. Folkeveksten har nesten stoppa opp og fødselstala er låge. Samla fører dette til at kommunen med dagens inntektsnivå, ikkje kan vidareføre dagens tenestetilbod.

Investeringane er i økonomiplanperioden på brutto 867 millionar kroner. Rådmannen har mellom anna lagt inn ny symjehall med drift frå 2023. Symjehallen gir ei forventet netto utgiftsauke inkl. renter og avdrag på over 12 millionar kroner årleg frå 2023. Renter og avdrag kjem alt frå 2021.

Kommunen har vedtatt økonomiske måltal for ei berekraftig utvikling der driftsresultatet minimum skal vera på 1,5 %, disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene på minimum 6% og netto lånegjeld betalt av frie inntekter på maksimum 60 %. I den framlagte økonomiplanen for 2020-2023 er både drifts- og investeringsnivået for høgt for ei berekraftig utvikling av kommunen. Dei økonomiske måla blir ikkje nådd i nokon av åra i den framlagte økonomiplanen, jf. punkt 3.3.

Rådmannen har i framlagt budsjett for 2020 finansiert nye tiltak med omprioriteringar i dagens tenestetilbod. Dersom kommunen framover ikkje skal innføre eigedomsskatt som ny finansieringskjelde, må både drifts- og investeringsnivået reduserast ytterlegare i forhold til framlagt økonomiplan.

I statsbudsjettet for 2020 har kommunen fått ytterlegare innstrammingar ved redusert kompensasjon for bemanningsnorm i skulen, høgare eigenbetaling av ressurskrevjande tenester. Ved overføringa av Jæren kemnerkontor til staten har kommunane fått over dobbelt så høgt trekk som me har kostnader. Det meste av desse innstrammingane har rådmannen finansiert ved å redusera overføringane til investering.

Driftsnivået i framlagt forslag til økonomiplan, kan ikkje rådmannen forsvare med dagens inntektsnivå. Rådmannen føreslår derfor å utreda eigedomsskatt og med det ha auka inntekter som alternativ til ytterlegare reduksjon i drifts- og investeringsbudsjettet. I kapittel 3 vert det lagt fram forslag til korleis inntektene frå eigedomsskatt kan nyttast. Rådmannen føreslår å innføre eigedomsskatt i heile kommunen på både bustader og næring. Rådmannen føreslår å bruka skatteetaten sine formuestakstar på bustader, noko som både er kostnadseffektivt og tilrådd frå regjeringa. Rådmannen har ikkje datagrunnlag til å rekna ut inntekspotensiale, men har føretatt ei skjønsmessig utrekning jf. kapittel 3.2.1 Eigedomsskatt.

Rådmannen har trass i stram økonomi prioritert opptrapping av lærlingar og me vil i 2020 ha 35 lærlingar. Vidare føreslår rådmannen å styrka miljøtenestene, auka avsetninga til kjøp av spesialundervising i private skular og styrka barnevernet.

Rådmannen har finansiert ovannemnde prioriterte tiltak ved mellom anna endring i skule- og barnehagestruktur, nedlegging av ei avdeling på sjukeheim og streng prioritering av nye tiltak.

Rådmannen har vidareført det høge investeringsnivået, men er klar på at med dagens inntekts- og utgiftsnivå så kan ikkje dette gjennomførast. Dei største investeringane er Vardheia ungdomsskule med idrettshall og turnhall, ny idrettshall og ny symjehall på Bryne og oppgradering av Storgata til gågate. I tillegg er det lagt inn investeringar i vass- og avløpssektoren på 200 millionar kroner i perioden.

Rådmannen vil i økonomiplanperioden arbeida for å gjera kommunen meir brukarorientert og effektiv, og sikra ei utvikling som nyttar potensialet i ny teknologi. Det handlar mellom anna om å styrka digitaliserings- og innovasjonsarbeidet i kommunen. Målet er å levera best mogleg tenester til lågast mogleg pris.

Rådmannen sitt forslag til Timeplan for 2020-2023 viser kva mål og tiltak som rådmannen meiner bør prioriterast innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. Forslaget vert nå lagt fram for dei folkevalde for godkjenning.

Største satsingsområde 2020-2023

- Folkehelse
- Tidleg innsats/førebygging
- Lærlingar
- Ei brukarorientert og effektiv forvaltning som nyttar potensialet i ny teknologi

Større omprioriteringar og effektiviseringar 2020-2023

- Reduksjon av fem plassar på rehabilitering på Sivdamheimen i 2020
- Reduksjon av plassar i institusjon frå 2021
- Flytting av ungdomstrinnet på Undheim skule til Lye ungdomsskule
- Nedlegging av Lyefjell barnehage for å redusera overkapasiteten
- Nedlegging av Brynelunden opne barnehage

Investeringar 2020-2023

Samla framlegg til investeringar i perioden 2020-2023 er på 867 millionar kroner. Dei største investeringsprosjekta i perioden er:

- Byggja Vardheia ungdomsskule, Vardheihallen og turnhall
- Bygging av ny symjehall på Bryne
- Bygging av ny idrettshall på Bryne
- Utvida overvasskapasiteten på Bryne
- Omsorgs-, barne- og avlastningsbustader
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar

Bryne, 29. oktober 2019



Trygve Apeland
Rådmann



Aud Steinsland
Økonomisjef

2 Utviklingstrekk

Her vert nasjonale, regionale og lokale utviklingstrekk som har verknad for planperioden synleggjorde og vurderte.

2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk økonomi er inne i ein høgkonjunktur. Aktiviteten i landet er høg. Arbeidsløysa nasjonalt er nå 2,4 % medan den var 3,4 % på det høgaste.

Også i vår region har aktiviteten teke seg opp etter oljeprisnedgangen. Arbeidsløysa i Rogaland var ved utgangen av august på 2,4 % og for dei tre jærkommunane er arbeidsløysa på mellom 1,8% - 2,1% ved utgangen av august 2019.

Høgkonjunktoren me nå ser har kome raskare enn venta. Låge renter, låg lønnsvekst og svak valuta har stimulert til investeringar og høgare eksport. Kostnadskutt og høgare oljepris er ein viktig drivar for det nye oppsvinget me nå ser i oljerelaterte næringer.

Sjølv om landet er inne i ein god periode har me ikkje behov for utanlandsk arbeidskraft i same grad som tidlegare. Dette saman med låge flyktningtal medfører lågare flytteoverskot. Fødselstala i landet er historisk låge. Lågt flytteoverskot og låge fødselstal medfører lågare folkevekst i landet enn det som har vore vanleg dei siste åra.

Det er nå mørkare skyer i horisonten. Det ser ut som Europa og USA er over konjunkturtoppen. Brexit og handelskrigen som USA har starta, vil påverka norsk eksportindustri og dermed få konsekvensar for norsk økonomi framover.

2.2 Folketalsutvikling

Folketalet vart ved utgangen av 2018 127 innbyggjarar lågare enn framskrivinga. Dette gjeld aldersgruppa 0-2 år der me har låge fødselstal og netto utflytting, aldersgruppa 3-5 år der større kull starta i skulen og aldersgruppa 20-66 år der me ikkje har fått den netto innflyttinga me rekna med.

Alder	Pr. 31.12.	Framskriving				Auke i %	Auke i %
	2018	2019	2023	2027	2031	2018-2023	2018-2031
0-2 år	757	729	755	792	834	-0,3 %	10,2 %
3-5 år	806	795	766	802	841	-5,0 %	4,3 %
6-12 år	1 977	2 021	1 958	1 905	1 958	-1,0 %	-1,0 %
13-15 år	712	732	905	874	854	27,1 %	19,9 %
Sum 0-15 år	4 252	4 277	4 384	4 373	4 487	3,1 %	5,5 %
16-19 år	1 008	984	1 036	1 212	1 168	2,8 %	15,9 %
20-66 år	11 275	11 412	11 878	12 398	13 050	5,3 %	15,7 %
Sum 16-66 år	12 283	12 396	12 914	13 610	14 218	5,1 %	15,8 %
67-79 år	1 619	1 678	2 008	2 241	2 409	24,0 %	48,8 %
80-89 år	535	558	629	797	969	17,6 %	81,1 %
90 år og over	106	109	146	180	203	37,7 %	91,5 %
Sum 67 år +	2 260	2 345	2 783	3 218	3 581	23,1 %	58,5 %
Sum	18 795	19 018	20 081	21 201	22 286	6,8 %	18,6 %

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Framskrivninga av barn i aldersgruppa 0-5 år viser nedgang i økonomiplanperioden. Tala er basert på høgare fødselsfrekvens og høgare netto innflytting enn me har hatt dei siste åra og kan vera for høg. Elles er det verdt å merka seg at veksten i innbyggjarar over 67 år ligg på 58,5 %, og spesielt at dei over 90 år i økonomiplanperioden ligg på 91,6 %.

Total vekst er noko nedjustert frå førre økonomiplan, frå 24,1 % til 18,6 %.

Tettstader	pr. 31.12.	Framskrivning				Endring i % 2018-2031
	2018	2019	2023	2027	2031	
Bryne	10 647	10 805	11 516	12 129	12 759	19,8 %
Kvernaland	3 573	3 580	3 787	4 079	4 341	21,5 %
Lyefjell 1)	2 743	2 807	2 956	3 190	3 382	23,3 %
Undheim	1 184	1 186	1 190	1 183	1 187	0,3 %
Hognestad	648	640	632	620	617	-4,8 %
Sum	18 795	19 018	20 081	21 201	22 286	18,6 %

¹⁾ Inkludert Vestly

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

I tabellen ovanfor ser me ut frå forventa bustadbygging kor veksten i kommunen kjem. På Lyefjell, Kvernaland og Bryne er det store utbyggingsområde, og i tillegg kjem store transformasjonsområde på dei to sistnemnde. Kor tid desse vert tekne i bruk til bustadbygging er usikkert og framskrivninga vert meir usikker i siste del av perioden.

3 Økonomi

Når rådmannen utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventa pris- og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneproposisjonen får kommunen også signal om nye reformer. Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2020-prisar og endringar frå 2020 er dermed reelle endringar i inntekter eller aktivitetsendring i utgifter.

Økonomiplanen byggjer elles på føresetnadar i vedtatte styringsdokument som kommuneplan 2011-2022, samfunnsdelen av kommuneplan 2016-2026, økonomiplan 2019-2022, årsrapport 2018, revidert budsjett 2019, tertialrapportar i 2019 og andre politiske vedtak i løpet av året.

3.1 Statsbudsjettet 2020

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2020 kjem fram i statsbudsjettet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Prioritering er:

- Levande lokaldemokrati
- Ein enklare kvardag
- Trygge og gode buforhold

Regjeringa meiner at ei viktig føresetnad for levande lokaldemokrati er å spreia makt og byggja samfunnet nedanfrå. Kommunar og lokalsamfunn skal få meir rom for å styra saker som vedkjem dei sjølv og deira samfunnsutvikling.

Slik legg regjeringa opp til vekst i kommunane sine frie inntekter for 2020:

	Milliardar kroner
Vekst i frie inntekter	1,30
- meirkostnad demografi	-1,30
- mindrekostnad pensjon	0,40
- russatsing	-0,15
- tidleg innsats i skulen	-0,40
- auka eigenandel i ressursskrevjande tenester	-0,35
Auka handlingsrom utan effektiviseringskrav	-0,50
+ effektiviseringskrav på 0,5%	1,20
Auka handlingsramme med effektiviseringskrav	0,70

Heile veksten i frie inntekter går til å dekkja demografikostnadane. Mindrekostnad i 2020 på pensjon gjeld ikkje kommunar som utgiftsfører premieavviket over eit år og gjeld derfor ikkje for Time. Handlingsrommet for kommunane er negativt og det betyr ein nedgang i frie inntekter.

Regjeringa legg opp til ei effektivisering på 0,5 % i tenesteproduksjonen. Dette er vanskelegare å oppnå etter innføring av statlege normer for bemanning i skule og barnehage, makssatsar på betalingssatsar i barnehage og rabatterte foreldrebetaling for låginntektsgruppene i barnehagane. Desse områda utgjer om lag 40 % av samla budsjett for kommunal tenesteyting og må skjermast for reduksjonar.

Regjeringa legg opp til ei betydeleg satsing på digitalisering i dette budsjettet. Dette skal gå til å effektivisera statlege etatar, men det vert også ei betydeleg satsing for kommunesektoren.

Det er i statsbudsjettet føreslått å auka kommunal eigendel utover inflasjonsjustering for ressurskrevjande tenester, og med dette vil staten spara 350 millionar kroner. Time kommune vil få ein auka kostnad på om lag 1,65 millionar kroner. Regjeringa auka også i statsbudsjettet for 2018 eigenandelane ut over vanleg prisstigning og på to år har staten overført kostnadar på om lag 700 millionar kroner til kommunane.

Eigedomsskatt er ei ordning som kommunane sjølv bestemmer om dei vil innføra. Regjeringa kom i statsbudsjett for både 2018 og 2019 med innstramingar i denne kommunale skatten. Ytterlegare innstramming kjem i årets statsbudsjett. Nå blir maksimalsatsen, som for 2020 er redusert frå 7 til 5 promille, ytterlegare redusert til 4 promille frå 2021. Verditakstane skal også frå 2020 ha ein reduksjonsfaktor på 30 %. Dersom ein kommune vel å innføra eigedomsskatt, kan denne berre aukast med ein promille per år mot tidlegare to promille.

3.2 Rammer og føresetnader

(Alle beløp i millionar kroner)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Skatteinntekter	540,5	572,0	581,3	586,0	591,0	596,0
Rammetilskot	445,5	456,0	482,5	496,1	501,5	508,0
Andre driftsinntekter	398,9	312,7	313,8	303,4	301,5	301,2
Sum driftsinntekter	1 384,9	1 340,7	1 377,6	1 385,5	1 394,0	1 405,2
Driftsutgifter	-1 353,1	-1 298,9	-1 338,3	-1 337,0	-1 337,8	-1 348,2
Brutto driftsresultat	31,8	41,8	39,3	48,5	56,2	57,0
Finansutgifter	-23,7	-23,3	-30,5	-32,0	-33,9	-34,7
Finansinntekter	41,7	42,6	47,0	48,6	50,3	51,1
Netto avdragsutgifter	-44,7	-51,8	-55,9	-60,4	-64,7	-68,5
Netto driftsresultat	5,1	9,3	-0,1	4,7	7,9	4,9
Netto fondsbruk	7,1	6,1	8,1	5,7	3,9	3,9
Overført til investeringar	-12,2	-15,4	-8,0	-10,4	-11,8	-8,8
Årsoverskot	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

3.2.1 Inntektsføresetnader

Skatteinntekter og rammetilskot

Summen av inntektsskatt, formuesskatt og statlege rammeoverføringar utgjer kommunen sine frie inntekter. Det vil seia at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. Skatt og rammetilskot er justert med forventta lønns-, pris- og folkevekst. Skatteinngangen er budsjettert med 97,4 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar, noko som er ein reduksjon på 1,9 prosentpoeng frå opprinneleg 2019-budsjett. Skatteinnbetalingane for Time så langt i år ligg på 95,6 % av landsgjennomsnittet. Det ser nå ut til at me ikkje vil koma opp mot det inntektsnivået kommunen hadde før oljekrisa. Då var skatteinntektene på 106 % av landsgjennomsnittet. Oljekrisa har derfor gitt Time kommune ein varig nedgang i skatteinntektene.

Det kommunale skattøyre blei frå inntektsåret 2019 redusert frå 11,8 % til 11,55 %. For inntektsåret 2020 blir skattøyre ytterlegare redusert til 11,1 %. Kommunesektoren får dermed ein stadig lågare del av skatten. Skatteinntektene i kommunesektoren har hatt større vekst enn

rammetilskotet dei siste åra og for at skattane skal kunna utgjera 40 % av samla inntekter må skattøyre reduserast og rammetilskotet oppjusterast.

Rammetilskotet er basert på objektive kriterier der mellom anna alder betyr mykje. Det er folketal per 1. juli kvart år som dannar grunnlag for rammetilskotet. Frå 1.7.2018 til 1.7.2019 har talet på barn i alder 0-5 år gått ned med 76 barn. Dette betyr ein nedgang i rammetilskotet på 5,3 millionar kroner. Tidlegare øyremerka tilskot til mellom anna dagaktivitetssenter, kommunepsykolog og etablering og tilpassing av bustad, til saman 4,2 millionar kroner, er innlemma i rammetilskotet.

Øyremerka tilskot til lærarnorm er også innlemma i rammetilskotet, men fordelt etter særskilte kriterier. Time kommune taper i 2020 om lag 2 millionar kroner på omlegginga, men dette blir ikkje vidareført då tilskotet frå 2021 vil bli fordelt etter kriteriene i inntektssystemet.

Øyremerka tilskot til helsestasjon og skulehelsetenesta er vidareført på same nivå som i 2019.

Tilskotet til kommunar som er ufrivillig åleine blei halvert i 2019 og er heilt bort frå 2020.

Eigedomsskatt

Rådmannen foreslår å utreda eigedomsskatt som eit alternativ til ytterlegare reduksjon i drifts- og investeringsbudsjettet. Utgreiinga vil ta utgangspunkt i at eigedomsskatt vert innført i heile kommunen, på både bustader og næring. Når det gjeld fastsetting av takst kan dette gjerast med eiga kommunal taksering av næringseigedomar og bustader. For bustader kan ein og bruka formuestakstane i skattelikninga. Rådmannen går for å bruka formuestakstane, då dette er kostnadseffektivt både i takseringa og eventuell klagebehandling.

Når inntekspotensialet er kalkulert har me brukt om lag 7 000 bustader til ein gjennomsnittstakst på 3 millionar kroner. I tillegg er det trekt frå ein lovbestemt reduksjonsfaktor på 30 %. Når det gjeld næringseigedomar har me endå mindre å kalkulere ut i frå, og har derfor sett ein samla verditakst på 5 milliardar kroner.

Med ovannemnde føresetnader vil kommunen få om lag 20 millionar kroner i årlege inntekter med 1 promille i eigedomsskatt. Dei auka inntektene vil rådmannen dei første åra bruka til å styrka kommunen si økonomiske bereevne. Dette gjer me ved å auka driftsfinansieringa av investeringane og på den måten redusera lånefinansieringa og styrke disposisjonsfondet slik at kommunen får ein tilstrekkeleg buffer for framtida. Rådmannen foreslår å bruka ekstraintektene slik dei første åra:

	2020	2021	2022	2023
Eigedomsskatt 1 promille		20 000	20 000	20 000
Kostnader ved innføring/drift		-1 500	-500	-500
2 % avsetning til investering		-11 222	-10 041	-13 289
Disposisjonsfond		-7 278	-9 459	-6 211

Dersom eigedomsskatt blir innført, vil dei økonomiske måla for perioden bli:

Finansielle nøkkeltal i økonomiplan 2020-2023	Vedtatte måltal	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Overført til investering	2,0 %	0,8 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %
Netto driftsresultat	1,5 %	0,0 %	1,7 %	2,0 %	1,7 %
Disposisjonsfond	min 6%	3,6 %	4,0 %	4,7 %	5,1 %

Dei finansielle nøkkeltala i framlagt budsjettforslag utan eigedomsskatt, blir vist under punkt 3.3.

Andre inntekter

Av andre inntekter kjem 73,3 millionar kroner frå brukarbetaling og 47,8 millionar kroner frå husleigeinntekter og sal av tenester. Betalingssatsane for 2020 er prisjusterte, sjå vedlegg «Prisar 2020». I rekneskapen vert i tillegg momskompensasjonen inntektsført. Me har valt å ikkje budsjettera momskompensasjonen då inntektene går mot tilsvarende utgift og er eit nullsumspel.

Gebyr for sjølvkostenestene feiing, vatn, avløp og renovasjon utgjer 73,3 millionar kroner. Store investeringar i overvasshandtering og store investeringar i IVAR-regi påverkar gebyrsatsane. Reduksjon i forbruk av vatn reduserer IVAR-rekninga noko.

Ulike øymerka statstilskot utgjer 88,7 millionar kroner i inntekt i 2020. Dei største inntektene gjeld 50 millionar kroner til ressurskrevjande tenester og integreringstilskot til flykningar på 19,7 millionar kroner. I tillegg får me mellom anna statstilskot til introduksjonsordninga for flykningar, auka lærartettleik og rente- og avdragskompensasjon.

På grunn av forventet nedgang i talet på flykningar framover, har me budsjettert integreringstilskotet til 12,6 millionar kroner i 2023 dvs. ein nedgang på 7,1 millionar kroner frå 2020.

Kommunen har ansvar for fleire interkommunale tenester, jf. kapittel 8.2, og betaling frå samarbeidande kommunar og refusjonar frå fylkeskommunen er budsjettert til 24,7 millionar kroner.

Kommunen har ein frikraftavtale med Lyse etter salet av Maudal kraft. Krafta vert brukt i eiga verksemd i kommunen. Verdien som i 2020 er budsjettert til 2 millionar kroner, vert likevel inntektsført som frikraft og utgiftsført slik at kommunen sitt energiforbruk kan samanliknast med andre kommunar. Inntekter på 1,6 millionar kroner frå kommunen sine justeringsrett-savtalar med private utbyggjarar er også inntektsførde her.

Finansinntekter

Det er budsjettert med eit rentenivå på 2,1 % i heile perioden. Det er usikkert om renta skal vidare opp eller om den er på topp nå. Me har derfor valt å budsjettere med same rentenivå i heile perioden. Dei same føresetnadane er også nytta på finansutgiftene.

Etter signal frå Lyse er utbytte budsjettert til 35,2 millionar kroner i 2020 og aukande til 39,4 millionar kroner i 2023.

Kommunen har ved utgangen av august 2019 plassert 12,9 millionar kroner i aksjar for å oppnå høgare avkastning enn bankrenter.

3.2.2 Utgiftsføresetnader

Lønns- og prisutvikling

Kalkulert prisvekst på kommunale tenester er, som i statsbudsjettet, sett til 3,1 %.

Lønnsveksten er forventa å verta på 3,6 %. Tenesteområda har fått full kompensasjon for lønnsvekst, men berre delvis for prisveksten.

Pensjonskostnader

Pensjonspremien er usikker. Størrelsen er avhengig av framtidig lønns- og grunnbeløpsvekst. Premien er ikkje minst avhengig av avkastninga i pensjonsordninga. I 2020 har me budsjettert med 13,25 % for lærarar, 18,5 % for sjukepleiarar og 18 % for andre kommunalt tilsette.

Frå 2020 blir det i kommunal pensjonsordning opptent rettar til ny AFP-ordning (tidlegpensjonsordning). Det betyr at kommunen i nokre år framover må betale for både gamal AFP-ordning og avsetning til ny. Det kan bety at kostnaden blir noko høgare enn det me har budsjettert.

Premiefondet er ved utgangen av fjoråret på 44,2 millionar kroner. Premiefondet får tilført midlar når avkastninga i pensjonselskapet blir høgare enn garantert rente. I tillegg vil ny offentleg pensjonsordning som blir innført frå 2020, frigjera pensjonsmidlar som då blir avsett til premiefond. Me budsjetterer med å bruka 14 millionar kroner av premiefondet i 2019 og 44 millionar kroner i heile perioden. Premiefondet kan bare nyttast til å betale pensjonskostnader.

I statsbudsjettet for 2020 er det rekna med at kommunane skal spare 450 millionar kroner på reduserte pensjonskostnader. Dette gjeld auka premieavvik som blir inntektsført i 2020 og tilbakeført dei sju neste åra. Time kommune fører premieavviket på eit år. Premieavvik i 2020 skal tilbakeførast i 2021 og me må derfor setja av summen til disposisjonsfond for å kunne bruka midlane i 2021, sjå punkt 7 under forslag til vedtak i kapittel 9. Time kommune får derfor ingen effekt av den kalkulerte reduksjonen i pensjonskostnader.

Tilskot til private barnehagar

Tilskotet for 2020 til private barnehagar er basert på rekneskapen for 2018 og justert for forventa prisvekst for to år. Kommunen kompenserer dei private barnehagane for alle former for statleg innførte reduksjonar i betalingssatsar som søskenmoderasjon, gratis kjernetid for 3-5 åringar og redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar.

Tilskotsveksten per barn i private barnehagar aukar med 3,0 % frå 2019 til 2020. Tilsvarende vekst i fjor var 4,8 %.

Finansutgifter

Samla lån er ved utgangen av 2019 på 1441,5 millionar kroner. Me har sikra renta på om lag 31 % av låneportefølja, 24 % vert dekkja av utlånsrenter og 18 % vert dekkja av eigedomsavgifter og andre refusjonar. Likevel vil renteauken i 2019 føre til auka netto rentekostnader.

Låneopptak til investeringar vert nedbetalt på 30 år. Låneopptak til vidareutlån (startlån) vert også nedbetalt over 30 år.

Lønnsreserve

Det er for 2020 sett av 19,9 millionar kroner i lønnsreserve. Det er budsjettert med ein årslønnsvekst på 3,6 %. Reserven skal dekke lokale forhandlingar i 2019 og neste års lønnsoppgjer.

3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse

Omprioritering og effektivisering

Regjeringa har i statsbudsjettet lagt opp til eit effektiviseringskrav på 0,5 % årleg. Det utgjer for Time om lag 6 millionar kroner i årlege omprioriteringar og effektivisering.

I framlagt budsjettforslag er det innarbeidd tiltak for over 9 millionar kroner som er omprioriterings- og effektiviseringstiltak. I tillegg kjem endringar for å tilpasse tilbodet til endra etterspurnad når det gjeld flyktningtenester, Bryne kompetansesenter, barnehage og sosialhjelp.

Overføring til investering

Kommunen har som målsetting å setja av 2 % av sum skatt og rammetilskot til finansiering av investeringane. I framlagt økonomiplan er det avsett mellom 0,8 % og 1,1 % til delfinansiering av investeringane.

Økonomiske nøkkeltal

Det vart saman med budsjettvedtaket i desember 2018 fatta vedtak om nye økonomiske måltal for berekraftig utvikling i Time kommune. I tabellen under er vedtatte måltal vist saman med kva rådmannen har lagt inn i økonomiplanen for 2020-2023.

Finansielle nøkkeltal i økonomiplan 2020-2023	Vedtatte måltal	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Overført til investering	2,0 %	0,8 %	1,0 %	1,1 %	0,8 %
Netto driftsresultat	1,5 %	0,0 %	0,3 %	0,6 %	0,3 %
Disposisjonsfond	min 6%	3,6 %	3,5 %	3,5 %	3,5 %
Netto lånegjeld betalt av frie inntekter	max 60%	62,6 %	66,8 %	70,0 %	65,1 %
Lånefinansiering av investeringane	max 50%	41,9 %	57,2 %	66,9 %	48,5 %

Det framlagte budsjettet, utan å ta inn eigedomskatt frå 2021, viser eit netto driftsresultat som er mellom 0 % og 0,6 %. Disposisjonsfondet blir frå eit lågt nivå redusert til 3,5 % frå 2021 i staden for å bygge opp mot målsettinga om 6 %.

I denne perioden ser rådmannen seg derfor tvungen til å enten auka inntektene eller å ta ned planlagde investeringar og redusera driftsutgiftene ytterlegare.

Netto driftsresultat

Me budsjetterer med eit netto driftsresultat på -0,1 millionar kroner i 2020. I resten av perioden ligg driftsresultatet mellom 4,7 og 7,9 millionar kroner.

Langsiktig gjeld	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
Nye lån	131,8	100,0	160,4	163,3	167,9	66,9
Avdrag	61,4	63,8	67,9	73,4	78,7	82,5
Brutto gjeld 31.12.	1 405,3	1 441,5	1 534,0	1 623,9	1 713,1	1 697,5
Ansvarleg lån Lyse	116,6	110,8	105,0	99,2	93,4	87,6
Husbanklån til utlån	227,2	240,2	253,2	265,2	276,2	287,2
Ubrukte lånemidlar	18,5					
Netto gjeld 31.12.	1 043,0	1 090,5	1 175,8	1 259,5	1 343,5	1 322,7
Avløp, vassverk, renovasjon	181,4	199,4	247,1	273,4	310,8	354,1
Kompensasjon skulebygg	47,1	42,2	38,6	34,8	33,0	31,2
Eldrereform	24,9	23,3	27,4	25,8	24,2	22,6
Netto renteberande gjeld 31.12.	789,6	825,6	862,7	925,5	975,5	914,8
Folketall 31.12.	18 795	19 018	19 200	19 403	19 728	20 081
Netto gjeld per innbyggjar i kr	55 493	57 340	61 240	64 913	68 101	65 868

Kommunen har hatt store investeringar og har høg gjeld per innbyggjar. Gjelda fortset å auka dei første åra i økonomiplanperioden. Netto rentebærande gjeld i forhold til driftsinntekter ved utgangen av 2018 var på 57 % og av tabellen om økonomiske måltal ser me at denne har auka til 70 % ved utgangen av 2022.

Kommunen står dei første åra føre store investeringar i overvasstiltak for å sikra mot flaum, utbygging av ungdomsskule og idrettshallar i Vardheia samt ny idrettshall og ny symjehall på Bryne.

I tillegg til oppstillinga ovanfor har interkommunale selskap teke opp gjeld som kommunen hefter for. For Time gjeld dette i særleg grad IVAR (interkommunalt vann, avløps- og renovasjonsverk).

Kommunen har dei siste åra auka utlånsportefølja ganske mykje. Me har i dag små problem med innkrevjing av renter og avdrag. Når bustadane blir selt, dekker salssummene startlånet.

Kommunen har budsjettert med store utbytte frå Lyse. Lyse har i dag fleire bein å stå på. Kraftproduksjonen utgjer ein minkande del av selskapet si samla verksemd. Me har budsjettert med at Lyse utbetalar 600 millionar kroner i utbytte for 2020 og at dette aukar jamt kvart år til 660 millionar kroner i 2023. Time kommune sin del av utbytte er på 5,832 %.

4 Folkehelse

4.1 Status og utfordringar

God folkehelse vert skapt gjennom god samfunnsutvikling. Det er ei rekke forhold som påverkar helsa til innbyggjarane, som arbeid, utdanning, bustad, fysisk og sosialt miljø. Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunne planleggja og gjennomføra effektive tiltak.

Kommunestyret godkjente i 2018 «Folkehelseprofil for Time kommune 2018-2021». Folkehelseprofilen har fem prioriterte område som skal inn i plan – og tiltaksarbeid på tvers av kommunalområda.

Utfordringar	Prioriterte område
Aukande førekomst av psykiske plager og lidingar, spesielt blant unge Fråfall i vidaregåande skule Høg del unge uføre	Psykisk helse
Aukande grad av unge i låginntektsfamiliar Aukande sosiale helseforskjellar Høgare del sosialhjelpsmottakarar 20-66 år enn nabokommunar, fylket og landet	Inntektsskilnadar
Utrygge skulevegar	Skulevegar
Størst auke i den eldste delen av befolkninga	Eldreressursen
Låg dekningsgrad av nærturterreng og naturområde Låg fysisk aktivitet blant innbyggjarane generelt Aukande førekomst av overvekt og fedme	Aktivitetsmangfald

For å kunna imøtekoma utfordringane som kjem fram av folkehelseprofilen er det avgjerande at tenestemråda samskaper på tvers, og er villige til å sjå på tiltak som kan medføra at ein må jobba på nye måtar.

Kommunen er med i eit nasjonalt folkehelseprogram der satsingsområdet er psykisk helse og barn og unge. Prosjektet i Time har fått namnet «Laget rundt lærarane og eleven» og det er tenestemrådet Oppvekst som er ansvarleg. Prosjektet er finansiert med både kommunale midlar og statleg støtte i perioden 2019-2023. Prosjektet har fokus på samarbeid og utnytting av felles kompetanse til beste for elevane og lærarane.

Kultur- og fritidstilbodet til eldre skal styrkast ved betre koordinering av tilboda ved Sivdammen velferdssenter, Sivdammen catering og Frivilligsentralen. Time har brukt

prosjektmidlar til å oppretta ein frivilligkoordinator i 15 % stilling på institusjonane. Eldre er ein ressurs som har mykje å bidra med når det gjeld frivillig arbeid. Time kommune er med i KS-nettverket «Aldersvennleg samfunn». Nettverket har fokus på kva me som samfunn kan gjera for at kvar enkelt skal kunne bruka ressursane sine.

Tett oppfølging gjennom bruk av Kvalifiseringsprogrammet gir god overgang til arbeid for brukarar som står langt frå arbeidslivet.

Kommunen ønsker å samarbeida med næringsliv, frivillige lag- og organisasjonar og andre institusjonar om folkehelseiltak. Som eit eksempel har kyrkja invitert kommunen til samarbeid om folkehelsearbeidet. Slike initiativ er kommunen svært glade for, og dette er noko me ønsker å fylgja opp.

Det skal innafør alle tenesteområda vera tiltak som omhandlar utfordringar som kjem fram av folkehelseprofilen. Dette er merka med «Folkehelse».

4.1.1 Barnefattigdom

Time har færre unge i låginntektsfamiliar enn snittet i Rogaland og landet elles. Samtidig har det vore ei auke i kommunen dei siste åra. Siste status for barnefattigdom er frå 2017, og Time har 303 barn i denne kategorien i 2017. Utvikling siste åra har vore slik: 2016: 242; 2015: 233; og 2014: 184¹. Arbeidsledige, aleineforsørgjarar og flyktingar er særleg utsette grupper. Det er forventa at tala går ned framover i takt med reduksjon i arbeidsløysa og færre nye flyktingar. Talet på arbeidsledige i Time er 1,9 % i august 2019, dette er same nivå som før oljekrisa. Resultat av barnefattigdom kan vera utanforskap frå viktige sosiale arenaer som bursdagar og fritidsaktivitetar.

Det viktigaste verkemiddel for å redusera barnefattigdom er å få føresette som ikkje er ein del av arbeidslivet, ut i jobb. Samtidig skal kommunen bidra til å gje alle barn ein best mogleg barndom, uavhengig av føresette si inntekt. Eit satsingsområde for NAV Klepp-Time er å få unge sosialhjelpsmottakarar og flyktingar ut i jobb. Kontoret har fått særskilt statsstøtte til eit prosjekt knytt til dette arbeidet.

¹ Tala er henta frå Barne-, ungdom- og familiedirektoratet, under barnefattigdom.no

Tiltak som kommunen har per i dag:

- Opplevelseskort. Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå kommune som gir gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV administrerer og finansierer ordninga. Totalt 50 kort per kommune, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Tilbod om eit gratis medlemskap i eit idrettslag, samt utstyr til barn av sosialhjelpsmottakarar
- Redusert foreldrebetaling i barnehage for låginntektsfamiliar
- Gratis kjernetid i barnehage for 2-5 åringar i låginntektsfamiliar
- Utstyrssentral for friluftssport – og idrettsutstyr
- Leksehjelp på biblioteket i samarbeid med Bryne Røde Kors
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med Rosseland Ballklubb for å inkludera barn og unge i idretts – og fritidsaktivitetar i heile kommunen
- Kommunen brukar årleg 25 millionar kroner til startlån og 1,5 millionar kroner i etableringstilskot for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Bustønad til låginntektsfamiliar med barn er styrka i tråd med statsbudsjettet
- Eigen iPad til alle elevar

NAV gir i tillegg støtte til ulike tiltak til barn og unge ut frå individuell vurdering.

I økonomiplan 2020-2023 er det foreslått følgjande nye tiltak:

- Redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar for barn på 1. og 2. trinn i SFO

Tiltaka er plasserte i dei respektive tenestoområda.

4.2 Mål for langtidsperioden

- Psykisk helse: færre elevar skal rapportera om psykiske plager og lidingar i neste UngData-undersøking.
- Inntektsforskjellar: Innbyggjarar skal kunna bruka allmenne tilbod i kommunen uavhengig av inntekt.
- Skuleveg: Alle elevane skal ha ein trygg skuleveg.
- Eldreressursen: Minst 50 % av innbyggjarane over 70 år skal vera med på frivillig arbeid.
- Aktivitetsmangfald: Aktive innbyggjarar i nærmiljøet

5 Tenester

Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2019-2020
Oppvekst	464 833	475 710	494 273	490 021	491 884	494 422	3,9 %
Omsorg	289 353	289 419	305 160	305 474	308 119	310 779	5,4 %
Samfunn	187 202	180 918	182 705	184 367	183 300	188 800	1,0 %
Stabstenester	67 490	71 753	68 390	69 128	68 728	69 328	-4,7 %
Sum netto driftsutgifter	1 008 878	1 017 800	1 050 528	1 048 990	1 052 031	1 063 329	3,2 %

5.1 Oppvekst

Tenesteområdet skal gje opplæring, driva førebygging, og gje hjelpe- og støttetiltak, slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre. Tenesteområdet omfattar helsestasjonsteneste, barnevern, 9 kommunale barnehagar, 11 private barnehagar og 1 open barnehage, 5 barneskular og 1 1-10 skule med skulefritidsordning (SFO), 3 ungdomsskular, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), kulturskule, Bryne kompetansesenter (språkstasjon, vaksenopplæring) og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT).

5.1.1 Status og utfordringar

Endringar i folkevekst og demografiske endringar har gitt og vil gje dei største utfordringane knytt til dimensjonering av tenestene. Både fødselstal og netto innflytting er endra frå det som tidlegare vart lagt til grunn. Kommunen vil i komande periode ha overkapasitet i barnehagane, og fortsatt nedgang i barnetal utfordrar kommunen sine økonomiske rammer.

Skulane vil òg verta påverka av endringa i folkeveksten, men endringane kjem ikkje med ein gong. Hausten 2020 vil det foreløpig siste store barnekullet starta i skulen. Deretter vil endringane slå ut i reduserte elevtal.

Bemanningsnorm, pedagognorm, lærarnorm og statleg pålegg om iverksetting av intensivkurs på 1.-4.trinn er isolert sett positivt, og bidreg til auka kvalitet i barnehage og skule. Utfordringa med så sterke statlege føringar er at barnehagane og skulane vert overstyrt når det kjem til disponering av sine tilgjengelege ressursar.

Både barnehagane og skulane har stort behov for å få etablert fullelektroniske barne- og elevarkiv. Dette må koplast til kommunens eksisterande arkivløyning. Det er naturleg å starta med elevarkiv på skulane i 2020, og knytta det til det skuleadministrative systemet VISMA Flyt skule.

I revidert budsjett for 2019 vart tenesteområdet Oppvekst tilført ressursar knytt til barnehage og barnevern. Dette for å sikra finansiering av lovpålagte oppgåver. Desse ressursane vert vidareført i økonomiplanperioden. Vidare vert det lagt inn ressursar for å finansiera kostnader kommunen har til spesialundervisning for elevar frå Time som går på skule i andre kommunar og i private skular.

Dreia bruk av eksisterande ressursar og reduksjon i kommunale inntekter, fører til at kommunen må gjere strukturelle grep. For tenesteområdet Oppvekst medfører det ei delvis forskotering av arbeidet som er planlagt gjort gjennom revisjon av barnehagebruksplan og

skulebruksplan. Begge revisjonane har mandat til å synleggjera status etter oppdaterte befolkningsprognosar og føreslå endringar i framtidig barnehage- og skulestruktur som gjer ressurseffektiv drift.

I økonomiplanen foreslår rådmannen følgjande tiltak for å redusera utgiftsbehovet i Oppvekst:

Flytta ungdomstrinnet på Undheim skule til Lye ungdomsskule:

Lye ungdomsskule har ein kapasitet på 180 elevar. Elevtalet er hausten 2019 på 84 elevar og talet vil ut frå prognosane gå litt ned fram mot 2027. Elevtalet på ungdomstrinnet på Undheim er i 2019 på 38 elevar. Prognosane framover i tid viser at talet her vil ligge mellom 40 og 50 elevar. Ei flytting av ungdomstrinnet frå Undheim til Lye vil gje ein reduksjon tilsvarande 2 årsverk, samt noko reduserte driftskostnader. Så må det i tillegg påreknast om lag 200 000 kroner i auka utgifter til skuleskyss på årsbasis. Tiltaket vart utgreia i gjeldande skulebruksplan, og følgjande tilråding vart her gitt: *Ungdomstrinnet på Lye vert større, noko som i følgje funn i Omstilling skule 2017 og forskning har positiv effekt på skulemiljøet. Relevant forskning tilrår ikkje kombinert 1-10 skule, og i tråd med dette vert Undheim ein 1-7 skule.*

Leggja ned Lyefjell barnehage med 40 plassar:

Lyefjell barnehage har 40 plassar. I Lye-området har Vestly idrettsbarnehage ein ledig kapasitet på 65 plasser og kommunen vil kunne tilby barnehageplass til alle barn i Lyefjell barnehage her. Prognosane for kommande periode viser fortsatt nedgang i Lye-området. Nedlegging av Lyefjell barnehage vil gje ei innsparing tilsvarande 1,0 årsverk og noko reduserte driftskostnader.

Leggja ned Brynelunden Opne barnehage:

Leigeavtalen er oppsagt med verknad frå 01.07.2020. Avvikling av Brynelunden Opne barnehage kan føra til auka behov for barnehageplassar. I snitt nyttar omlag 35 føresette tilbodet. Barnehagane har ledig kapasitet til ei eventuell auke i behovet for barnehageplassar. Nedlegginga vil gje ei innsparing på 2,0 årsverk.

Kjøp av tenester frå alternativ til vold (ATV) vert trekt tilbake:

I økonomiplan 2019-2022 vart det sett av ressursar til kjøp av tenester frå stiftelsen Alternativ til Vold. Tiltaket var tett kopla til plan mot vold i nære relasjonar. I revidert budsjett 2019 vart midlane haldt igjen for 2019. Rådmannen foreslår at midlane vert tekne bort i komande økonomiplan. Tiltaket inneber at vedtatt plan mot vold i nære relasjonar må reviderast. Dagens plan baserer seg på ei tett kopling til ATV som ressurs. I tillegg har kommunen valt at planen også skal utvidast til å omhandla heile aldersspennet frå 0 – 70 år. Ny plan må knytast til dei ressursane me allereie har i Time, og omhandla heile aldersløpet.

Felles tiltak – arbeid på tvers

[Strategiplan oppvekst 2016-2022](#) har fem hovudområde som legg føringar på satsinga i Oppvekst:

- Oppvekst i utvikling
- Fleirkulturelt samfunn

- Tidleg innsats
- Oppvekst i informasjonssamfunnet
- Organisasjon og leiing

Strategiplan oppvekst vil bli revidert i første del av komande periode. For å spissa satsingane, vil kommunen i komande periode ha hovudfokus på kapittel 4 – Tidleg innsats, i strategiplanen.

Oppvekst har fokus på samarbeid på tvers av verksemdene for å nytta den samla kompetansen i Time på ein god og ressurseffektiv måte. Det skal vera tett samarbeid med dei andre tenestemråda i kommunen for å fremja eit bra oppvekstmiljø, der organisatorisk inndeling ikkje skal vere eit hinder for samhandling. Både fritidsavdelinga og tenestemrådet Omsorg er vesentlige partnarar.

Arbeid på tvers i Oppvekst betyr at me skal ha brukaren i fokus og nytte kompetansen i dei ulike verksemdene til det beste for brukaren. Barnehagane og skulane er grunntenestane i Oppvekst. Dei skal gje eit allmennpedagogisk tenestetilbod, og er derfor avhengige av tett kontakt med støttettenestane (PPT, Helsestasjon, Barnevern og Time kulturskule).

Målsettinga i heile Oppvekst er å vri tenkinga frå å vere problemfokusert på individnivå, til å verta systemfokusert og gjelde alle. Denne dreininga ser me på som avgjerande for å få til eit gjennomgåande godt oppvekstmiljø for alle barn og unge i Time kommune.

Ein del i dette arbeidet er knytt til SLT (Kriminalitetsførebyggjande tiltak). Denne ressursen skal vera koordinerande på tvers av alle sektorane i kommunen. I komande periode vil organiseringa bli gjennomgått, og ny struktur bli etablert. Utnytting og samhandling mellom allereie eksisterande tiltak i alle sektorar vil vera vesentleg. Kommunen har fått prosjektmidlar til delar av dette arbeidet. Midlane vert nytta i første del av økonomiplanperioden.

Viktige satsingar knytt til tidleg innsats i perioden vil vera:


- Systemretta arbeid i barnehagar og skular. Satsinga inneber fokus på allmennpedagogiske tiltak. PP-tenesta er vesentlig i denne satsinga.

Kunnskapsdepartementet legg fram ei ny stortingsmelding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap hausten 2019. Meldinga skal bygga vidare på stortingsmeldingane *Meld. St. 19 (2015–2016) Tid for lek og læring - Bedre innhold i barnehagen* og *Meld. St. 21 (2016–2017) Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen*. Den skal omfatta både barnehage, skule og SFO, og følga opp forslag og ny kunnskap. Me forventar at meldinga gjer føringar som vert viktige i det systemretta arbeidet me har sett i gang.

- [«Inkluderande barnehage og skulemiljø»](#). Dette er ei statleg satsing. Time kommune deltok i pulje 2 saman med kommunane på Jæren. I komande periode deltek me med 4 barnehagar og 3 skular i pulje 4. Me har tru på at arbeid på tvers av barnehagar og skule og samarbeid med våre nabokommunar gjer oss betre og meir kompetente i arbeidet med å redusera mobbing og krenkingar. Saman med kommunane på Jæren

har me utvikla nettstadane «[Trygt og godt barnehagemiljø](#)» og «[Trygt og godt skulemiljø](#)».

- «Laget rundt læraren og eleven», starta som eit lokalt innovasjonsprosjekt i 2017 med mål om å arbeida førebyggjande gjennom tverrfaglege team på alle skulane. Time kommune fekk våren 2019 tildelt 6,9 millionar kroner i prosjektmidlar knytt til nasjonal folkehelsesatsing til prosjektet for perioden 2019 - 2023. Prosjektet vert fulgt av forskning gjennom VID vitskapelege høgskule.
- Etablering av verktøyet BTI (Betre tverrfagleg innsats), som er ein modell som skal sikra best mogleg samhandling mellom dei ulike tenestene. Arbeidet starta i 2019, og målsetting er å koma i gang med å implementera i verksemdene og blant brukarane frå hausten 2020.



Nivå 3: Beskriver mer omfattende tverrfaglig samarbeid mellom flere tjenester.

Nivå 2: Beskriver enkelt tverrfaglig samarbeid mellom fortrinnsvis to tjenester

Nivå 1: Beskriver innsats innenfor hver enkelt tjeneste

Nivå 0: Avklarer om det er grunn til bekymring.

Barnehage

Per 15. desember 2018 var det 1182 barn i barnehagane i Time kommune. Tal frå august 2019 syner ein nedgang på omlag 35 barn. Ny nasjonal teljing er 15. desember 2019. Det har dei siste åra våre ein reduksjon i talet på barn i kommunale og private barnehagar. Framskriving av barnehagebehovet i planperioden viser fortsatt ein nedgang før talet stabiliserer seg. Me vil i følgje prognosen få ein liten vekst mot slutten av perioden. Framskrivinga baserer seg på høgare fødselstal enn i 2019. Kommunen vil ha god kapasitet på barnehageplassar i heile planperioden.

I satsinga på tidleg innsats og auka kvalitet i barnehagesektoren, har Time kommune i [Kvalitetsplan for barnehagane 2017-2022](#) ei målsetting om at 50 % av bemanninga skal ha ei pedagogisk utdanning innan 2022. Etter innføring av ny pedagognorm i 2018, ligg dekningsgraden nå på 46 %.

Oppfølging av nasjonal bemanningsnorm inneber maks tre barn per tilsett når barna er under tre år, og seks barn per tilsett når barna er over tre år. Norma skal óg følgjast når det er ferie og anna frávær i barnehagane.

Utviklingsarbeid

Barnehagane er aktivt med i felles satsing kring tidleg innsats i Oppvekst spesielt, og Time kommune generelt. I tillegg skal barnehagane dei neste 2,5 åra ha felles fokus på ei lokal satsing «Barns trivsel». Satsinga vil ha 3 fokusområder; lek og læring, medverknad og inkludering.

Vidare vil barnehageområdet satsa på å etablere to Marte Meo praktiskar barnehagar i 2020. Praktiskar barnehagane arbeider systematisk med rettleiing gjennom film og tilbakemelding på eigen praksis. Målet med satsinga er at ein gjennom systematisk arbeid vil styrka personalet sin kompetanse innanfor relasjon og utviklingsstøtte.

Regional ordning for kompetanseutvikling

Time kommune er ein del av region sør (Sandnes, Jæren og Dalane) i den nasjonale ordninga. Staten har lagt opp til ein modell der fylkesmannen, kommunar og universitetssektoren forpliktar seg til eit tettare samarbeid. Målsetninga er å utjevne kvalitetsforskjellar i barnehagane, sørga for å ha eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet, samt å sikra ei meir praksisnær utdanning. Regionen får tilført statlege midlar til dette arbeidet. I tillegg ligg det føringar om at kommunane bidreg med 30 %. Kostnaden for Time kommune vil vera på 100 000 kroner og skal brukast på tiltak i både kommunale og private barnehagar.

Region sør har valt ut to område som ein vil ha fokus på i perioden 2020-2022. Områda er leiing og barnehagebasert kompetanseutvikling.

Time kommune vil i tillegg etablere ei utviklingssatsing saman med Universitetet i Stavanger og kommunane Gjesdal, Klepp og Hå. Hausten 2020 vil me starta eit arbeid som har som målsetting å skapa felles forståing av kva som er føresetnadane for å ha småbarnsavdelingar av høg kvalitet. Me skal óg utarbeida ein felles kunnskapsplattform basert på dette.

Kunnskapsplattforma skal utviklast på grunnlag av forskning og barnehagane sine erfaringar frå praksis. PPT i dei ulike kommunane vil vera viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Spesialpedagogisk hjelp

Talet på barnehagebarn med nedsett funksjonsevne har auka dei siste åra. Barn som har rett til spesialpedagogisk hjelp i Time kommune ligg på 3,8 %, noko som er over det nasjonalt nivået som er 3,2 % (henta frå siste offentlege telling desember 2018). For 2020 er det derfor lagt inn ei auka ramme på 1,7 mill for å få eit meir realistisk budsjett.

På kommunalt nivå vert det jobba systematisk saman med PPT for å redusera talet på barn med enkeltvedtak. Me har målsetting om å liggja på nasjonalt nivå. For å nå målsettinga må ein sjå på fleire faktorar. Det er viktig å identifisera drivarar til auken på området. I tillegg ønskjer ein å redusera talet på enkeltvedtak, slik at me i større grad gjer støtte til eit meir tilrettelagt barnehagetilbod, for både enkelte barn og barnegrupper.

Time kommune vil i komande periode fortsatt jobba med desse problemstillingane saman med dei andre kommunane på Jæren.

Trygge barnehagar

I 2020 vil ein kartleggja dei kommunale barnehagebygga med tanke på om dei i tilstrekkeleg grad er tilrettelagde for å kunna førebyggja ulykker, vald og seksuelle overgrep. Eventuelle tiltak av kartlegginga må innarbeidast i komande økonomiplan.

Undervisning

Det er 2605 elevar i Timeskulane – ein auke på 39 elevar frå i fjor. Nye prognosar viser fortsatt vekst, men at veksten er lågare enn tidlegare prognosar. Ei utfordring som vil verta del

av, og søkt løyst, i Skulebruksplanen som skal utformast i 2020, er kapasiteten på Bryne og Rosseland skule.


Time kommune kjøper tenester frå Klepp kommune for bruk av Eirik Raude-senteret. Avtalen inneber at me har ressursar tilsvarande 4 av 9 årsverk ved senteret. Fram til no har desse ressursane vore synleggjort som årsverk i budsjettet for undervisning. I rekneskapen er det vist som kjøp av tenester. Dette inneber at talet på årsverk i undervisning vert redusert med 4.

Vardheia ungdomsskule, med fleirbrukshall og turnhall, vil gje ein kapasitetsvekst for 225 elevar i Bryne sentrum. Bygginga av skulen er sett i gang, og skulen skal stå ferdig i 2021. Det vil bli lyst ut rektorstilling i oktober 2020 med oppstart frå januar 2021.

Stortinget vedtok i 2017 at det skulle innførast ei lærarnorm på skulenivå. Denne er frå skuleåret 2019-2020. 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn, og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Kommunen får tildelt ressursar gjennom rammeoverføringane frå staten knytt til norma. Tildelinga skjer ut frå gjennomsnitt for kommunen, samstundes som kommunen må sikra normkrav på den einskilde skulen. Dette gjer ei utfordring i forhold til skular av ulik størrelse og moglegheit til å utnytte kapasitet. Fordelinga knytt til lærarnorm begrensar kor fleksible skulane kan vera med ressursane. Denne utfordringa er noko av årsaka til at komande revisjon av skulebruksplan mellom anna skal omhandle tiltak knytt til framtidig skulestruktur.


Time kommune vedtok i 2019 å gjera Jærskulen til eit permanent samarbeid. Arbeidet i Jærskulen vil verta spissa i perioden, og skal sikra godt og fagleg forankra utviklingsarbeid. (Sjå avsnitt om utviklingsarbeid lengre ut i økonomiplanen).

Spesialundervisning



Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning i Time kommune har gått frå 9,5 % i skuleåret 2014/2015 til 6,4 % i 2018/2019. Dersom ein inkluderer spesialundervisninga i private skular er denne på 6,6%. Grafen syner at nedgangen i dei kommunale skulane har vore størst på mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Dette er eit resultat av arbeid over fleire år. Målet er å leggja til rette for ei tilpassa opplæring som medfører at færre elevar har behov for sakkunnig vurdering og vedtak om spesialundervisning. I dette er det også eit mål å setja inn

ressursar tidleg som eit verkemiddel for å unngå aukande behov. At nedgangen for småtrinnet ikkje er like stor er eit uttrykk for at dette vert gjort.



Tabellen er henta frå SSB (KOSTRA) og omhandlar elevar både i kommunale og private grunnskular tilhørande Time kommune. Talet på elevar som får spesialundervisning har

gått ned frå 6,9% i 2017 til 6,6% i 2018. Samstundes har timetalet pr. elev gått opp med 7 timer. Samanlikna med nabokommunane våre, er forskjellane blitt mindre enn tidlegare år.

Utviklingsarbeid

«Laget rundt læraren og eleven»

Prosjektet starta opp hausten 2017 som eit resultat av funn i det tidlegare innovasjonsprosjektet «Samhandling for auka gjennomføring i vidaregåande skule 2015-2017». I prosjektet utfordrar me gjennom tverrfagleg samskaping eksisterande rollar for å finna og testa ut tiltak som verkar førebyggjande og som kan bidra til målet.

- Det kortsiktige målet med prosjektet er å finna og testa ut tiltak som bidreg til at fleire elevar enn i dag opplever fagleg mestring og god psykisk helse.
- Det langsiktige målet er at dette skal forsterka og føra til at fleire elevar fullfører vidaregåande skule.

Bryne ungdomsskule og Bryne skule var dei to første skulane inn i prosjektet. Våren 2019 blei Rosseland skule inkludert i prosjektet, og med ytterlegare tilgang på ressursar via folkehelsemidlar utvidar me hausten 2019 med Frøyland skule, Frøyland ungdomsskule og Hognestad skule. Våren 2020 vil alle Timeskulane vera med, og etter kvart testa ut tiltak ut frå analyse av behov på eigne skular.

Det er tilført nye ressursar for å gjennomføra prosjektet, men eit viktig moment er at ein på skulane også skal bruka eksisterande ressursar på nye måtar. Det er ei forventning om at tid og ressursar vert nytta til å forsterka systemarbeidet på skulane. Dette er eit endringsarbeid som medfører at ein må tenkja og handla på nye måtar som byggjer ein ny kultur.

Forskningsprosjektet «Resilient»

Som del av arbeidet med «Lagt rundt læraren og eleven» vil ungdomsskulane i Time bli del av forskningsprosjektet «Resilient» som eit samarbeid med Universitetet i Stavanger, Jærskulen, Sandnesskulen og Stavangerskulen. Det er innvilga 20 millionar kroner til

prosjektet i perioden 2019-2022. I forskingsprosjektet vil lærarar som deltek vera del av kompetanseutvikling knytt til psykisk helse som del av at dei skal gjennomføra eit undervisningsopplegg på 25 timar med tittelen «Robust» på delar av 8. trinn. Forskingsmiljøet vil følgja desse elevane gjennom ungdomsskulen for å sjå på effektar av dette når dei går i 10. klasse.

Desentralisert kompetanseutvikling

Timeskulen er saman med Jærskulen ein del av region sør (Sandnesskulen, Jærskulen og skulane i Dalane) i den nasjonale ordninga. På lik linje som regional ordning for barnehagane, er og denne ein modell der fylkesmannen, kommunar og universitetssektoren forpliktar seg til eit tettare samarbeid. I region sør er det valt ut to område som det er tett samarbeid om; fagfornyninga og pedagogisk bruk av læringsteknologi. I region sør har ein vore oppteken av å ivareta etablerte strukturar som til dømes Jærskulen sine leiarnettverk. Det medfører at ein har tettare samarbeid med utvalde fagpersonar knytt til ordninga på Universitetet i Stavanger.

Fagfornyninga

Frå august 2020 vil ny læreplan for grunnskulen tre i kraft. Fram til denne vert sett i verk vil det meste av utviklingsarbeidet og tida på skulane verta nytta til å førebu seg på kva dette betyr for innhald og praksis i undervisninga. For Time- og Jærskulen er det pågåande prosessar gjennom desentralisert kompetanseutviklingsordning og møter med to ressurspersonar frå Lesesenteret. Fokus i dette samarbeidet er den nye læreplanen. I partnerskap med desse vert det planlagt og gjennomført dialogar med leiarnettverka, og etter kvart ute på den enkelte skulen.

Pedagogisk bruk av læringsteknologi

Eit av hovudområda i Strategiplan for Oppvekst er «Oppvekst i informasjonssamfunnet». Alle elevane i Time har eigen iPad. Det er nyleg utforma ein felles strategi i Jærskulen for å utvikla elevane sine grunnleggjande digitale ferdigheiter som byggjer på nasjonale strategiar og rammeverk. Det er eit mål at alle leiarane og lærarane våre skal ha profesjonsfagleg digital kompetanse for å innfri målsettingar i komande læreplan. For å få dette til vert det brukt ressursar frå desentraliserte kompetanseutviklingsmiddel i ein toårig periode (2019-2021) på å frikjøpa 2-3 digitale ressurspedagogar (totalt 60% i Time) i kvar av kommunane. Desse vil fungera som ein ressurs og leia faglege prosessar i eigne kommunar.

Som del av Timeskulen si satsing over tid med bruk av teknologi som verktøy for læring har det vore stor interesse frå forskingsmiljøet knytt til dette. Dette har ført til eit samarbeid med Universitetet i Stavanger der Time som prosjekteigar saman med Jærskulen har fått innvilga 7 millionar kroner i perioden 2019-2022 til eit innovasjonsprosjekt i offentleg sektor via FINNUT. Hovudmålet er å utvikla ein forskingsbasert, nettbasert og gratis tilgjengeleg digital didaktisk undervisningsplanlegger for lærarar (DigUp) i samarbeid mellom Universitetet i Stavanger og praksisfeltet.

Barnevern

Alle kommunar skal ha ei barnevernsteneste som utfører det daglige arbeidet etter barnevernslova. Gjennom vertskommunesamarbeid driv Time kommune ei interkommunal

tiltaksavdeling saman med kommunane Klepp og Hå. Tiltaksavdelinga gir tilbod og gjennomfører tiltak retta mot familiar som treng hjelp frå barnevernet. Samla har avdelinga sju årsverk som er finansiert av dei tre kommunane. For å innfri nasjonalt krav er Time kommune knytta til den interkommunale barnevernsvakta i Sandnes. Dette er eit samarbeid mellom Sandnes, Forsand, Klepp, Gjesdal, Hå og Time kommune.

Barnevernstenesta har dei siste åra hatt ei satsing på kompetansebygging. I 2020 vil dei tilsette i barnevernstenesta vera del av «Tenestestøtteprogrammet». Programmet er del av ei nasjonal satsing på utvikling av det kommunale barnevernet. Satsinga er i hovudsak statleg finansiert.

Som ein del av «Omstilling 2017» vart det etablert eit samarbeid mellom barnevernstenesta og familiesenteret. Samarbeidet inneber mellom anna at nokre hjelpetiltak vert lagt til familiesenteret. Familiar som treng bistand av førebyggjande art får hjelp på familiesenteret. Arbeidet fortsett i 2020, kor både hospitering og felles kompetanseutvikling vert grep i arbeidet for å etablera ny praksis.

Barnevernstenesta vert i stor grad påverka av ytre faktorar. Særleg vil talet på plasseringar utanfor heimen påverka kostnadane. Tenesta blei styrka med 2 millionar kroner i revidert budsjett 2019. Tiltaket føreslås vidareført i økonomiplanperioden med 1,1 millionar kroner. Beløpet er justert grunna auka refusjonar.

Barnevernstenesta i Time har lågare bemanning enn snittet for landet. Av denne årsak vart barnevernstenesta i Time i løpet av 2019 tilført midlar tilsvarande 0,5 årsverk frå Fylkesmannen. Den styrka tildelinga frå Fylkesmannen vert vidareført i økonomiplanperioden.

Over fleire år har barnevernstenesta jobba med brukarinvolvering. Dette har vore avgjerande for kvaliteten i tenesta. Nye statlege føringar er tydelege på at brukarane skal vera involvert i større grad enn tidlegare. Dette medfører at prosessar med undersøking tar meir tid men får høgare kvalitet. Time kommune har i høyring til ny barnevernslov signalisert at nokre nye lovforslag vil medføra meirarbeid og meirkostnadar og at dette må følgast opp gjennom statleg finansiering.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Tenesta består av:

- Jordmortenesta, Helsestasjon (aldersgruppa 0-5 år), Skulehelsetenesta (aldersgruppa 5 – 19 år) og Helsestasjon for ungdom (tilbod for ungdom opp til 22 år som bur i kommunen eller går på skule her).
- Familiesenter, som er eit lågterskeltilbod der familien kan få støtte og hjelp til å takla utfordringane i kvardagen.
- Brynelunden open barnehage, som er ein møteplass for barn som er heime med foreldre eller andre omsorgspersonar på dagtid. Avdelinga vert føreslått nedlagt i rådmannens forslag til økonomiplan (jfr pkt 5.1.1 – status og utfordringar).

Time kommune har i dei tre siste åra fått tilskot frå Helsedirektoratet til å auka ressursane for jordmor og helsesjukepleiar i skulehelsetenesta. Tilskotet har ført til heimebesøk innan 3

dagar etter utskrivning frå sjukehuset. Tiltaka er vidareført med forventning om statleg finansiering.

Tilskotet har også vore nytta til å gjennomføre satsinga «Laget rundt læraren og eleven», der helsesjukepleiar er ein nøkkelperson på skulen. Frå 2020 vert satsinga styrka med 0,5 årsverk. I tillegg vert tenesta styrka med ei 4-årig prosjektstilling som blir finansiert av statlege folkehelsemidlar som vart innvilga våren 2019.

Kulturskulen

Kulturskuletilbodet i Time tilbyr undervisning for barn og ungdom opp til 19 år, og fungerer som eit ressurscenter for musikk-, kunst- og kulturfag i kommunen. Nasjonal rammeplan «[Mangfold og fordypning](#)» ligg til grunn for drift og utvikling.

Kulturskulen deltek i Norsk kulturskuleråd sitt «Veiledningsprogram i kulturskuleutvikling». Tidsperioden er januar 2019 til juni 2020.

Barnehageprosjektet «Song og spillopper» er eit nystarta tilbod i samarbeid med barnehagar. Tilbodet, som er bolkevis, er for dei eldste i barnehagar med fokus på musikkfagleg oppleving, læring og deltaking.

Time kulturskule har om lag 600 elevplassar hausten 2019. Dei siste åra har det vore ei stor auke av elevar med framandspråkleg bakgrunn. Kulturskulen ser det som eit resultat av fagtilbodet Fargeglobus og samarbeidet med kompetansesenteret og Alle med-prosjektet. Time kulturskule opplever auke i talet på søknadar. På landsbasis er trenden motsett.

Kulturskulen har utfordringar knytt til lokalisering. Det er naturleg at Kulturskulen sine behov for lokalitetar vil verta tekne opp til vurdering i samanheng med revidert skulebruksplan som skal leggest frem for politisk behandling våren 2020.

I revidert budsjett 2019 vart ramma for Kulturskulen redusert med 0,2 millionar kroner. Denne reduksjonen vert foreslått vidareført i økonomiplanen. For å oppretthalda dagens aktivitetsnivå må kontingenten/foreldrebetalinga aukast noko meir enn prisstigninga.

Bryne kompetansesenter

Opplæringa ved Bryne kompetansesenter (BKS) er delt inn i to område:

- Grunnskuleopplæring for vaksne inkludert spesialundervisning etter opplæringslova
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Time kommune har vertskommuneavtalar om Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak med Klepp kommune og Grunnskuleopplæring for vaksne med Klepp kommune og Hå kommune.

Hå kommune er i tillegg i dialog med Time kommune om utvida kjøp av tenester, noko som kan føre til at BKS overtar verksemda til Hå opplæringscenter frå august 2020.

Reduksjon i talet på flyktningar i alle jærkommunane fører til mindre behov. Statstilskotet vert redusert, og tenestetilbodet på BKS må tilpassast nye føresetnadar i perioden. Det har

vore gjennomført reduksjon i bemanning i fleire omgangar dei siste åra grunna denne reduksjonen.

BKS er del av eit forsøksprosjekt og har fått tilskot i eit treårig prosjekt for å testa ut ei modulstrukturert opplæring for vaksne kalla «Forberedande vaksenopplæring» (FVO) på grunnskulenivå. Formålet er å leggja tilbodet til rette på ein meir fleksibel måte slik at deltakarane kan koma raskare gjennom grunnskulen. I seinare tid har dette medført at fleire elevar har teke fag på grunnskuleområdet samtidig som dei går på norsk etter introduksjonsprogrammet. Dette har ført til behov for å fordela årsverka mellom tilboda på ein annan måte. Samla for 2020 vil det som ein konsekvens av endringa i tilbodet og reduksjon i talet på flyktingar føra til ein reduksjon på 3,4 årsverk i 2020.

I 2020 vert flyktingtenesta, som i dag er en del av tenesteområdet Samfunn, overført til tenesteområdet Oppvekst. Tenesta vert lokalisert og organisert saman med BKS. I løpet av 2020 skal òg flyktingtenestene i Klepp og Time slås saman, samorganiserast og samlokalisert med Bryne kompetansesenter.

Pedagogisk-psykologisk teneste

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) er eit støtte- og hjelpeapparat som greier ut særskilde behov hos barn, unge og vaksne. PPT skal gjennom systemretta arbeid rettleie skular og barnehagar i tilpassing av ordinært tilbod, og gir råd om både allmennpedagogiske og spesialpedagogiske opplæringstiltak.

Time kommune har over tid arbeidd med å endra praksis i tråd med anbefalingane gitt i rapporten «[Inkluderende fellesskap for barn og unge](#)». Målet er å få ned talet på barn med spesialpedagogisk hjelp gjennom å løysa fleire behov gjennom allmennpedagogiske tiltak i barnehagar og skular.

PP-tenesta har ei viktig rolle i innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren og eleven» (jf. kap. 5.1.1). For å følgja opp og setja i verk nye tiltak i satsinga, blir ei 2-årig prosjektstilling i PPT vidareført. I tillegg blir tenesta styrka med ei 4-årig prosjektstilling som blir finansiert av statlege folkehelsemidlar.

5.1.2 Mål for langtidspanoden

«Strategiplan oppvekst 2016–2022» er grunnlaget for satsinga i komande periode. Dei fem hovudpunkta gir ei klar retning for val og prioritering av tiltak i dei ulike einingane.

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte.
Fleirkulturelt samfunn	Skule og barnehage må konkretisera korleis dei skal arbeida systematisk med språkopplæring.
Tidleg innsats	Ha system og rutinar for å identifisera behov og setja i gang tiltak. Ha system og rutinar som sikrar tverrfagleg samarbeid (Folkehelse).

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
	Oppretta avdeling med alternativ tilpassa opplæring (ATO) for barn med store hjelpebehov i grunnskulen. Einingane vektlegg universelle tiltak som skal føre til ein reduksjon av barn med spesialpedagogiske vedtak med 35 %.
Oppvekst i informasjonssamfunnet	Utvikla barn og unge som har eit reflektert forhold til bruk av digitale media (nettvett).
Organisasjon og leiing	Alle einingane i Oppvekst brukar BLT metodikken for å utvikla innovasjonskultur. Tilby og leggja til rette for at verksemdsleiarar kan ta leiarutdanning. 80 % av dei tilsette i Oppvekst har relevant utdanning.

5.1.3 Tiltak i 2020

Felles tiltak i Oppvekst

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak	Samarbeid mellom:
Fleirkulturelt samfunn	Utarbeiding av ny overordna språkplan for barnehage og skule.	PPT, barnehage, skule
Tidleg innsats	Etablering av verktøyet BTI (Betre tverrfagleg innsats), for å ha system og rutinar til å identifisera og setja i gang tiltak for barn i risiko. Delta i statleg satsing med fokus på inkluderande barnehage og skulemiljø. Kommunal ressursgruppe skal utarbeida ein plan for kunnskapsspreiing i alle einingane. Utvida innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren og eleven» i samarbeid med helsestasjonen og PPT på alle skolane (Folkehelse). Utarbeiding av ny overordna språkplan for barnehage og skule. PPT skal saman med fagstab testa ut nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og skolane.	Fagstab Oppvekst Skule, barnehage, PPT Skule, PPT, skulehelse-teneste PPT, barnehage, skule PPT, fagstab
Organisasjon og leiing	Revidering av Strategiplan for oppvekst.	Oppvekst

Barnehagar

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Revidering av barnehagebruksplan
Fleirkulturelt samfunn	Utarbeida informasjon på fleire språk

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
	Barnehagane skal konkretisera korleis dei skal arbeida systematisk med språkopplæring til fleispråklege barn
Tidleg innsats	<p>Satsing i alle barnehagar knytt til tema; leik og inkluderande barnehagemiljø (Del av hovudfokus 2019-22 «Barns trivsel») (Folkehelse).</p> <p>To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktiker barnehagar.</p> <p>Starta opp arbeidet med satsinga «Småbarnsavdelingar av høg kvalitet»</p> <p>Barnehagane Austbø, Ådalen, Trollungane og Espira Ree (privat) startar opp i prosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» (Folkehelse).</p>
Organisasjon og leiing	<p>Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leiing i alle ledd», som er ein del av satsinga i kompetanseplanen for Region Rogaland Sør (ReKomp)</p> <p>Alle barnehagar skal testa BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde.</p> <p>Utarbeida eit felles verktøy til bruk som ein del av tilsyn, saman med kommunane Gjesdal, Klepp og Hå. I 2020 vil ein sertifisera Class rettleiarar i alle dei 4 kommunane på Jæren for å testa om dette kan vera ein metode som sikrar meir lik vurdering av kvalitet etter gitte kriterium.</p>

Undervisning

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<p>Revidera skulebruksplanen.</p> <p>Skulane skal gjennomføra prosessar og setja av tid til utviklingsarbeid som førebuing til at ny læreplan trer i kraft til nytt skuleår.</p> <p>Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet».</p>
Fleirkulturelt samfunn	Konkretisera og samla arbeid som vert gjort på skulane knytt til språkopplæring i eigne dokument.
Tidleg innsats	<p>Ungdomsskulane skal starta opp og delta i prosjektet «Resilient» i samarbeid med Universitetet i Stavanger.</p> <p>Hognestad skule, Bryne skule og Frøyland ungdomsskule startar opp i prosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» (Folkehelse).</p> <p>Lyeskulane + Undheim skule startar opp i innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren og eleven» (Folkehelse).</p> <p>Utarbeida ny overordna språkplan for barnehage og skule.</p>

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i informasjonssamfunnet	Utvalde lærarar på skulane i Time skal vera del av innovasjonsprosjektet «DigUp» i samarbeid med Universitetet i Stavanger. Ta i bruk løysing for digitale elevmapper. Operasjonalisera mål i strategi for pedagogisk bruk av læringsteknologi.
Organisasjon og leiing	Alle skulane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde. Rektorane på alle skulane har teke vidareutdanning i elev- og arbeidsrett. Leiarteama ved skulane skal utforma eigen leiarstrategi for å nå målsettingane i utviklingsarbeidet.

PPT, Barnevern, Time Kulturskule, Bryne Kompetansesenter (BKS,) Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Planleggja framtidig løysing av lokalitetar for kulturskulen. Sjå på framtidige løysingar av lokalitetar for helsestasjonen. BKS må justera drift ut frå aktivitet. Samorganisering av BKS og flyktingtenesta.
Tidleg innsats	PPT skal arbeida meir på systemnivå og ute i organisasjonane. Kompetansen til helsesjukepleiar skal nyttast meir på systemnivå for alle elevane (Folkehelse).

5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Oppvekst Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring 2019-2020
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	
Administrasjon	7 152	7 624	7 631	7 531	7 531	7 531	0,1 %
Pedagogisk psykologisk teneste	6 986	7 879	7 784	7 084	7 084	7 084	-1,2 %
Barnehagar	175 497	175 471	177 628	173 803	174 803	175 803	1,2 %
Undervisning	215 932	226 241	241 956	241 879	242 632	243 840	6,9 %
Vaksenopplæring	2 466	2 212	2 262	2 302	2 302	2 302	2,3 %
Kulturskule	6 436	6 622	6 722	6 722	6 722	6 722	1,5 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	13 247	15 017	14 711	14 711	14 711	14 711	-2,0 %
Førebyggjande arbeid ungdom	778	842	654	1 064	1 174	1 504	-22,3 %
Barnevern	35 969	33 802	34 925	34 925	34 925	34 925	3,3 %
Tenester utanfor ord. kommunalt ansvar	370	0	0	0	0	0	
Sum netto driftsutgifter	464 833	475 710	494 273	490 021	491 884	494 422	3,9 %

5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Styrking av spesialpedagogiske tiltak i barnehage, 1,7 millionar kroner
- Styrking av barnevern, plassering utanfor heimen, 1,1 millionar kroner

- Styrking av kjøp av tenester, spesialundervisning i andre kommunar, 3 millionar kroner
- 2,1 årsverk nye lærarar frå hausten 2020 på grunn av forventa elevtalsvekst
- 0,5 årsverk auke til helsesjukepleiar, knytt til satsinga «Laget rundt læraren og eleven»
- 3,2 årsverk auke Bryne kompetansesenter – grunnskule for vaksne
- 6,6 årsverk reduksjon Bryne kompetansesenter – norsk og samfunnsfag for vaksne
- Nedgang i årsverk i barnehage på grunn av venta reduksjon i barnetala, omfang i kommunale barnehagar uavklart då reduksjonen også kjem i private barnehagar
- 1,0 årsverk reduksjon i Lyefjell barnehage grunna nedlegging og overføring til Vestly idrettsbarnehage frå hausten 2020
- 2,0 årsverk reduksjon i Brynelunden opne barnehage grunna nedlegging frå hausten 2020
- 2,0 årsverk reduksjon i samanheng med flytting av ungdomstrinnet på Undheim skule til Lye ungdomsskule
- Kjøp av tenestar frå Alternativ til Vold tas ut i perioden, 0,4 millionar kroner
- Reduksjon i ramma for Kulturskulen med 0,2 millionar kroner
- Reduksjon i ramma for Helsestasjon, knytt til ekstrahjelp, 0,3 millionar kroner
- Delfinansiering av stilling knytt til SLT via prosjektmiddel i 2020 (0,5 årsverk)
- 5,2 millionar kroner i øyremerka statstilskot inngår frå 2020 i rammetilskotet

5.1.6 Oversikt over personalressursar


Oppvekst	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Administrasjon	7,1	1,0		8,1
Pedagogisk psykologisk teneste	8,9			8,9
Barnehagar	168,1		-3,0	165,1
Undervisning	310,1	2,1	-6,0	306,2
Vaksenopplæring	20,9	3,2	-6,6	17,5
Kulturskule	11,8			11,8
Helsestasjons- og skulehelseteneste	20,2	0,5		20,7
Førebyggjande arbeid ungdom	1,0			1,0
Barnevern	21,8	0,5		22,3
Årsverk i alt	569,9	7,3	-15,6	561,6

5.2 Omsorg

Tenesteområdet omfattar teneste- og samordningskontoret, heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid og institusjonsteneste. Omsorg har fokus på kvalitet i tenestene som vert levert og framtidig tenestebehov. Målet er å utvikla fleksible tenester tilpassa behovet til kvar enkelt brukar innanfor kommunen si økonomiske ramme.

Time kommune har ein høgare kostnad på omsorgstenester samanlikna med kommunar i same KOSTRA gruppe. Hovudårsaka er høgare dekningsgrad (institusjons-/sjukeheimsplasser per innbyggjar over 80 år) og høgare kostnad per institusjonsplass. I tillegg vert det kjøpt eksterne institusjonsplasser som påverkar kommunen sitt høge utgiftsnivå på omsorgstenester.

Hovedfokus i planperioden vert å redusera dekningsgraden og kostnad per institusjonsplass. Samstundes må bemanninga i heimetenesta og heildøgns omsorgsbustader/bufellesskap styrkast. For at kommunen skal ivareta innbyggjarane sine behov frå 2020 og fram mot 2040 er kommunen avhengig av å planlegga og dimensjonera helse-, pleie- og omsorgstenestene. Ein vidareføring av dagens dekningsgrad på sjukeheimsplasser er lite hensiktsmessig for å sikra berekraftige tenester framover. Dette er i tråd med anbefalinga i Drifts- og ressursanalysen som Omsorg hadde i 2018. Oppfølginga av drifts og ressursanalysen vert lagt fram i eiga sak.




Som tabellen over viser, vil Time kommune stå overfor ei gradvis auke i behovet for pleie- og omsorgstenester hos innbyggjarar i alle aldrar. Antall innbyggjarar over 67 år vil verta merkbar høgare frå 2020 mens dei over 80 og 90 år fyrst vil auka rundt 2030.

Som elles i landet merkar Time kommune ei auke i hjelpebehovet til yngre innbyggjarar. Ein av dei viktigaste forutsetningane for god økonomisk styring av kommunale helse- og

omsorgstenester er at kommunen sikrar at tenestene vert gitt etter Beste Effektive Omsorgs Nivå (omsorgstrappa). For å sikra dette har Omsorg oppretta ei ny verksemd, Teneste- og samordningskontoret, som samordnar og tildeler alle omsorgstenester i tråd med omsorgstrappa.

Omsorgstrappa



Målet er at innbygarane skal ta ansvar for eiga helse og livssituasjon, samstundes som Time kommune sikrar at dei med behov får tilstrekkelege helse- og omsorgstenester med rett kvalitet. Omsorg vil i planperioden styrka lågterskeltilbodet for alle brukargrupper med å vri tenestene til det lågaste, forsvarlege trinnet i omsorgstrappa. Dette for å unngå at innbygarane kjem for tidleg inn på institusjon.

I ADM-002/19 vart Heiltidserklæringa for tenesteområdet Omsorg vedteken. Dette arbeidet skal føra til at brukarane får færre å forholde seg til og jamnare fordeling av kompetanse heile døgnet.

Strategiplan omsorg skal reviderast i 2020. Handlingsplanen til eldrereforma, Meld.St.15, «Leve hele livet» vert ein del av strategiplanen.

5.2.1 Status og utfordringar

I KS-015/19 vart det vedteke at rådmannen skal leggja fram ei sak for kommunestyret som inneheld tiltak som kan gjennomførast basert på funn og anbefalingar i rapporten «Drifts- og ressursanalyse innan helse og omsorg». Tiltaka skal sikra rett teneste til rett tid i tråd med omsorgstrappa, samt redusera kostnadene innan helse- og omsorgstenestene for å møte auka behov i framtida.

Fokus framover vert å omprioritera ressursar for å møta framtidens behov. Time kommune må gjera tenestetilbodet føreseieleg for innbyggjarane med tydelege kriterier for tenestene. Reviderte tenestestandardar med kriterier vert lagt fram til politisk behandling i 2020.

Rådmannen skal i løpet av 2020 greia ut framtidige behov for institusjonsplassar og omsorgsbustader med eller utan døgnbemanning.

I LEV-056/18 fekk rådmannen mandat til å greia ut behov og moglegheiter for eit interkommunalt institusjonstilbod for innbyggjarar i Time og Klepp med demens og store skjermingsbehov, samt eit interkommunalt butilbod for eldre innbyggjarar med nedsett buevne på grunn av rus og/eller psykiske vanskar. Resultatet av utgreiinga vert lagt fram i eiga sak.

Omsorg fekk i 2018 410 000 kroner i tilskot frå Fylkesmannen til kommunepsykolog, dette vart overført til 2019. Tilskotet framover vil koma inn i det statlege rammetilskotet. Målet er at kommunepsykologen skal auka kunnskapen og kompetansen innan psykisk helse både hos innbyggjarar og tilsette. Psykologen skal vera med på å skapa gode samarbeidsrutinar på tvers av kommunalområda og tilby eit lågterskeltilbod for innbyggjarane.

Innbyggjardialog, brukarmedverknad og samarbeid med frivillige vert fokus framover. Nokre av tiltaka vert møte med frivillige organisasjonar og lag, årlege foredrag for pensjonistar og vidareføring av frivilligkoordinator i institusjon.

Time kommune er med i eit forskingsprosjekt der det blant anna vert sett på brukarmedverknad for innbyggjarar med demens.


Rådmannen skal i løpet av 2020 greia ut behovet for samarbeidsutval for omsorgstenestene i tråd med Lokaldemokratisk handlingsplan 2018-2020

Alle verksemdene i Omsorg har fokus på ernæring, og det er ønskeleg å kunna fordela fire hovudmåltid jamt utover dagen mot tre i dag. I LEV-038/19 vert rådmannen bedt om å undersøka moglegheita for eit vertskommunesamarbeid om levering av mat til institusjonane. Resultatet av undersøkinga vert lagt fram i eiga sak hausten 2019. Målet er å skapa gode måltidsopplevingar og redusera underernæring. Brukarar skal få næringsrik mat som smakar, luktar og ser god ut. Maten skal vera tilpassa den einskilde sine behov og serverast i ei hyggeleg ramme på fleksible tidspunkt.

Implementering av velferdsteknologi tek lenger tid enn planlagt, og den økonomiske gevinsten har ikkje vorte som forventa. Målet er å implementera dei prioriterte investeringar innan velferdsteknologi og henta ut både økonomisk og kvalitativ gevinst.

Institusjonstenester

Institusjonstenesta har totalt i dag 99 sengeplassar, fordelt på Bryneheimen og Sivdamheimen. 20 av sengeplassane er korttid/rehabiliteringsplasser. I tillegg er vaskeri, dagsenter for personer med demenssjukdom, kreft- og demenskoordinator organisert under tenestane.



Over fleire år har kortids- og rehabiliteringsavdelinga hatt ledig kapasitet. Derfor foreslår rådmannen å leggja ned fem korttidsplasser. Dette vil føra til ei innsparing på omlag fire årsverk. Dette vil verta løyst internt med vakante stillingar og permisjonar, og utan oppseiingar. Rådmannen foreslår samstundes å styrka bemanninga i heimetenesta og omsorgsbustadane. Desse tiltaka vil gje ei netto innsparing på omlag 1,6 millionar kroner.

På sikt vil nok kostnaden per institusjonsplass auka då det er forventa at når dekningsgraden går ned, vil hjelpebehovet på bebuarane gå opp. Viser elles til eiga sak om oppfølging av drifts- og ressursanalysen.

I åra som kjem er det ei forventa auke i behovet for avlasting for pårørande som har ansvar for personar med demens. Dagsenteret for personar med demens, som vert ei lovpålagt teneste frå 2020, må leggja til rette for dette slik at kommunen kan møte behovet. Dagsenter for personar med demens vil nytta tilskotsmidlar frå helsedirektoratet til eit årsverk i 2020. Denne auken vert vidareført i planperioden.


Samhandling

Eit av tiltaka i økonomiplanen for 2019 var å auka belegget på Jæren øyeblikkelig hjelp (JØH). Nytt liggedøgn for Time kommune har auka frå 50 % til 80 % det første halve året i 2019. JØH er eit godt tilbud, og alternativ til sjukehusinnlegging, for innbyggjarar med ei kjent kronisk diagnose som forverrar seg.

Time kommune gir økonomisk tilskot til private lag og foreiningar som yter tenester til innbyggjarane. Det er som eit supplement til det kommunale tenestetilbodet. Dei som har fått tilskot er Veiledningssenteret for pårørande (NKS), Crux oppfølgingscenter, Mental helse Klepp og Time og Stiftelsen Huset, som kommunen har samarbeidsavtale med. Det er budsjettert med årleg tilskot på 311 000 kroner i planperioden. Kommunen har fått fleire søknadar som rådmannen ikkje har prioritert i budsjettet. Dette gjeld søknader frå Blå kors, Kreftomsorg Rogaland, Støttekontaktforeningen Jæren og Pårørandesenter Stavanger.

Heimetenester

Verksemda omfattar heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering, praktisk bistand/heimhjelp, dagsenter og omsorgsbustad.



Det er ei gradvis auke i behov for heimesjukepleie, praktisk bistand og omsorgsbustad. Dette kan sjåast i samanheng med auka tal på eldre innbyggjarar.

For å kunne styrka fleire trinn i omsorgstrappa vil Omsorg auka fokuset på dei førebyggjande tenestane som til dømes kvardagsrehabilitering. Me vil også styrka bemanninga i omsorgsbustadane og heimetenestane. Det vil føra til at fleire kan bu i eigen eller kommunal bustad lenger, og behovet for institusjonsplassar vert redusert. Per i dag har Time kommune 24 omsorgsbustader med heildøgnsomsorg og 15 omsorgsbustader med bemanning dag/kveld med tilsyn på natt. For at desse bustadane skal verta eit reelt alternativ til institusjon vil det vera behov for å styrka bemanninga i planperioden. I 2020 vil rådmannen greia ut det framtidige behovet for omsorgsbustader, bufellesskap og andre bustadtilbod for eldre.

Målet er at velferdsteknologi og effektivisering av drifta skal bidra til å betra kvaliteten på tenestetilbodet. Samtidig må Omsorg sikra rett fagleg kompetanse hos tilsette.

Psykisk helse og rusarbeid

Verksemda har to døgnbemanna bufellesskap, oppsøkjande miljøtenester, Meistringssenter (tidlegare kalla psykisk helse og rusarbeid dag), treningskontakt og lågterskel dagtilbod lokalisert i Svendsenhuset. Frå 01.01.2020 vil avdeling Røyrvika verta organisert under denne verksemda. Ei jamnare fordeling av årsverk i verksemdene vil styrka leing og kvalitet.

Det vart vedteke i KS-011/19 «Revidert budsjett 2019» at ettervernstilbodet i Røyrvika 15 skulle utsetjast grunna store ombyggingskostnader. Det er ei endring i behovet for slike bustader. Rådmannen vil leggja fram ei eiga sak om korleis Time kommune kan driva eit godt ettervern for dei som har vore i langvarig behandling for sine psykiske vanskar og/eller rusproblem.

Omsorg vil sjå på korleis ein kan nytta Svendsenhuset meir effektivt med fleire brukarstyrte aktivitetar. Målet er at fleire vil bruka huset og at innbyggaren sjølv er med på å utvikla tilbodet.

Assertive community treatment (ACT-team) er eit interkommunalt samarbeid med Jæren distriktpspsykiatriske senter (JDPS). Det er eit aktivt oppsøkjande behandlingsteam med spesialistkompetanse. Teamet består av psykiater, psykolog, tre miljøterapeutar og erfaringskonsulent. JDPS dekker 50% av driftsutgiftene, og kommunane Time, Klepp, Hå og Gjesdal deler de øvrige 50%. Det har vore drive med tilskotsmidlar, som er slutt frå 2020. Det vil føra til at Time kommune vil få ei meirutgift på 300 000 kroner.

Meistringssenteret starter no opp med gruppetilbod på ettermiddagane, og endrar opningstidene slik at tilbodet blir meir fleksibelt og tilgjengeleg for innbyggjarane.

Det har vore nokre reduserte behov for helsetenester innafor resurskrevjande tenester. Reduksjonen er lagt inn i budsjett.

Miljøtenester

Verksemda yter tenester for personer med fysisk og/eller psykisk funksjonssvikt, og unge med tilknytings- og åtferdsvanskar med behov for helsehjelp og opplæring i daglege gjeremål. Tenesta består av døgnbemanna bufellesskap, brukarstyrt personleg assistanse, barnebustad, avlastningsheim og tilrettelagt aktivitetstilbod.

Det er eit auka behov for nødvendig helsehjelp og avlastning. I 2019 flytta to born inn i barnebustad. Det auka behovet for tilsette er lagt inn budsjettet. I planperioden vil ein sjå på mogeligheiter for å byggja barnebustad i nær tilknytning til Kvernaland barne- og avlastingsbustad. Time kommune vil då kunna auka kapasiteten på avlastningstilbodet.

Grunne auka bemanning i Foren burettslag bør det byggast om til meir hensiktsmessige lokalar for tilsette. Omsorgsbustadene i Kringlemyr må renoverast.

Alle tilsette i miljøtenesta vil i planperioden få auka den faglege kompetansen gjennom innføring av positiv adferdsstøtte (PAS). Målet med positiv atferdsstøtte er at personer med nedsett funksjonsevne skal oppnå meningsfulle liv og sikre aktiv deltaking i relasjonar, aktivitetar og samfunnet.

Nytt foreldreinitiativ etter modell av Foren burettslag er under utgreiing. Ti pårørande har meldt si interessa for eit slikt tilbod.

Etter ei kartlegging av priser i Time kommune og nærliggande kommunar kom det fram at Time kommune har høgare eigenandel enn andre på aktivitetssenter. Samstundes vert det klart at Time kommune i dag har lågare pris på transport til og frå aktivitetssenter. Rådmannen foreslår å redusera eigenandel på aktivitetssenter og auka pris på transport. Det vert lagt inn kilometertakst som følger statens satsar for anna bruk av kommunale bilar.

Transport vert teke med i dei nye tenestestandardane som vert lagt fram for Levekår i 2020.

Teneste og samordningskontoret

Teneste og samordningskontoret vart etablert våren 2019. Etter ei kartlegging kom det fram at det ville vera behov for 7,5 årsverk inn i ei slik verksemd, inkludert leiar og systemkoordinator i koordinerande eining. Talet på årsverk er i tråd med nasjonale tilrådingar, 0,66 årsverk per tusen innbyggjar. Årsverka er flytta frå dei andre fire verksemdene i forhold til kor mykje saksbehandling kvar verksemd har hatt. Den nye verksemda behandlar søknadar, kartlegg og skriv enkeltvedtak for alle tenestane i Omsorg.

Innbyggjarane har fått *ein* veg inn til omsorgstenestene i kommunen. Samla kompetanse på saksbehandling vil sikra tverrfagleg og heilhetleg vurdering av søknad og teneste. Målet er eit forutsigbart tenestetilbod. Behovet for årsverk i denne verksemda vert kontinuerleg vurdert.

Hovudfokus framover vert å gje tenester etter Beste Effektive Omsorgs Nivå, og ta i bruk hensiktsmessig teknologi.

Velferdsteknologi og digitalisering

Time kommune har saman med Klepp og Lund signert rammeavtale for kjøp av velferdsteknologi. Avtalen gjeld digitale og mobile tryggleiksalarmar, GPS, ulike sensorar og detektorar, kamera, elektroniske dørlåsar, responscenter og velferdsteknologisk plattform. Implementeringa går seinare enn forventa og det kan derfor verta utfordrande å ta inn forventa gevinst (kvalitativ og økonomisk) på velferdsteknologi for 2019.

Digital innbyggardialog startar opp i løpet av 2020. Med hjelp av Digital innbyggardialog kan ein kommune enkelt kommunisera med innbyggjarane på ein sikker og funksjonell måte.

I LEV-004/19 vart det fatta vedtak om korleis Time kommune skulle prioritera følgjande framtidige investeringar innan velferdsteknologi i planperioden:

1. Elektronisk dørlås
2. Logistikk, meir optimale køyreruter og betre kvalitet på tenester
3. Oppgradera pasientvarslingsystem for nokre rom i institusjon
4. Elektronisk medisineringsstøtte i institusjon

I 2020 vil Time kommune implementera mobile tryggleiksalarmar/GPS og digitalt tilsyn i form av sensorar og kamera i tenestane.

5.2.2 Mål for langtidsperioden

- Redusera dekningsgrad på institusjon
- Redusera kostnaden per institusjonsplass
- Auka bemanning i omsorgsbustad og heimetenesta
- Gevinstrealisera velferdsteknologi
- Auka samarbeidet med frivillige (Folkehelse)
- Auka innbyggardialog
- Auka talet på heiltidsstillingar
- Redusera sjukefråveret
- Følgja opp mål og tiltak i tråd med drifts- og ressursanalysen
- Styrka førebyggjande tenester (Folkehelse)

5.2.3 Tiltak i 2020

- Greia ut framtidig behov for institusjon, omsorgsbustader med og utan døgnbemanning
- Gjennomføra brukarundersøking i heimetenestene og Psykisk helse og rus (brukarar)
- Revidera «Strategiplan Omsorg»
- Laga handlingsplan i tråd med Eldrereforma, «Leve hele livet».
- Utvida dag- og aktivitetstilbodet for personar med demens
- Auka tilbodet på Svendsenhuset
- Lage retningslinjer for kommunale bilar i tenesteytinga
- Revidera tenestekriteria
- Greia ut interkommunalt samarbeid innan produksjonskjøkken
- Greia ut behovet for samarbeidsutval for omsorgstenestene
- Implementera digital innbyggardialog
- Implementera mobile tryggleiksalarmar/GPS og digitalt tilsyn i form av sensorar og kamera i tenestane
- Redusera kortids-/rehabiliteringsavdelinga med fem sengeplassar
- Implementera frivilligkoordinator i institusjon i drifta ([Folkehelse](#))

5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Omsorg	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2019-2020
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	4 801	4 981	9 802	10 212	10 212	10 212	96,8 %
Institusjonstenester	91 762	91 648	89 455	87 489	87 789	87 789	-2,4 %
Heimetenester	61 323	61 864	67 357	66 107	67 232	67 232	8,9 %
Miljøtenester	78 107	69 436	76 230	78 430	80 430	82 430	9,8 %
Psykisk helse og rusarbeid	41 550	49 645	51 675	52 595	51 815	52 475	4,1 %
Aktivitets- og servicetenester	8 642	8 475	7 171	7 171	7 171	7 171	-15,4 %
Samhandling	3 168	3 370	3 470	3 470	3 470	3 470	3,0 %
Sum netto driftsutgifter	289 353	289 419	305 160	305 474	308 119	310 779	5,4 %

5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Kommunepsykolog frå 2020, 750 000 kroner
- Fullfinansiering fagarbeidar velferdsteknologi frå 2020, 550 000 kroner
- 1 årsverk dagsenter demente frå 2020, 700 000 kroner
- Utsifting av leasingbilar i 2020, 400 000 kroner
- Drift av barnebustad med 6 årsverk med delvis refusjon frå 2020, 6 millionar kroner
- Auka behov ressurskrevjande tenester 5,7 årsverk, delvis refusjon frå 2020, 3,7 millionar kroner
- Auka betaling for ACT-teamet til JDPS frå 2020, 300 000 kroner
- Fullfinansiering av Krefthoordinator frå 2020, 125 000 kroner
- Styrka dagsenter for personar med demens 1 årsverk 2021, dekkja av tilskot i 2020
- Reduksjon som følgje av redusert ramme for 2020, 1,2 millionar kroner
- Redusert statstilskot for ressurskrevjande tenester frå 2020, 4,7 millionar kroner
- Reduksjon i øymerka tilskot til rus og psykiatri i 2020, 1,8 millionar kroner
- Reduksjon i øymerka tilskot til rus og psykiatri frå 2021-2023, aukar frå 0,2 millionar kroner i 2021 til 1,1 millionar kroner i 2023
- Redusera dekningsgrad og kostnad institusjonsplasser i planperioden
- Reduksjon med 1 årsverk i heimetenesta ved å hente ut gevinst på effektivisering og velferdsteknologi
- Reduksjon i kjøp av tenester, kroner 3,6 millionar kroner

5.2.6 Oversikt over personalressursar

Omsorg	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Administrasjon	4,0			4,0
Tenestekontor	7,5			7,5
Institusjonstenester	123,5	1,0	-5,0	119,5
Heimetenester	72,1	2,5	-1,0	73,6
Miljøtenester	139,3	11,7		151,0
Rus- og psykiatritenester	37,3			37,3
Aktivitet- og servicetenester	4,5			4,5
Årsverk i alt	388,2	15,2	-6,0	397,4

5.3 Samfunn

Tenesteområdet har som oppgave å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Dette blir gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innanfor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopphald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift- og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

5.3.1 Status og utfordringar

Arbeidsledigheita i regionen har gått ned til same nivå som før oljekrisa. Det har i 2019 vore ein klar nedgang i utbetaling av sosialhjelp og det blir arbeidd systematisk med å forsterka dette med fokus på arbeid og aktivitet.

I samband med revisjon av arealdelen til kommuneplanen har kommunen gjennomført eit utgreiingsarbeid for å få eit kunnskapsgrunnlag for overvatn og klimatilpassing i kommunen. Det er ei prioritert oppgave å utføra rettast moglege tiltak for overvasshandtering i heile kommunen, med mest fokus på Bryne der dei største utfordringane er. I arealdelen blir det tatt inn eit handlingsprogram med fleire områdeplanar som skal utarbeidast. Det vil bli nærmare omtalt og prioritert i planstrategien for perioden 2019-2023.

Det pågår eit utgreiingsarbeid i lag med Klepp kommune for å få på plass eit framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i akuttmedisinforskrifta og nasjonal rettleiar og kvalitetsindikatorar for legevakt. Utgreiingsarbeidet syner at legevakt med Sandnes heile døgnet blir om lag 1 million kroner billegare årleg enn å fortsetja ordninga som er i dag med dag/natt på Sandnes og kveld/helg og høgtid på Kleppetunet. Økonomiplanen har ikkje lagt inn den auken som må til for å fortsetja samarbeidet med Klepp.

Ut frå signal frå regjeringa vil Time og andre kommunar ta imot langt færre flyktningar dei næraste åra samanlikna med dei siste åra. I løpet av 2020 skal flyktningtenestene i Klepp og Time slås saman, samorganiserast og samlokalisert med Bryne kompetansesenter.

I 2019 har me saman med vellaget på Lyefjell og Kolumbus vurdert å endra og betra det kollektive reisetilbodet mellom Lyefjell og Bryne. Det føreligg nå eit forslag som me må vurdera nærare i 2020. Forslaget medfører kostnader på mest 400 000 kroner årleg i tre år som det ikkje er funne rom for innanfor dei økonomiske rammene.

Det blir investert betydelege beløp i nye kommunale idrettsbygg/anlegg dei komande åra. Me har i tillegg registrert mange søknader om tilskot til nye og utvida private idrettsbygg/anlegg og kulturbygg, jf. kapittel 7.4. Årleg avsette løyvingar til formåla er om lag 2,5 millionar kroner i planperioden. Nye retningslinjer for tilskotsordninga til private lag og organisasjonar vert lagt fram saman med økonomiplanen.

Samla løyving til kultur- og fritidsaktivitetane er redusert med 250 000 kroner frå 2020. Reduksjonen vil medføra noko redusert verksemd innanfor kultursjefen sitt ansvarsområde og innanfor fritidsområdet.

Framtidig forslag til driftsløysing for Time bygdemuseum saman med Jærmuseet er det ikkje funne rom for innanfor dei økonomiske rammene. Det betyr at bygdemuseet blir avvikla.

Folkehelse

Folkehelseprofil 2018-2021 vart politisk godkjend i 2018. Prioriterte område skal inn i plan- og tiltaksarbeid på tvers av kommunalområda. Profilen skal vera ein del av kunnskapsgrunnlaget for arbeid med ny planstrategi for denne valperioden.

Beredskap

Kommunen skal i 2020 fullføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarteama i dei ulike verksemdene. Rogaland brann og redning IKS skal i perioden innføra nytt oppdragshandteringsverktøy.

Plan og utbygging

Plan og utbygging har ansvar for overordna planar og samferdselsplanlegging, arealplanlegging og alle investeringsprosjekt for bygg og anlegg. Samfunn har arbeidd med rullering av arealdelen til kommuneplanen i heile 2019. Det er venta at dette arbeidet blir ferdigstilt og politisk godkjend i 2020.

«Utbyggingspakke Jæren» vart skrinlagt i 2019. Dette har skapt nye utfordringar, ikkje minst i Kvernalandområdet. Kommunen vil bruka noko meir tid på Kvernaland/Kalberg-områda og utsetja godkjenning av arealplanen for desse områda til sommaren 2020. Andre samferdselsutfordringar, miljøtiltak og eit gang- og sykkelvegnett må løysast i samband med anna planarbeid.

Hausten 2019 er det i alt 26 investeringsprosjekt som pågår innanfor bygg og anlegg. Mange av dei strekkjer seg inn i og også utover 2020. Ny Trollongane barnehage stod ferdig sommaren 2019 og dei første spadetakane til ny felles ungdomsskule, turnhall og idrettshall saman med Klepp i Vardheia, er tatt. I tillegg blir det arbeidd med planar for ny symjehall og idrettshall på Bryne.

Det pågår fleire reguleringsprosessar både i Bryne sentrum og på Kvernaland. Arealdelen til kommuneplanen er saman med sentrumsplanen styrande for arbeidet. Me arbeider med ny gatebruksplan for Bryne, men val av løysingar må skje parallelt med avklaringar rundt framtidig gågate i Storgata og parkeringsløysing for Bryne sentrum.

Samfunns- og landbruksforvaltning


Alt forvaltningsarbeid innan landbruk, byggsak, geodata, veg, trafikk og grøntområde er nå samla i ei ny forvaltningseining. Det er eit uttrykt mål at samordninga av forvaltningssakene skal bli betre for innbyggjarane og dei næringsdrivande. Utfordrande forvaltningssaker skal handterast i positiv og klargjerande dialog med søkarar.

Revidert landbruksplan godkjend i 2017 legg føringar for landbruksforvaltninga. Ny «Jordvernstrategi for matfylket Rogaland» vart godkjend i Fylkestinget i 2019. Målet for Rogaland er at omdisponering av jordbruksareal skal vera under 400 dekar i året. Strategien vil leggja klarare føringar for jordvern i plan- og landbruksforvaltninga. I tillegg vil arbeidet med å gjennomføra godkjend «Tiltaksplan for Håelva» i samarbeid med Hå kommune, samt slutføra arbeidet med «Tiltaksplan for Orrevassdraget» i samarbeid med Klepp kommune ha prioritet dei komande åra. Kommunen har fått prosjektmidlar til å gjennomføra miljøregistreringar av gardsbruk langs Håelva. Arbeidet skal ferdigstillast i første halvdel 2020. Klima og miljø skal synleggjerast og prioriterast i planperioden.

Byggsak og geodata har i hovudsak hatt lik ordremengd årleg over fleire år, og er dimensjonert etter dette framover.

Helse og rehabilitering

Kommunen har, sett under eitt, ledige listeplassar for fastlege på Kverneland, medan det er venteliste på Bryne. Samarbeidsutvalet mellom Den Norske Legeforening og kommunen vil vurdera behov for å oppretta ny heimel på Bryne, med bakgrunn i innspel frå fastlegane i kommunen. Nasjonale og lokale rekrutteringsvanskar tilseier at kommunen mellom anna må tenkja langsiktig for å rekruttera framtidige fastlegar. Kommunen har fått tildelt midlar sentralt med hensikt å oppretta ei såkalla A-LIS stilling (lege i spesialisering i allmenmedisin). Ei slik stilling vil kunne hjelpe på rekruttering til fastlegetenesta. Vurderinga av fastlegeordninga må og sjåast saman med den nasjonale handlingsplanen for å styrka fastlegeordninga som er venta i 2020. Ny spesialistordning for legar i allmennteneste med forskrift frå 01.09.2017 inneber ei omstrukturering av ansvar og oppgåver for kommunen. Økonomiske kostnadar for rettleiing av legar er lagt inn i økonomiplanen.



KOSTRA tal syner at Time har noko lågare fastlegedekning per 10 000 innbyggjarar enn samanliknbare kommunar, og tal for årsverk fysioterapi per 10 000 innbyggjarar ligg noko under.

I langtidsperioden er det foreslått å styrka Frisklivsentralen frå 2021. Frisklivsentralen prøver ut prosjektet «Friskliv Ung Jæren» med målgruppe unge i alderen 16-26 år i 2019. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time og er støtta med midlar frå Fylkesmannen ut 2019. Psykisk helse er hovudfokus for prosjektet, og NAV er ein sentral aktør for rekruttering og samarbeid rundt målgruppa. Frisklivsentralen nyttar om lag 0,25 årsverk til prosjektet i 2019.

Drift av kommunalt hjelpemiddellager er foreslått styrka i 2020 grunna auka utlån, formidling og arbeidsmengde. Det er nasjonal og lokal satsing på at eldre skal bu lengst mogleg i eigen bustad og det krev for mange ei tilrettelegging med hjelpemiddel frå folketrygda. Kommunen er ansvarleg for formidling, montering og reparasjonar av hjelpemiddel. 0,5 årsverk driftsoperatør i egedomsdrifta bidrar til reparasjonar av hjelpemiddel utlånt frå folketrygda. Behov for teknisk teneste til reparasjonar vil vurderast vidare i 2020.

Flyktingtenesta

I åra før den store flyktingkrisa i 2015 busette kommunen frå 20 til 25 flyktingar kvart år på kvote. Dette var føreseieleg for kapasiteten i mottaksapparatet. Under og etter flyktingkrisa har endringar i talet på asylsøkjjarar til Noreg vore stor. I Time førte dette til vedtak om busetjing av 40 personar i 2016 og 2017, 10 personar i 2018 og 20 personar i 2019. Det er noko usikkert kor mange flyktingar kommunen vil få i åra framover.

Grunna nedgangen i talet på flyktingar dei siste par åra, vil det statlege integreringstilskotet bli betydeleg redusert. Dette har framlegg til økonomiplan tatt høgde for ved reduksjon i talet på årsverk. Me legg nå opp til ein mottakskvote på mellom 15 - 20 flyktingar kvart år framover.



For å møta endringane i busetjingstal, vart det i 2018 lagt fram ei felles politisk sak til kommunestyra i Klepp og Time om mogleg samanslåing av flyktingtenestane i dei to kommunane, og samorganisering og samlokalisering med Bryne kompetansesenter frå 01.01.2020. Grunna noko meir førebuingarbeid i Klepp er effektiveringa av samanslåinga nå utsett til innan utgangen av 2020.

I august 2019 sende regjeringa ut forslag til ny integreringslov. Denne skal erstatta introduksjonslova frå 2003. Den nye lova stiller tydelegare krav til den enkelte flykting og til kommunane. Eit krav er å gje flyktingforeldre i introduksjonsprogrammet foreldrerettleiing. Flyktingtenesta har søkt om og fått midlar til dette arbeidet frå barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Prosjektet er i samarbeid med helsestasjonen, og blir gjennomført i 2019 og 2020.

Sosialtenester/NAV Klepp-Time

NAV Time er slått saman med NAV Klepp og blir lokalisert saman på Klepp i november 2019. Det samla kontoret er blitt eit nasjonalt «spyspisskontor» i arbeidet med unge vaksne og overgang til skule og arbeid. Hovudprioriteringar på kommunal side for tenesteeininga blir å fortsetja arbeidet med å redusera talet på unge vaksne som mottar sosialhjelp, og auka

overgangen til arbeid og utdanning for brukarar med minoritetsbakgrunn som mottar sosialhjelp.



Begge tabellane over viser høgare tal enn ønska, og tala gjekk noko opp i første halvår av 2018. Siste halvår gjekk tala noko ned igjen og dette har fortsatt inn i 2019. Differansen mellom Time og Klepp/Hå i den første tabellen og Klepp/Sandnes i den andre viser at det er potensiale for ytterlegare reduksjon og overgang til arbeid med rett og tilstrekkeleg innsats. Løyvingane til sosialhjelp er som følgje av den gode utvikling i 2019 redusert med 2,4 millionar kroner i 2020.

Kultur

Kommunestyret vedtok i 2019 ny «Kulturplan 2019-2027 – Time kommune». Planen har tre satsingsområde: Nye Storstova, «Haugtussa-veka» – ei vidareutvikling av Garborgdagar, og «Kulturstiar i Time» – tilrettelagde turar med kunst og kultur av høg kvalitet. Norsk kulturforum kåra i 2019 Time som Årets kulturkommune i Rogaland. Den nye kulturplanen skal inspirera, motivera og gje retning for arbeidet med å vidareutvikla kulturkommunen Time.

Det vart i 2019 gjort enkelte bygningsmessige utbetringar av Storstova. I tillegg vart ein del av utstyret oppgradert. Det vart også innført ei ny ordning med husleigetilskot for lokale lag og organisasjonar, for å stimulera til auka bruk. I 2020 skal det leggjast fram sak om val av konsept for Nye Storstova – skal huset, som er om lag 50 år, renoverast og byggjast ut, eller skal det planleggjast for nybygg, og med eller utan nye lokale til kulturskulen?

Bryne kino er framleis i etableringsfasen for det nye kinosenteret. Det blir fortløpande gjort tilpassingar av drifta basert på marknadsmessige erfaringar og tilbakemeldingar frå brukarar. Kinosalane er også attraktive som arena for møte, konferansar osb. Marknadsføring av dette tilbodet står på planen for 2020 og framover.

Time bibliotek skal byta biblioteksystem i 2020. Det vil gjera bruken av biblioteket sine tenester enklare for både lånarar og tilsette. Biblioteket skal også gjerast endå meir tilgjengeleg ved innføring av «meiroke bibliotek», som betyr utvida tilgang for brukarane i tidsrom der biblioteket ikkje er bemanna. Biblioteket vil styrka lesestimulerande tiltak for barn og litteraturformidling for vaksne.

Garborgheimen og Knudaheio høyrer til den nasjonale kulturhistoria og er prioritert gjennom samarbeidet med Jærmuseet. Det vart i 2019 inngått ny festeavtale for Fotland mølle. Det er eit mål å styrka det kulturhistoriske miljøet på Fotland. I denne samanheng må ein i revideringa av kulturminneplanen, som startar i 2020, ta stilling til korleis Fotland kraftstasjon skal tas vare på og brukast i åra framover. Det same gjeld for ei rekkje gamle skule- og forsamlingshus rundt i kommunen.

Det er ei viktig oppgåve å følgja opp kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv med årlig revisjon av handlingsprogrammet og prioritering av anlegg og andre tiltak. Det er i perioden sett av midlar til ny idrettshall og turnhall i Vardheia i samarbeid med Klepp kommune og til ny symjehall og idrettshall på Bryne. I tillegg kjem midlar til ei rekkje friluftslivs- og nærmiljøanlegg.

Kultur- og fritidstilbodet til eldre skal styrkast, m.a. ved betre koordinering utover i perioden av tilboda frå Sivdammen velferdssenter, Sivdammen catering og Frivilligsentralen.

«Alle med»-prosjektet held fram i 2020. Erfaringar så langt viser at tiltaket bidreg til at barn og unge, uavhengig av familiens økonomi, blir inkludert i lag og organisasjonar.

Det skal i 2020 leggjast fram utkast til ein strategi for frivillig arbeid. Det vart i 2019 gjennomført ei kartlegging av frivillig arbeid i Time utført av Frivillig Norge.

Eigedom, vegar og grøntanlegg

Alt reinhaldsarbeid og vedlikehaldsarbeid for veg, grønt/park, friområde, gravplassar og alle kommunale eigedomar og bygningar er nå samla i Eigedomseininga.


Me har fortsatt noko etterslep i reasfaltering av kommunale vegar og gater. Innsatsen her har vore styrka nokre år, men i 2018 måtte avsette midlar omdisponerast til å dekkja uvanleg mykje vintervedlikehald på vegane. I åra framover håper me på meir normale vintrar slik at planlagt arbeid med reasfaltering kan fortsetja.

Oppgraderinga av Fritz Røed parken i Bryne sentrum har medført betydeleg oppfølgingsarbeid for at parken skal vera innbydande til bruk for folk flest. Det er ikkje avsett ekstra ressursar til dette arbeidet i åra framover. I tillegg har utvida gravplass ved Time kyrkje i 2019 gitt meirarbeid. Det er frå 2020 lagt inn auka ressursar til vedlikehald.


Oppfølginga av planen for rehabilitering av leikeplassar vil pågå over mange år. Godkjende tiltak på Lye vil mest truleg vera ferdige i løpet av 2019, og plan for Bryne er under utarbeiding. Kvernaland står for tur etter Bryne.

Det er innført ny reinhaldsstandard i dei kommunale bygga og institusjonane i 2018 og 2019. Erfaringane så langt er positive både for brukarane av bygga og dei tilsette.

Me har i løpet av 2019 registrert forholdsvis mange ledige utleige-/omsorgsbustader for dei fleste målgrupper. Dette gir betydeleg mindre leigeinntekter enn budsjettert, noko me har tatt høgde for i 2019 ved å redusera samla leigeinntekter med 1,5 millionar kroner årleg. I planperioden er det tatt høgde for å rehabilitera dei samlokaliserte omsorgsbustadene i Linevegen og Kringlemyr som vart tatt i bruk tidleg på 1990-talet, jf. kapittel 7.



KOSTRA-tala for 2018 viser at Time har mindre areal til eigedomsforvaltning per innbyggjar enn Hå, Klepp og aktuell KOSTRA-gruppe.




Driftsutgifter til eigedomsforvaltning er om lag på same nivå som nabokommunar og aktuell KOSTRA-gruppe bortsett frå kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg. Grunnen til det sistnemnde er at me berre har rapportert inn areal på idrettsbygg og ikkje på idrettsanlegg i 2018. Dette blir retta opp i KOSTRA-innrapporteringa for 2019.

Vatn, avløp og renovasjon

Samarbeidsavtalen mellom IVAR IKS og kommunen er evaluert av Rogaland Revisjon IKS i 2019. Evalueringsrapporten omhandlar og brukarundersøkingar for renovasjons-, vass- og avløpstenestene. Rapporten med konklusjonar blir lagt fram for kommunestyret ved årsskiftet 2019/2020.

Hovudtiltaka i Hovudplan for vatn og avløp 2016-2025 har fokus på å sikra robust vassforsyning til heile kommunen, sanering av gammalt og dårleg leidningsnett og handtering av overvatn. Ei lang rekke overvassiltak og saneringstiltak er nå definerte, og fleire av tiltaka er under utføring og planlegging, jf. kapittel 7. Vassforsyningstryggleiken vil betrast ved samankobling mellom Klepp og Time i samband med skuleutbygginga i Vardheia. I tillegg skal det i åra framover planleggjast og arbeidast med å etablera ei tosidig vassforsyning til forsyningsområdet Lyefjell.

Frå 2020 aukar kostnadene med innsamling av hushaldningsavfall grunna nye kontraktsforhold saman med Hå og Klepp. I tillegg aukar prisenivået for behandling av restavfall, men spesielt for biologisk avfall. Kostnadsauken for bioavfall er på 25%. Avsett renovasjonsfond og auka gebyr i 2019 gjer likevel at gebyra for 2020 kan haldast på same nivå som i 2019. Renovasjonsgebyret er fortsatt lågt samanlikna med samanliknbare kommunar. Tømming av alle bleiedunkar fell bort frå 1.1.2020, noko som reduserer tømmekostnaden med om lag 150 000 kroner.



Ettersorteringsanlegget for restavfall er i full gang, men det er oppstartsvanskar ved å produsere plastpellets med god salbar verdi. Dette vil det bli arbeidd kontinuerleg med for å heva kvaliteten. Mold, sand og potteplantar skapar vedvarande utfordringar for biogassanlegget på Grødaland. Resultatet kan bli at IVAR IKS oppmodar kommunane til å skilje hageavfall frå matavfall. Det kan bety at husstandane til dømes får ein eigen hageavfallsdunk i tillegg til dei tre dei har i dag. Det beste alternativet vil då vera å tilby ein slik hageavfallsdunk frivillig, til dei som meiner dei kan ha eit slikt behov. Då vil det vera mogleg å diskutere kva innhald ein slik hageavfallsdunk kan innehalde. Hageavfall vil vera mykje rimelegare å levere til behandling enn bioavfall som i dag. Det er ønskjeleg å få fleire abonnentar i burettslag og sameige over på nedgravd avfallsløysing, då samleplassar av dunkar er skjemmande, trafikkfarleg og tungvindt. Elektronisk nivåmålar i glaskonteinarene kan gje meir økonomisk tømning av konteinarene.

5.3.2 Mål for langtidspanoden

- Syta for at flest mogleg leiarar har fått kunnskap om krisehandtering
- Ha merksemd på aktuelle tiltak og utviklinga av barnefattigdom i kommunen (Folkehelse)
- Følgja opp godkjend planstrategi for denne valperioden
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting (Folkehelse)
- Bryne sentrum skal utviklast som regionsenter i tråd med ny regionalplan og med urbane kvalitetar i samsvar med sentrumsplanen
- Redusera risikoen for trafikkulykker i kommunen (Folkehelse)
- Leggja til rette for at ein aukande del av persontransporten skjer med buss, bane, til fots og på sykkel (Folkehelse)
- Vera pådrivar og samarbeidspart for å vidareutvikla kollektivtilbodet mellom Bryne og andre byar og tettstader (Folkehelse)
- Godkjent landbruksplan, nasjonal og regional jordvernstrategi skal vera grunnlaget for behandling av forvaltningssaker i landbruket
- Optimalisera varme- og ventilasjonsanlegga i kommunale bygg
- Vasskvaliteten i vatn og bekkar på Jæren skal oppfylle krava i EU sitt vassdirektiv

- Sikra ei effektiv, sikker og miljøvennleg renovasjons-, vass- og avløpsteneste som dekker hushalda og næringslivet sine behov
- Skifte ut minimum 1 % av kommunale vass- og avløpsleidningar årleg
- Sikra innbyggjarane helse- og sosialtenester av god kvalitet
- Redusera talet på unge sosialhjelpsmottakarar og langtidsmottakarar av sosialhjelp ([Folkehelse](#))
- Redusera talet på brukarar med flyktningbakgrunn som mottar sosialhjelp ([Folkehelse](#))
- Følgja opp nasjonal målsetjing om at 65 % av flyktningane skal vera i arbeid eller utdanning eit år etter avslutta introduksjonsprogram ([Folkehelse](#))
- Gjennomføra forprosjekt for satsingsområda i kulturplanen: «Haugtussa-veka» og «Kulturstiar i Time»
- Gjennomføra forprosjekt for Nye Storstova
- Gje publikum eit mangfaldig filmtilbod og etablera Bryne kino som ein attraktiv møttestad
- Gjera biblioteket endå meir attraktivt ved å styrka lesestimulerande tiltak for barn, litteraturformidlinga for vaksne og formidlinga av digitale bibliotektenester, samt forbetra marknadsføringa
- Utvikla fritidsklubbtilbodet i tråd med brukarane sine ønskje
- Styrka moglegheitane for idretts- og friluftaktivitetar basert på kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, og sørgja for aktiv bruk av nye idrettshallar og ny symjehall ([Folkehelse](#))

5.3.3 Tiltak i 2020

Folkehelse

- Laga handlingsplan for bruk av partnerskapsmidla ([Folkehelse](#))

Beredskap

- Starta arbeidet med revisjon av heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse
- Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemder som ikkje har fått opplæring
- Få på plass framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i akuttmedisinfor skrifa

Plan og utbygging

- Få godkjent planstrategi for perioden 2019-2023
- Få godkjent revidert arealdel til kommuneplanen 2018-2030 for Kvernaland/Kalberg området
- Utarbeida gatebruksplan for Bryne og regulere Storgata til gågate
- Følgja opp årleg prioriteringssak for private reguleringsplanar frå Utval for lokal utvikling
- Gjennomføra brukarundersøking «private reguleringsplanar»
- Realisera byggje- og anleggsprosjekt som er eller blir sette i gang i 2020 i tråd med investeringsdelen i økonomiplanen
- Innføra eigedomsmodulen for å betre internkontrollsystemet for arealplanlegging

Samfunns- og landsbruksforvaltning

- Få godkjend ny «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp
- Følgja opp godkjend «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå, mellom anna med miljøregistrering av gardsbruk langs Håelva
- Utfordrande forvaltningssaker skal handterast i positiv og klargjerande dialog med søkjarar
- Saksbehandlingstida for byggsak og geodata skal liggja godt innanfor føringane i nasjonale lovar og forskrifter
- Gjennomføra brukarundersøking for byggjesaksbehandlinga
- Gjennomføra brukarundersøking innan landbruksforvaltninga
- Starte arbeidet med revisjon av kommunedelplan for energi og klima
- Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen ([Folkehelse](#))

Helse-, sosial- og flyktningtenester

- Gjennomføra brukarundersøking for kommunal og privat fysioterapiteneste
- Gjennomføra brukarundersøking for ergoterapiteneste
- Vurdera legedekninga i kommunen og behovet for å oppretta ein ny heimel
- Vurdera vidare samarbeid mellom Frisklivssentralen og NAV Klepp-Time om prosjektet «Friskliv Ung Jæren» ([Folkehelse](#))
- Utarbeida og iverksette tiltak for å auka overgang til arbeid eller utdanning for personar med flyktningbakgrunn som har sosialhjelp som hovudinntekt ([Folkehelse](#))
- Systematisk arbeidsretta oppfølging av alle langtidsmottakarar av sosialhjelp som har dette som hovudinntekt, særleg gjennom aktiv bruk av Kvalifiseringsprogrammet (KVP) ([Folkehelse](#))
- Sikre god samhandling mellom NAV Klepp-Time og kommunale, fylkeskommunale og statlege tenester
- Utvikla rutinar mellom NAV Klepp-Time og flyktningtenesta for å få til gode overgangar til utdanning og arbeid for flyktningar som er i ferd med å avslutta introduksjonsprogrammet ([Folkehelse](#))
- Etablerer samarbeid mellom flyktningtenesta og helsestasjonen om foreldrerettleiing for flyktningforeldre

Kultur

- Avklara konsept for framtidens Storstova
- Innføra nytt biblioteksystem og gjera lokalet «mei rope»
- Starta arbeid med revisjon av kulturminneplanen
- Gjennomføra innovasjonsprosjektet «Velferdssenteret mot 2030 – møte med morgondagens eldre» ([Folkehelse](#))
- Tilpassa drifta av kultur- og fritidstilbodet til nye rammeføresetnader og endringar hos målgruppene
- Leggja fram utkast til ein strategi for frivillig arbeid i Time ([Folkehelse](#))

Eigedom, vegar og grøntanlegg

- Fortsetja med reasfaltering av kommunale vegar og gater
- Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg
- Ta i bruk ny miljøvennleg teknologi for vedlikehald av grøntområde
- Fortsetja med tiltak for oppgradering av kommunale leikeplassar ([Folkehelse](#))

- Slutføra innføringa av ny reinhaldsstandard i kommunale bygg
- Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg
- Vurdera husleigesatsane for utleigebustadene i forhold til marknadsleigesatsane for leigebustader på Jæren

Vatn, avløp og renovasjon

- Få alle resterande abonnentar over på vassmålar
- Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningssystemet
- Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnett
- Syta for førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne
- Gjennomføra samankopling av vassforsyninga mellom Klepp og Time i Vardheia/Nordlysvegen
- Gjennomføra prosjektet med tosidig vassforsyning til forsyningsområde Lyefjell
- Tilby frivillig ordning med hageavfallsdunk
- Bidra til at det blir etablert fleire nedgravne avfallsanlegg
- Ta i bruk tekniske verktøy for handtering av tømningar og serviceoppdrag i renovasjonstenesta, også elektronisk nivåmåling

5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Samfunn	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2019-2020
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	3 316	3 538	3 541	3 541	3 541	3 541	0,1 %
Plan og utbygging	2 641	3 251	2 968	2 958	2 958	2 958	-8,7 %
Samfunns- og landbruksforvaltning	4 125	4 298	5 159	5 059	5 059	5 059	20,0 %
Brannvern	8 842	10 488	12 289	13 739	13 889	14 039	17,2 %
Helse og rehabilitering	30 615	31 744	33 024	32 774	32 774	32 774	4,0 %
Flyktningtenesta	14 948	9 823	9 238	8 413	7 613	7 613	-6,0 %
Sosialtenester	32 510	28 398	27 087	26 288	25 788	25 788	-4,6 %
Kultur	20 749	21 624	23 102	23 569	23 402	23 752	6,8 %
Eigedom	44 588	47 333	45 663	47 092	47 342	52 342	-3,5 %
Vegar og grøntanlegg	24 868	20 421	20 634	20 934	20 934	20 934	1,0 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0	0	
Sum netto driftsutgifter	187 202	180 918	182 705	184 367	183 300	188 800	1,0 %

5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Aukingar

- Gradvis opptrapping av tilskotet til Rogaland brann og redning IKS med om lag 1,5 millionar kroner årleg fram til og med 2021 då tilskotet fullt ut skal vera fordelt etter folketalet i eigarkommunane.
- Det er sett av 500 000 kroner i perioden til gjennomføring av tiltaksprogram i Vassregion Rogaland og prioriterte tiltak i Hå- og Orrevassdraget.
- Eitt årsverk til å aktivera vakant miljørådgjevarstilling frå 2020.
- Det er sett av 200 000 kroner i 2020 til arbeidet med revisjon av energi og klimaplanen.
- Styrking av drifta ved kommunalt hjelpemiddellager med 0,2 årsverk frå 2020.
- Styrking av drifta ved Frisklivsentralen med 250 000 kroner frå 2021.
- 200 000 kroner i 2020-2021 til arbeidet med revisjon av Kulturminneplanen.
- 100 000 kroner til drift av felles IT-biblioteksystem i Rogaland
- Årleg 2,5 millionar kroner til tilskotsordninga for private idretts- og kulturbygg. I 2020 bruker me 800 000 kroner frå avsett disposisjonsfond for å dekkja samla tilskotsløyving i 2020.
- Årlege lønnsmidlar til styrking av park og grønt med 1,0 årsverk frå medio 2020.

- 150 000 kroner anna kvart år frå 2021 til hovudreingjering av stolar i biblioteket, Storstova og Bryne kino.
- Årlege driftsutgifter på om lag 1,25 millionar kroner for ny ungdomsskule, idrettshall og turnhall i Vardheia etter fråtrekk av Klepp og Bryne turn sin del er lagt inn frå andre halvår 2021.

Reduserte utgifter og auka inntekter

- Reduksjon med eit årsverk arealplanleggjar medfører netto 300 000 kroner.
- Gradvis reduksjon av avsett løyving til flyktingtenesta som følgje av avtakande mottak i planperioden
- Reduksjon på 2,4 millionar kroner i sosialhjelpsutgifter i 2020 (NAV Klepp-Time) tufta på utviklinga me ser i 2019
- Reduksjon på 250 000 kroner innan kultur- og fritidsaktivitetane
- Avvikle planlagt driftsløysing for Time bygdemuseum der årleg tilskot til Jærmuseet på 350 000 kroner i 2020 og 200 000 kroner i åra etter er tatt ut
- Auka gebyr og andre avgifter framgår av «Prisliste 2020»


5.3.6 Oversikt over personalressursar

Samfunn	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Administrasjon	3,0			3,0
Plan og utbygging	8,5			8,5
Samfunns- og landbruksforvaltning	16,4		-1,4	15,0
Helse og rehabilitering	17,1			17,1
Flyktingetenesta	4,0			4,0
NAV Time - Sosialtenester 1)	9,3		-9,3	0,0
Kultur	30,4			30,4
Vegar og grøntanlegg	14,5			14,5
Eigedom	73,0	2,0	-1,4	73,6
Årsverk i alt	176,2	2,0	-12,1	166,1

1) Årsverka frå NAV Time – Sosialtenester er overført til Klepp kommune ved verksemdsoverdraging som følgje av felles NAV Klepp-Time i 2019.

5.4 Stab

5.4.1 Status og utfordringar



Stab består av avdelingane økonomi, organisasjon, digitalisering og utvikling og næring. Stab har eit mangfald av oppgåver, blant desse er interne oppgåver innan administrasjon og leiarstøtte, men også tenester retta mot innbyggjarar og næringsliv.

Politiske organ

Det er budsjettert med folkevaltopplæring for dei nye folkevalde som vart valt inn i 2019. Frå 2020 skal det opprettast ungdomsråd i kommunen. Det er eit tiltak som vil føra til auka involvering og deltaking i den kommunale planlegginga. Det vil vera eit behov for administrativ oppfølging av det nye rådet og det er derfor budsjettert med 0,2 årsverk til dette.

Innbyggarservice og kommunikasjon

I 2019 vart avdelingane Servicetorget og Kommunikasjonsavdelinga slått saman til ei avdeling. Den nye avdelinga har namnet Innbyggarservice og kommunikasjon.

Innbyggarservice og kommunikasjon skal bidra til at kommunen kommuniserer på ein god og strategisk måte både internt og eksternt. Vidare skal avdelinga vera ein god rådgjevar for organisasjonen innan mellom anna mediehandtering og sosiale medium, og sikra at kommunen er framtidsretta i kommunikasjonen med innbyggjarane.

Stadig meir av kommunikasjonen med innbyggjarane vil foregå digitalt. Det er derfor viktig at innbyggjarane våre på ein enkel måte kan finna og forstå informasjon frå kommunen i digitale kanalar. For å lykkas på dette området må me ha god kvalitet på det innhaldet me produserer, i tillegg til at innhaldet må vera tilpassa den enkelte kanal. God kanalstrategi, vilje til å testa ut nye kanalar og arbeid med klart språk vil vera viktig for å oppnå dette.

Det er viktig at me stadig utviklar og forbetrar nettsida vår. Fleire digitale løysingar for nettsida er under utvikling. Desse vil gjera det lettare for innbyggjarane å få informasjon om våre tenester, følgja eigne saker, få innsyn i kommunale vedtak og gjera det enklare å koma i kontakt med rett saksbehandlar. I arbeidet med å utvikle nettsida ønsker me å lytta til innbyggjarane, slik at brukaropplevinga vert best mogleg.

Ny digital telefonsentral vil bli tatt i bruk og det vert jobba med å ta ut effektiviseringspotensiale i ny teknologi.

Administrasjon

Stab har redusert årsverk gjennom omstillinga i 2017 og me har ytterlegare redusert for neste år. Stab er heilt avhengig av å fortsetja med digitalisering og robotisering av rutineoppgåver. Målet er å effektivisera og auka kvaliteten på tenestene me leverer.

Gjennom DigiRogaland vil ein arbeida for å få på plass nasjonale løysingar og nytta forumet til meir samhandling mellom kommunane i Rogaland

Digitalisering i stab førar til at leiarane ute i einingane vil måtte endra måten dei jobbar med administrative rutinar. Stab vil samarbeida med leiarane og samskapa med dei om korleis administrative rutinar og verktøy skal nyttast.

Jæren kemnerkontor

Time kommune er vertskommune for kemnerkontoret som driv ei effektiv og serviceinnstilt teneste for innbygarane og bedrifter i Hå, Gjesdal, Klepp og Time.

Kemnerkontoret er fagleg underlagt Skattedirektoratet og får sine arbeidsmål og prioriterte arbeidsoppgåver fastsett av direktoratet. Administrativt er kontoret underlagt kommunen.

Det er i statsbudsjettet for 2020 nok ein gong fremma forslag om overføring av skatteinnkrevjinga til staten med verknad frå 1.6.2020. Då det er ei fleirtalsregjering som denne gongen fremmer dette forslaget, vil dette verta vedtatt. Dei tilsette på Jæren kemnerkontor vil bli ivaretatt etter reglane om verksemdsoverdraging. Dei fleste vil få arbeidsstad i Stavanger.

Trussamfunn

Her inngår tilskot til Time kyrkjeleg fellesråd og tilskot til alle andre trussamfunn. Kyrkjeleg fellesråd har fått inflasjonsjustert tilskotet.

Det er avsett 1,1 millionar kroner til andre trussamfunn dvs. ein auke på 250 000 kroner frå 2019. Det pågår ei statleg utgreiing om dagens ordning med kommunalt tilskot til trussamfunn skal vidareførast i dagens form. Me venter ei avklaring i løpet av hausten 2019.

Næring

Målet til næringsarbeidet i kommunen er å samarbeida med næringslivet og andre aktørar for å skapa arbeidsplassar og bidra til at Time er ein attraktiv kommune å bu og arbeida i.

Det er venta avklaringar kring fleire viktige byutviklingsprosjekt i 2020. Det gjeld mellom anna val av parkeringsløysing i Bryne sentrum, som igjen vil påverka korleis kommunen løyser gatebruksplanen for sentrum. Parkeringsløysinga og gatebruksplanen vil leggja føringar for korleis Storgata skal opparbeidast som gågate.

Time har ikkje eigne næringstomter for sal, men vil stimulera til samskaping med andre private aktørar med omsyn til ledig næringsareal.


Arbeid med revisjon av kommunen sin næringsstrategi vil starta i 2020.

Eit viktig arbeid i 2020 vil vera å bidra i vidare utvikling av Jæren Teknologiforum der Miris AS, saman med NOKIA, ønskjer å etablere eit Edge computing datasenter. Arbeidet vil på fleire måtar gje fordelar til mange partar i Bryne sør. Berekraftige og innovative energiløysingar er sentralt i arbeidet. Edge computing datasenter kan bidra til å etablere nye verksemder og nye framtidsretteda arbeidsplassar.

Både sensorteknologi og autonome kjøretøy kan bli testa ut, og kommunen kan få moglegheit til fortsatt å arbeida med utvikling av smartbyløyningar saman med andre regionale aktørar.

Gjennom deltakinga i det regionale prosjektet kraftkrevende industri (New Kaupang AS) er Time gjort kjend med dei store moglegheitane ny regional straumtrafo på Fagrafjell vil gje regionen. Området kring Fagrafjell kan på sikt bli eit nytt grønt næringsområde med stor attraksjonsverdi for kraftkrevjande internasjonale verksemder. Me ønskjer å dra prosessen vidare her i samskaping med andre regionale aktørar.

Det vil fortsatt vera eit fokus på reiseliv og turisme. I tillegg til arbeid gjennom Region Stavanger vil Time, saman med Klepp og Hå ,arbeida aktivt for vidareutvikling av reiselivsnæringa på Jæren.



Kommunen har hatt fall i arbeidsplassar frå 2014 til 2017. 2018-tala er gode med ein vekst i arbeidsplassar på over 317. Innpendlinga har auka dobbel så mykje som utpendlinga i 2018.

5.4.2 Mål for langtidspanoden

- Digitalisera og effektivisera administrasjonen slik at Time kan levera best mogleg teneste til lågast mogleg kostnad
- Utvikla Innbyggarservice med digitalt førsteval som mål
- Setja i verk tiltak for å sikra at språket i saker, brev og publikasjonar er klar og forståeleg
- Følgja opp mål og tiltak i Handlingsplan for lokaldemokrati
- Auka involveringa i kommunale prosjekt og planar
- Utarbeida kravspesifikasjon og skaffa nytt intranett
- Utvikla gode kanalar for internkommunikasjon

- Bidra til etablering av nye bedrifter og arbeidsplassar i kommunen
- Utvikla Bryne som regionby og styrka kommunen sin attraktivitet
- Bidra til at reiseliv og turisme blir ei vekstnæring i Time
- Utnytta etablerte næringsområde i kommunen betre

5.4.3 Tiltak i 2020

Politikk

- Oppretta ungdomsråd
- Folkevaltopplæring

Administrasjon

- Innsparing ved vakante stillingar og reduserte driftsutgifter
- Implementera nytt sentralbord – inkludert meny for tastevalg
- Vidareutvikla «Mi side» på nettsida etter kvart som fleire funksjonar vert tilgjengelege
- Implementera «Book ein saksbehandlar» på nettsida
- Etablere «Aktiv kommune» - ein digital plattform for å booka kommunale lokasjonar
- Testa ut bruk av Snapchat for å informera innbyggjarane om tenestane våre
- Gjennomføra verksemdsoverdraging av Jæren kemnerkontor til staten

Trussamfunn

- Når talet på medlemmer i trussamfunn aukar og det blir færre medlemmer i kyrkja, aukar tilskotet til andre trussamfunn. Det er lagt ein auke per år på 250 000.

Næring

- Revisjon av næringsstrategien

Diverse fellesutgifter

- Øyremerka tilskot slik at økonomisk vanskelegstilte kan etablere seg i eigen bustad er bortfalt, og frå 2020 innarbeidd i rammetilskotet. Kommunen har sett av 1,5 millionar kroner kvart år.

5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Stabstenester	Rekneskap		Økonomiplan				2019-2020
	Budsjett	2018	2019	2020	2021	2022	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Politiske organ	6 870	7 683	7 624	7 774	7 374	7 974	-0,8 %
Administrasjon	43 841	46 128	43 444	43 589	43 589	43 589	-5,8 %
Jæren kemnerkontor	1 801	2 181	1 133	0	0	0	-48,1 %
Næring	2 718	2 624	2 608	2 608	2 608	2 608	-0,6 %
Trussamfunn	9 171	9 588	9 512	9 688	9 688	9 688	-0,8 %
Diverse fellesutgifter	3 089	3 549	4 069	5 469	5 469	5 469	14,7 %
Sum netto driftsutgifter	67 490	71 753	68 390	69 128	68 728	69 328	-4,7 %

5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- 1,5 årsverk vakante stillingar
- Redusert med 0,5 årsverk i administrasjonen
- Auka med 0,35 årsverk til tillitsvalte
- Personalforsikringane er etter innkomne prisar redusert med 0,4 millionar kroner
- 0,2 årsverk koordinator ungdomsråd
- Folkevaltopplæring og studietur på 250 000 kroner

- Avsett 1,5 millionar kroner til etableringstilskot til hjelp for at økonomisk vanskelegstilte skal få kjøpt seg ein høveleg bustad (ordninga er tidlegare administrert av Husbanken)
- Det var for 2019 lagt inn auka ramme til kyrkjeleg fellesråd på 300 000 kroner. Dette blei i «Revidert budsjett 2019» inntrekt og er nå varig inntrekt i økonomiplanen
- 120 000 kroner per år til drift av bysyklar
- Jæren kemnerkontor blir med verknad frå 01.06.20 overført til staten

5.4.6 Oversikt over personalressursar

Stabstenester	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Administrasjon	47,3	0,2	-0,5	47,0
Jæren kemnerkontor	9,5		-9,5	0,0
Næring	1,0			1,0
Diverse fellesutgifter	5,6	0,4		6,0
Årsverk i alt	63,4	0,6	-10,0	54,0

6 Kommunen som arbeidsgjevar

6.1 Status og utfordringar

Fokuset for Time kommune som arbeidsgjevar er å levera gode tenester, og samtidig utvikla løysingar gjennom endring, innovasjon og samskaping med innbyggjarane.

Time kommune vil få fleire eldre innbyggjarar framover og tilgangen på arbeidskraft vil minka på sikt. Eit tiltak for å imøtekoma utfordringane er å få til ein heiltidskultur. Heiltid gir best teneste for brukaren, og dei tilsette får betre lønn og pensjon. Rådmannen vil prioritera å jobba med arbeidstidsordningar for å få til heiltidskultur.

Digitalisering er ei anna viktig satsing. For å få til enkle, effektive og sikre rutinar, må me digitalisera mange av dagens manuelle løysingar. Dei tilsette skal løysa arbeidsoppgåvene i elektroniske system som jobbar saman. Innbyggjaren skal finna og løysa dei fleste spørsmål og behov gjennom digitale løysingar på heimesida.

Fellesnemnaren for å løysa utfordringane er leiarane og dei tilsette si evne og vilje til endring. Me har til ei kvar tid endra og justert tenester og administrative løysingar.

Samfunnsutviklinga og brukarane sine behov vil krevja at Time kommune må tilpassa ulike løysingar på tenestene raskt og effektivt.

Oversikt over årsverk:

Time kommune	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Oppvekst	569,9	7,3	-15,6	561,6
Omsorg	388,2	15,2	-6,0	397,4
Samfunn	176,2	2,0	-12,1	166,1
Stabstenester	63,4	0,6	-10,0	54,0
Årsverk i alt	1 197,7	25,1	-43,7	1 179,1

Forklaring til endringane i årsverk ligg i kapittel 5 under det einskilde tenesteområdet.

Strategisk organisasjonsutvikling

For å vera dyktig på endring må organisasjonen samarbeida og samskapa på tvers av kommunalområda. Strategisk organisasjonsutvikling er eit premiss for å lukkast med endring. Denne utviklinga må skje i samanheng med dei andre strategiske planane for kommunen.

I arbeidet med organisasjonsutvikling har me fokus på heilskap i prosessar der digitalisering og menneskelege ressursar skal skape synergi. Organisasjonsavdelinga er ein naturleg samarbeidspartner og prosessdrivar i dette arbeidet.

Heiltidskultur

Omfanget av deltidstillingar i kommunen er for høgt. Deltid rammar kvaliteten på tenestane, og både inntekt og pensjon for arbeidstakaren. Heiltidskultur vil gje betre tenester, godt omdøme og kommunen vil trekka til seg kompetent arbeidskraft. Det er enklare å tilby gode fagmiljø i ein heiltidskultur.

Dei sentrale partane i pleie- og omsorgssektoren har signert ein heiltidserklæring. På bakgrunn av denne erklæringa signerte partane lokalt i kommunen eigen heiltidserklæring for

kommunalområdet omsorg i 2019. Målsettinga er at 60 % av tilsette i omsorg skal ha 75 % stilling eller meir i 2020.

I 2020 skal me utvida arbeidet med heiltid til å fanna heile kommunen.

HMS, kvalitet og sjukefråvær

HMS og kvalitet er ein integrert del i mykje av det daglege arbeidet i kommunen. Eit godt organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø er avgjerande for å levera gode tenester og førebyggja sjukefråvær. Kommunen arbeider for å etablera ein sterk HMS-kultur og høgt fokus på helsefremjande arbeidsplassar. Alle medarbeidarane skal ha kunnskap og ferdigheiter som gjer dei i stand til å utføra arbeidet på ein helse- og miljømessig forsvarleg måte. Kommunen må leggja til rette ved å sikra samordning og heilskap i rutinar og arbeidsprosessar. Intuitive og lett tilgjengelege digitale verktøy er avgjerande for å klare dette. I 2020 vil me ta stilling til om kommunen sitt noverande HMS- og kvalitetssystem møter dette behovet på ein god nok måte, eller om det er nødvendig å bytta system.

Kommunen har i handlingsplan for Inkluderande Arbeidsliv 2019 – 2022 sett som mål at samla sjukefråvær skal vera under 6,6 %. Tiltaka i handlingsplanen rettar seg mot førebygging og oppfølging av sjukefråvær gjennom godt HMS-arbeid.

Rekruttering

Time kommune ønskjer å vera ein profesjonell aktør når me driv med rekruttering. Dette gjeld både for eksterne søkarar, og for leiarane våre som skal køyra tilsettingsprosessane. Kommunen har skaffa nytt rekrutteringssystem kor me har tatt sikte på ein fulldigitalisert rekrutteringsprosess for å sikre kvalitet i alle ledd.

Det nye systemet er under oppbygging og skal tas i bruk innan 01.01.2020. Det vil verta gjennomført god opplæring for leiarar og superbrukarar. Det skal utarbeidast nye rutinar slik at prosessane blir standardiserte og enklare for arbeidssøkarar og leiarar.

For å vera ein synleg aktør i arbeidsmarknaden, må me bli flinkare til å analysere behovet for annonsering rundt kvar enkelt stilling. Det er nødvendig å sjå på alternative kanalar for annonsering på nye digitale flater.

Lærlingar

Lærlingane er eit viktig satsingsområde i Time kommune, og me har 33 lærlingar i eit utdanningsløp på 2 år. Kvart år har kommunen utlysing i januar og oppstart for nye lærlingar i august. I 2019 var det 89 søkarar som ville ha læreplass i kommunen. Av desse fekk 15 læreplass, og lærlingkvoten vart fylt opp.

Per dags dato har me lærlingar i faga; barne- og ungdomsarbeidar (14), helsefagarbeidar (18) og IKT (1). I 2019 har me tatt inn 2 deltakarar frå "Menn i helse" prosjektet, som er ferdige med praksisperioden og nå er lærlingar på lik linje med dei ordinære lærlingane.

Kommunen har fokus på å gje lærlingane god opplæring og oppfølging i læretida. I juni vart det arrangert «Bli kjent dag» med faglege og sosiale innslag for alle nye lærlingar, for å sørgja for ein trygg og god oppstart. Lærlingskulen er eit viktig tiltak for å sikra god opplæring. Her

får lærlingane opplæring i viktige tema som kompetanseboka (opplæringsbok), sjukefråvær, arbeidsglede, HMS, psykisk helse, rettigheter og plikter. Lærlingane får ein fast instruktør som skal gje rettleiing. Instruktørane får instruktørkurs for å tryggja dei i rolla. Lærlingane og instruktørane har i tillegg faste møter saman med dei fagansvarlige.

Det er eit godt samarbeid med nabokommunane Klepp og Hå. Resultatet av dette er blant anna utarbeiding av ny kompetansebok som er tatt i bruk på skulane Bryne VGS og Tryggheim VGS. Kommunen har også fagsamlingar for lærlingane i samarbeid med jærkommunane.

Langtidsmål for perioden er KS sitt måltall på 2 lærlingar per 1000 innbyggjar, som for Time kommune er 38 lærlingar. For å nå dette målet må me sjå på om me kan ta inn lærlingar i andre fagområde.

Kompetanseutvikling

Strategisk og systematisk fokus på kompetanseheving er viktig for å sikra at tilsette i kommunen kjennar mestring og moglegheit for utvikling. Kommunen er ein organisasjon i stadig endring og me har fokus på kva kompetanse medarbeidarane treng i framtida. Organisasjonsavdelinga skal leggja til rette for og gje tilbod om opplæring gjennom eit variert kurstilbod, basert på kompetansebehova til kommunalområda. Leiarane får tilbod om kompetanseheving i ulike fagsystem og prosessar knytt til medarbeidaroppfølging.

Våren 2020 vil me ta i bruk KS-læring for heile organisasjonen. KS-læring er den nasjonale løysinga for deling av kompetanse og kompetanseheving for tilsette i kommunar og fylkeskommunar. KS-læring har også ein kompetansemodul som me vil ta i bruk. Dette vil gje leiarane ei god oversikt over kven som har gjennomført kurs og sertifiseringar.

Likestilling og likebehandling

Kommunen har utarbeidd handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald for perioden 2018–2021. Handlingsplanen skal sikra eit mangfaldig arbeidsmiljø som gir like utviklingsmoglegheiter, lønns- og arbeidsvilkår for kommunen sine tilsette. Kommunen arbeider aktivt med å rekruttera fleire menn inn i barnehagane og skulane. Me erfarer at det er lettare å rekruttera menn til arbeidsplasser kor det allereie fins andre mannlige tilsette.

Heiltidsstillingar er også eit viktig tiltak for å rekruttera menn til desse yrkene. I stillingsutlysingar oppmodar me menn om å søkja på stillingar i Omsorg, barnehagar og skular. Positiv diskriminering skal nyttast for å retta opp ei skeiv kjønnsfordeling: menn som er kvalifiserte til stillingar skal positivt diskriminerast ved tilsetjing innanfor Omsorg og Oppvekst.

6.2 Mål for langtidsperioden

- Sikra at Time kommune jobbar heilskapleg med organisasjonsutvikling
- Utvikla gode kanalar for internkommunikasjon
- Sjukefråværet skal vera lågare enn 6,6 %
- Sikra at Time kommune arbeider heilskapleg med HMS og sjukefråvær
- Rekruttera fleire menn i skule og barnehagar

6.3 Tiltak i 2020

- Utarbeida handlingsplan for organisasjonsutvikling basert på øvrige strategiske planar for kommunen
- Implementera nytt rekrutteringssystem som sikrar ein heildigital rekrutteringsprosess
- Implementera overordna rutinar for førebygging og handtering av vald og trugslar mot tilsette
- Ta avgjerd om kva HMS- og kvalitetsystem me skal ha
- Ta avgjerd om kva plattform for internkommunikasjon me skal ha
- Ta i bruk KS-læring
- Utarbeida handlingsplan for strategisk kompetansearbeid på tvers av kommunalområda
- Ivareta dei tilsette på Jæren kemnerkontor slik at overgangen til Staten blir mest mogleg smidig

7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2020

Når me har prioritert prosjekta i perioden 2020-2023, har me tatt omsyn til politiske vedtak i førre økonomiplan og vedtak i løpet av 2019 som har konsekvensar for økonomiplanen.

Folkeveksten i kommunen har minka dei siste åra og presset for utbygging av kapasitet er redusert.

Endring i klima dei siste åra har medført større nedbørsmengder og me har dei siste åra satsa på å auka kapasiteten på overflatevatn slik at me skal unngå oversvømte kjellarar. Denne satsinga held fram i planperioden.

Det ligg i denne økonomiplanen inne store satsingar på idrett: Vardheia idrettshall og turnhall i Varheia, nok ein ny idrettshall og ny symjehall på Bryne. Den nye idrettshallen skal leigast ut til Bryne vidaregåande skule.

Me har frå 2012 innarbeidd ei årleg inntekt på 1,5 millionar kroner frå Jæren Energi sin vindpark. Dette er ein avtale inngått mellom Jæren Energi, Time og Hå kommune. Avtalen fell bort om kommunen innfører eigedomsskatt. Inntektene skal brukast til miljøtiltak. Midlane vert i planperioden nytta til finansiering av tiltak knytt til friluftsliv slik det går fram av prosjekt 5904 Friluftsliv.

7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Investeringsutgifter	189,4	214,9	323,3	241,8	213,6	86,2
Momskompensasjon	-22,4	-28,1	-47,0	-39,3	-31,1	-10,1
Investeringsinntekter	-45,0	-58,0	-119,7	-49,4	-23,5	-21,3
Tilskot Jæren Energi	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
Netto finansieringsbehov	120,5	127,3	155,1	151,6	157,5	53,3
Tidlegare avsetningar	-5,6					
Utlån startlån	29,3	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Kjøp av aksjar og andelar	3,0	3,0	2,8	2,9	3,0	3,1
Netto startlån	2,6	1,0	0,0	0,0	0,0	0
Avdrag Lyse og fellesråd	-5,8	-5,8	-14,5	-5,8	-5,8	-5,8
Overført frå drift	-12,2	-15,4	-8,0	-10,4	-11,8	-8,8
Låneopptak	-131,8	-135,1	-160,4	-163,3	-167,9	-66,8
Sum finansiering	-120,5	-127,3	-155,1	-151,6	-157,5	-53,3
Udekk/udisponert	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Samla framlegg til investeringar i perioden 2020-2023 er på 864,9 millionar kroner.

Investeringane blir delvis finansiert med momskompensasjon og andre investeringsinntekter på til saman 347,4 millionar kroner. Me eigenfinansierer også delar av investeringane med driftsmidlar på 39 millionar kroner og avdraginnbetaling på utlån til Lyse og Time kyrkjeleg fellesråd på 31,9 millionar kroner.

Når det gjeld momskompensasjonen på ny symjehall så er denne usikker. Slik regelverket nå blir praktisert av Skatteetaten, får ikkje kommunen momskompensasjon for den tida symjehallen blir brukt til offentleg bading. Dette kan utgjere opp til 50 % av opningstida og bety eit inntektstap på 14 millionar kroner. Me har i budsjettet rekna full momskompensasjon. Dette er ei sak som KS og fleire kommunar jobbar for å endra.

For å kunna gjennomføra investeringsplanen må 458,4 millionar kroner lånefinansierast. I tillegg tar me opp 100 millionar kroner i startlån til vidare utlån i perioden.

Investeringar til skule i planperioden er 205 millionar kroner, til idrett, kultur og friluftsfornål 275 millionar kroner og til veg, gate og park 67 millionar kroner.

Det er i perioden sett av 200 millionar kroner i vass- og avløpsinvesteringar. Desse investeringane blir finansiert med gebyrinntekter over driftsrekneskapen.

Me har valt å prioritera følgjande større investeringsprosjekt:

- Byggja ny ungdomsskule, fleirbrukshall og turnhall saman med Klepp i Vardheia
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Omgjera Storgata til gågate og oppgradera gata
- Ny symjehall på Bryne
- Ny idrettshall på Bryne

I tabellane som følgjer presenterer me investeringsprosjekta. Det er tenesteområdet Samfunn som har ansvaret for å gjennomføra byggje- og anleggsprosjekta og dei fleste andre investeringane.

7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale

Administrasjon

Administrasjon Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2020	2020	2021	2022	2023	Etter 2023
1101 IKT Investeringar - felles	18 000		4 500	4 500	4 500	4 500	
1106 Utviding Rosyprogram veg/grønt (IT-prosjekt)	200		200				
1107 Politiske rom, kultureining og innbyggarservice	1 700		1 700				
1110 Røyvika 2 -everksbygget	950	500	450				
1501 Oppdragshandteringsverktøy 110-sentralen	250			250			
1905 Eigenkapital i KLP	11 500		2 800	2 850	2 900	2 950	
5924 Kartbasar - fly	750				750		
Sum administrasjon	33 350	500	9 650	7 600	8 150	7 450	0

1101 IKT Investeringar – felles

I perioden er det budsjettet med i alt 18 millionar kroner til IKT investeringar for den samla kommunale tenesteytinga. Kontinuerleg oppgradering av programvare, oppgradering av hardware, innkjøp av nye program og opplæring på desse er ein vesentleg del av investeringane. Utbygging av trådløst nettverk i institusjonar og omsorgsbustader for å kunna ta i bruk ny velferdsteknologi, blir ei prioritert satsing i perioden når skulane nå er «trådlause». Fleire av våre program er gamle og må fornyast i perioden. Nye investeringar innan velferdsteknologi og digitalisering er heilt nødvendig for å kunna levera gode tenester

til våre innbyggjarar. Dette er RPA tenester (robotisering), oppgradering til O365, sjølvbetjenings løysingar og opne data prosjekt.

1106 Utviding Rosyprogram veg/grønt

Det er sett av 200 000 kroner i 2020 til utviding av Rosyprogrammet (IT) innan veg og grønt. Systemet vert brukt til digitalisering av gravemeldingar og tilstanden på kommunale vegar. Utvidinga skal hjelpe til for betre planlegging av berekraftig vegvedlikehald.

1107 Politiske rom, kultureining og innbyggjarservice

Det er sett av 1,7 millionar kroner i 2020 til nødvendig rehabiliteringstiltak og utskifting av møblement/utstyr i formannskaps- og kommunestyresalen, samt i første etasje i rådhuset, A-bygget.

1110 Røyrvika 2 – Omsorg og kemneren

I Røyrvika 2 der kemneren og administrasjonseiningar i Omsorg held til må innvendige dørar og vindaug skiftast grunna lydtilhøva. Det er sett av 450 000 kroner i 2020 til dette arbeidet.

1501 110-sentralen

Det er sett av 250 000 kroner i 2021 til installasjon av oppdragshandteringsverktøy for 110-sentralen (beredskap).

1905 Eigenkapital i KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

5924 Kartbasar – fly

Prosjektet gjeld periodisk vedlikehald og oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekst samarbeidet i Rogaland.

Skular og barnehagar

Skular og barnehagar Prosjekt	Prosjekt Budsjet	Før 2020	2020	2021	2022	2023	Etter 2023
2203 Mindre ombyggingar - oppvekst	5 900		1 400	1 500	1 500	1 500	
2242 Vardheia ungdomsskule	305 627	124 327	137 300	44 000			
2242 Vardheia ungdomsskule - refusjon frå Klepp (eks mva.komp.)	-121 838	-54 338	-54 900	-12 600			
2242 Vardheia ungdomsskule - refusjon andre	-14 100		-4 100	-10 000			
2246 Brannsikring skulebygg	3 500	3 000	500				
2252 Gymsal Bryne skule	4 000				4 000		
2253 ATO-avd Lye skule	3 000		3 000				
2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter	7 500		3 500	4 000			
2322 Austbø barnehage påbygg administrasjon	3 000		3 000				
Sum oppvekst	196 589	72 989	89 700	26 900	5 500	1 500	0

2203 Mindre ombyggingar – oppvekst

I alt 5,9 millionar kroner er i perioden budsjettet til mindre ombyggingar i barnehagar og skular. Aktuelle tiltak er ombyggingar og større rehabiliteringsarbeid som ikkje er lagde inn i det ordinære driftsbudsjettet. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

2242 Vardheia ungdomsskule

I perioden fram til 2021 er det sett av eit bruttobudsjett på 305,6 millionar kroner og nettobudsjett på 121,8 millionar kroner etter momskompensasjon og refusjon frå Klepp. I tillegg kjem idrettshall og turnhall, sjå prosjekta 2249 og 3802.

2246 Brannsikring skulebygg

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i skulebygga.

2252 Gymsal Bryne skule

I 2022 er det sett av 4 millionar kroner til oppgradering/utviding av gymnastikksalen ved Bryne skule.

2253 ATO-avdeling Lye skule

Me kjøper i dag alternative opplæringsplassar (ATO) av Klepp kommune. Klepp har varsla at dei framover vil trenga sine ATO-plassar sjølv. Det er lagt inn 3 millionar kroner i 2020 for å tilpassa «Paviljongen» ved Lye skule til å dekkja vårt behov for ATO-plassar.

2254 Bryne kompetansesenter

Felles flyktningteneste for Klepp og Time skal flytte inn her og det trengst ein del bygningsmessige tilpassingar som blir utført i 2020. Det er sett av 3,5 millionar kroner til dette i 2020. For å kunne utnytte areala i heile «Sukkerbiten», eldste delen av tidlegare Bryne gymnas, må det m.a. tilretteleggjast for heis i denne delen av bygget. Det er sett av 4 millionar kroner til prosjektet i 2021.

2322 Austbø barnehage – påbygg administrasjon

Prosjektet gjeld tilrettelegging av arbeidsplassar for tilsette i ein av våre eldre barnehagar. For å få dette til på best mogleg vis må m.a. ein inngang til barnehagen flyttast. Det er sett av 3 millionar kroner til arbeidet i 2020.

Omsorg

Omsorg	Prosjekt	Budsjett	Før 2020	2020	2021	2022	2023	Etter 2023
3101 Velferdsteknologi		6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
3202 Mindre ombyggingar - omsorg		4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
3203 Svendsenhuset - Kledning og isolasjon		200		200				
3204 Kjøkken kok/kjøl		1 500		1 500				
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgsenter		50 000					25 000	25 000
3205 Statstilskott		-33 600						-33 600
3214 Kolheia omsorgsbustader - utviding		10 000			10 000			
3214 tilskot 4 bustader		-6 000			-6 000			
3215 foreldreinitativ (netto)		5 000					5 000	
3216 Barnebustad/avlastning påbygg		10 000			10 000			
3216 Barnebustad/avlastning påbygg		-6 000			-6 000			
3220 Senger og møbler institusjon		1 600		400	400	400	400	
3232 Rehabilitering kommunale utleigebustader		4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
3247 Rehab Linevegen/Kringlemyr		2 000			1 000	1 000		
3248 Planlegging og rehabilitering vaskeriet		10 200		200	2 000	8 000		
3262 Personalenhet foren - ombygging		300		300				
3267 Sidambassenget flisearbeid		1 200			1 200			
Sum omsorg		60 400	0	6 100	16 100	12 900	33 900	-8 600

3101 Velferdsteknologi

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg i tråd med den digitalbaserte samfunnsutviklinga.

3202 Mindre ombyggingar – omsorg

I perioden er det sett av i alt 4 millionar kroner til mindre ombyggingar og større vedlikehaldsarbeid av helse-, sosial- og omsorgsbygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

3203 Svendsenhuset

Det er sett av 200 000 kroner i 2020 til skifting av kledning og nødvendig isolasjon av huset.

3204 Kjøkkenen kok-kjøøl

Prosjektet inneber at alle avdelingskjøkken på institusjon blir tilrettelagt for mottak av måltid som er produsert etter "kok-kjøøl"-prinsippet. Avdelingskjøkken vil då brukast til å tilbereda måltida før dei serverast. Arbeidet og innkjøp av nødvendig utstyr er kalkulert til 1,5 millionar kroner.

3205 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter

Me planlegg utviding av Kvernaland omsorgssenter i slutten av planperioden, og har nå sett av 50 millionar kroner brutto til dette prosjektet.

3214 Kolheia omsorgsbustader - utviding

Til ei utviding med fire omsorgsbustader i Kolheia i 2021, er det sett av 10 millionar kroner brutto i 2021. Investeringstilskot frå Husbanken er budsjettert med 6 millionar kroner.

3215 Omsorgsbustader – foreldreinitiativ

Me planlegg nye omsorgsbustader for unge funksjonshemma innbyggjarar via foreldreinitiativ som Foren burettslag på Kvernaland, i slutten av planperioden. Det er sett av netto 5 millionar kroner til prosjektet i 2023.

3216 Barnebustad/avlastning påbygg

Til ei utviding med fire plassar i barne- og avlastningsbustad, er det sett av 10 millionar kroner brutto i 2021. Investeringstilskot frå Husbanken er budsjettert med 6 millionar kroner.

3220 Senger og møblar institusjon

Det er sett av 400 000 kroner årleg til nødvendig utskifting av senger og møblar i omsorgsinstitusjonane.

3232 Rehabilitering kommunale utleigebustader

Prosjektet gjeld handtering av dei store rehabiliteringsfordringane me har i dei kommunale utleigebustadane våre. I perioden er det sett av 4 millionar kroner til dette vedlikehaldet.

3247 Rehabilitering Linevegen/Kringlemyr

Dei samlokaliserte omsorgsbustadene i Linevegen og Kringlemyr på Bryne vart tatt i bruk tidleg på 1990-talet og har behov for diverse rehabiliterings-/oppgraderingstiltak. Det er sett av 2 millionar kroner til prosjektet i 2021-2022.

3248 Planlegging og rehabilitering av vaskeriet

Noverande vaskeri i underetasjen på Bryneheimen vil bli vurdert utvida som alternativ til eventuelt nytt vaskeri. Til forarbeidet er det sett av 200 000 kroner i 2020. Ytterlegare 10

millionar kroner er sett av i 2021 – 2022 til arbeidet viss forarbeidet konkluderer med at dette er mogleg.

3262 Personaleining Foren burettslag

På grunn av auka bemanning må personaleininga i Foren burettslag på Kvernaland utvidast. Det er sett av 300 000 kroner i 2020.

3267 Sivadambassenget flisearbeid

Prosjektet gjeld større utskifting av fliser i varmtvassbassenget i Sivadamsenteret grunna hygieniske forhold.

Diverse bygg

Diverse bygg	Prosjekt	Før					Etter
Prosjekt	Budsjett	2020	2020	2021	2022	2023	2023
1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg	22 270	18 270	2 000	2 000			
1214 Revisjon elektriske anlegg	3 600	3 100	500				
1220 Byggalarmer til Ad. Secure	250		250				
2236 Avfallskontainerar	5 000	4 000	1 000				
Sum diverse bygg	31 120	25 370	3 750	2 000	0	0	0

1213 Rehabilitering – ventilasjonsanlegg

I perioden 2020–2021 er det sett av 4 millionar kroner til rehabilitering av ventilasjonsanlegg i heile den kommunale bygningsmassen.

1214 Revisjon elektriske anlegg

Til nødvendig revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen er det sett av 500 000 kroner i 2020.

1220 Byggalarmer

Det er lagt inn 250 000 kroner i 2020 til kjøp av digitalt alarmsystem som vidareformidlar alle installerte innbrotts- og brannalarmer i kommunale bygg direkte til Rogaland brann og redning IKS. Nåverande analogt alarmsystem skal fasast ut.

2236 Avfallskontainerar

I 2020 er det sett av 1 million kroner til å fortsetja arbeidet med etablering av nedgravne avfallskontainerar ved skular og barnehagar, primært som brannførebyggjande tiltak.

Kyrkje

Kyrkje	Prosjekt	Før					Etter
Prosjekt	Budsjett	2020	2020	2021	2022	2023	2022
4503 Bryne kyrkje	11 850	11 050	600	200			
4514 Frøyland og Orstad kyrkje	375		375				
4516 Oppgradering/rehabilitering kyrkjene	2 000				1 000	1 000	
Sum kyrkje	14 225	11 050	975	200	1 000	1 000	0

4503 Bryne kyrkje

I tråd med innspel frå Time kyrkjelege fellestråd er det sett av 800 000 kroner i planperioden til rehabiliteringsarbeid i Bryne kyrkje.

4514 Frøyland og Orstad kyrkje

Det er sett av 375 000 kroner i 2020 til nødvendig rehabilitering av kyrkja. Klepp kommune budsjetterer med tilsvarande sum.

4516 Oppgradering/rehabilitering av kyrkjene

Det er sett av 2 millionar kroner i 2022 - 2023 til uspesifisert rehabilitering av kyrkjene i Time.

Kultur, idrett og friluftsliv

Kultur, idrett og friluftsliv	Prosjekt	Prosjekt Budsjet	Før 2020	2020	2021	2022	2023	Etter 2023
Kultur								
4309 Mindre ombyggingar kulturbygg		1 800		300	500	500	500	
4454 Storstova utstyr		7 713	7 313	400				
4454 Storstova rehabilitering		7 850	6 100	1 750				
4480 Kunstarleg utsmykking kommunale bygg		3 100	1 100	250	1 250	500		
Idrett								
2249 Vardheia idrettshall		48 700	16 500	28 700	3 500			
2249 Vardheia idrettshall-refusjon		-11 700	-6 600	-11 500	-1 400	7 800		
2249 Vardheia idrettshall-spelemidlar		-15 600				-15 600		
3801 Symjehall		140 000	1 000		40 000	99 000		
3801 Symjehall - spelemidlar		-36 000					-10 000	-26 000
3802 Turnhall		23 700	7 400	14 300	2 000			
3802 Refusjon Klepp		-3 600	-3 000	-4 700	200	3 900		
3802 Refusjon Bryne turn		-4 000		-2 000	-2 000			
3802 Spelemidlar		-7 800				-7 800		
3803 Nye sikringsskap Lyehallen		600		600				
3804 Friidrettsanlegg, Lye og Bryne		400			400			
3805 Ny idrettshall Bryne		60 000		5 000	55 000			
3805 Ny idrettshall Bryne		-10 000					-10 000	
Friluftsliv								
5903 Utbetring leikeplassar/ballbingar		20 400	8 400	3 000	3 000	3 000	3 000	
5903 Leikeplassar/ballbingar - tilskot		-3 400	-1 400	-500	-500	-500	-500	
5904 Friluftsliv - diverse prosjekt		7 250		2 750	1 500	1 500	1 500	
5904 Friluftsliv - diverse prosjekt		-1 350		-1 350				
5915 Nærmiljøanlegg		2 400	800	400	400	400	400	
5915 Nærmiljøanlegg - spelemidlar/tilskot		-1 400	-600	-200	-200	-200	-200	
Sum kultur, idrett og friluftsliv		229 063	37 013	37 200	103 650	92 500	-15 300	-26 000

4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

I perioden er det sett av i alt 1,8 millionar kroner til mindre ombyggingar og rehabiliteringsarbeid av kulturbygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

4454 Storstova – utstyr og rehabilitering

Det er sett av vel 2 millionar kroner i 2020 til nødvendig rehabiliteringsarbeid og utskifting/oppgradering av nødvendig teknisk utstyr i Storstova.

4480 Kunstarleg utsmykking av kommunale bygg

Til utsmykking av ferdigstilte kommunale bygg og anlegg i perioden er det i tråd med retningslinjene sett av i alt 2 millionar kroner. Det er ikkje sett av midlar til prosjektet i 2023. Dette vil bli vurdert og justert i arbeidet med økonomiplanen for 2021-2024.

2249 Vardheia idrettshall

I samband med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia blir det bygd ny idrettshall til ein brutto kostnad på 48,7 millionar kroner og ein nettokostnad på 11,7 millionar kroner etter frådrag av spelemidlar, momskompensasjon (9,7 millionar kroner) og Klepp kommune sin del.

3801 Symjehall

Det er sett av 140 millionar kroner i bruttoutgifter til ny symjehall på Bryne i planperioden. Planlagt ferdig i 2022. Det er forventta spelemidlar på 36 millionar kroner. Me har også budsjettert med full momskompensasjon på 28 millionar kroner, men momskompensasjonen er som omtalt tidlegare ein usikker storleik når det gjeld symjehallar.

3802 Turnhall

I samband med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia blir det bygd ny turnhall til ein brutto kostnad på 23,7 millionar kroner. Etter frådrag av spelemidlar, refusjon frå Bryne turn, momskompensasjon (4,7 millionar kroner) og Klepp kommune sin del, blir kommunen sin netto kostnad 3,6 millionar kroner.

3803 Nye sikringsskap Lyehallen

Det er sett av 600 000 kroner i 2020 til installering av nye sikringsskap i Lyehallen.

3804 Friidrettsanlegg, Bryne og Lye

Det er sett av 400 000 kroner i 2021 til nødvendig og regelmessig djupreinsing og anna vedlikehaldsarbeid på anlegga.

3805 Ny idrettshall, Bryne

Arbeidet med auka hallkapasitet og plassering av ny hall på Bryne pågår fortsatt. Det er sett av 60 millionar kroner brutto til prosjektet i 2020 – 2021. Venta spelemidlar til prosjektet er 10 millionar kroner.

5903 Utbetring leikeplassar/ballbingar

I planperioden er det sett av i alt 10 millionar kroner nettoutgifter til utbetring av leikeplassar. Utval for lokal utvikling prioriterer årleg aktuelle tiltak innanfor rammeløyvinga.

5904 Friluftsliv

Kommunen vil årleg bruka 1,5 millionar kroner av kommunale midlar til friluftslivstiltak. Dette er midlane kommunen årleg mottar frå Jæren Energi sin vindpark. I tillegg kjem venta tilskot frå andre eksterne støtteordningar. I 2020 er bruttoløyvinga auka som følgje av tiltak kring Tjoatjørn og klatrepark på Bryne i samarbeid med Sparebankstiftelsen SR-Bank. Me får tilskot frå spelemidlane, Miljødirektoratet og Sparebankstiftinga til nemnde tiltak. Prioriterte tiltak er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026».

Tiltak	Stad	Finansiering kommune	Finansiering tilskot	År
Tursti	Tjoatjørn	500	400	2020
Bål plass	Lye	50		2020
Ti turar i Time	Heile kommunen	50		2020
Klatrepark	Sandtangen	550	800	2020
Vedlikehald turløyper og gjerdeklivarar	Heile kommunen	200		2020
Sikring og istandsetjing av prioriterte område	I tråd med føringar i revidert arealdel	150	150	2020
Sum		1 500	1 350	2020
Ikkje-prioritert - neste økonomiplan	Heile kommunen	1 500		2021-2023

5915 Nærmiljøanlegg

I perioden er det budsjettert med i alt 1,6 millionar kroner bruttoutgifter til nye nærmiljøanlegg og oppgradering av eksisterande anlegg. I tillegg til aktuelle tiltak, som går fram av handlingsprogrammet for anlegg og område for idrett og friluftsliv, jf. kapittel 7.4, er det sett av midlar til faste tilskots- og støtteordningar i konkrete nærmiljøtiltak som blir planlagde og utførte saman med vellaga i kommunen. Budsjetterte inntekter er venta spelemidlar til aktuelle nye tiltak.

Utbygging

Utbygging	Prosjekt	Før 2020	2020	2021	2022	2023	Etter 2023
Prosjekt	Budsjett						
5200 Anna tomtosal	-3 000		-3 000				
5200 Anna tomtosal	-500		-500				
5209 Lyefjell BL3, tomtosal førstegongsetablerarar	-8 000		-8 000				
Sum utbygging	-11 500	0	-11 500	0	0	0	0

Kjøp, opparbeiding og sal av bustad- og næringsområde inklusiv kapitalkostnader blir dekte av salsinntekter. Når salsinntektene kjem er usikkert.

Nye bustadområde på Frøyland/Kvernaland og Bryne står i all hovudsak private utbyggarar for. På Lyefjell og Undheim har interessa frå private utbyggarar auka. Kommunen vil framleis ha ansvaret for vidare utbygging av delar av regulert og tilgjengeleg bustadområde på Lyefjell i takt med etterspørselen.

Når nå opparbeidd næringsareal på Re/Svertingsstadgarden stort sett er selt, står me utan nye opparbeidde kommunalt eigde næringsareal. I kommuneplanen for 2011-2022 er det lagt til rette for meir næringsareal på Re, avgrensa av Fv 223, Fv 44 og Orrevegen. Aktuelt areal er i privat eige. Det er og ledig næringsareal i privat eige på Håland.

5200 Anna tomtosal

Prosjektet er venta salsinntekter frå sal av ein del tilgjengelege bustadtomter på Lye og tilskot via utbyggingsavtalar i m.a. Hetlandsgata på Bryne.

5209 Lyefjell BL3 - tomtosal

Prosjektet gjeld venta tomtosal til førstegongsetablerarar på kommunal del av utbyggingsområdet BL3. Prosjektet vil venteleg bli forskyve ut i tid.

Vegar, plassar, vatn og avløp

5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som brått blir defekt, samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet.

5535 Ny renovasjonsordning

Prosjektet gjeld innkjøp av nye større avfallsdunkar som følgje av at plastemballasjen frå 2019 kan inngå i restavfallet. I tillegg er det lagt inn kjøp av noko digitaliseringsverktøy innan renovasjonstenesta slik at den blir meir serviceretta for innbyggarane og renovatørane.

Vegar, plassar, vatn og avløp	Prosjekt	Prosjekt Budsjet	Før 2020	2020	2021	2022	2023	Etter 2023
5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett		12 000		3 000	3 000	3 000	3 000	
5535 Ny renovasjonsordning		3 600	2 000	700	200	700		
5550 Overvassiltak - Bryne		10 078	8 078	2 000				
5556 Overvassiltak Rosseland - Kong Haakons veg		32 000	500	10 000	21 500			
5557 Vassmålarar -innkjøp til husstandar		1 500	1 000	500				
5562 Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget/Varden/Ørnahaugen		11 000		5 000	6 000			
5563 Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet og Austbøvegen		9 500	250	4 750	4 500			
5564 Sanering VA og OV - Foren, Bryne		4 000				4 000		
5565 Rehabilitering av hovudvassleidning Arne Garborgs veg		13 000				5 000	8 000	
5566 Samankopling til Klepp - Tinghaugvegen		9 800	3 500	6 300				
5566 Samankopling til Klepp - Tinghaugvegen, refusjon		-1 800		-1 800				
5567 VA Stadion Røsslyngvegen og Trallfavegen		27 700	700			27 000		
5567 VA Stadion Røsslyngvegen og Trallfavegen, refusjon		-10 000				-10 000		
5568 Sanering av VA og OV Kvernlandsvegen		13 400	1 300	12 100				
5569 Overvassiltak Elisberget vest		24 000	3 000			5 000	16 000	
5570 Kalbergvegen, VA-tiltak - avtale med Statnett SF		16 000		16 000				
5570 Refusjon Statnett SF		-12 000		-12 000				
5571 Vestly høgdebasseng - utfasing		250		250				
5572 Sanering VA og OV leidningar Hognestadvegen		5 000				5 000		
5573 Sanering VA og OV leidningar O.G. Kvernlandsveg		10 000				3 000	7 000	
5574 Theodor Dahls veg, VA-tiltak - utbyggingsavtale		7 000		3 500	3 500			
5574 Refusjon utbyggjar		-5 440			-5 440			
5575 Reemarka, VA-tiltak - utbyggingsavtale		7 000			3 500	3 500		
5575 Refusjon utbyggjar		-3 600			-3 000	-600		
5600 Bilar/maskinar		6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5605 Sentrumstiltak		2 000		500	500	500	500	
5610 Trafikksikring		3 200		800	800	800	800	
5610 Trafikksikring - refusjon		-2 000		-500	-500	-500	-500	
5643 Utskifting av lysmaster		1 200		300	300	300	300	
5664 Asfaltering kommunale vegar		9 000		1 500	2 500	2 500	2 500	
5665 Storgata- gågate -gatebruks- og reg.plan		22 000	2 000			20 000		
5666 Kringsjå - oppgradering av vegar (etter VA-tiltak)		3 200		1 600	1 600			
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506		14 200	200	14 000				
5668 Momskompensasjon		-2 750		-2 750				
5668 Refusjon statens vegvesen		-9 250		-9 250				
5669 Smieparken, Bryne		10 400		10 400				
5669 Refusjon utbyggjar		-600		-600				
5671 Ramshaugvegen, Re - oppgradering veg		1 500		1 500				
5672 Brusikring etter brukontroll		1 600		400	400	400	400	
5673 Ny mur ved undergang på Lye		2 500		2 500				
5674 Roslandsåna - kantoppbygging saman med Klepp		300		300				
Sum Vegar, plassar, vatn og avløp		246 488	22 528	72 500	40 860	71 100	39 500	0

5550 Overvassiltak - Bryne

Det er utført nettanalyse på Bryne og utarbeidd ein foreløpig oversikt over høgst nødvendige overvassiltak. Tiltaka er vurderte, kostnadsrekna og er prioriterte i handlingsdelen av ny hovudplan for vatn og avløp. Føreslått løyving i 2020 skal nyttast til vidare plan- og prosjekteringsarbeid vedrørende overvasshandtering.

5556 Overvassiltak Rosseland – kapasitetsutviding Kong Haakons veg

Det er sett av i alt 32 millionar kroner i perioden til utviding av overvasskapasiteten i/langs Kong Haakons veg på Rosseland.

5557 Vassmålarar – innkjøp av husstandsmålarar

Innkjøp av nye vassmålarar til bruk i husstandar er budsjettert med 500 000 kroner i 2020.

5562 Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget, Varden og Ørnahaugen

Det er sett av i alt 11 millionar kroner i perioden til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg blir det utført full separering av alle bygningar.

5563 Sanering VA og OV leidningar – Kolheibrotet og Austbøvegen

Det er sett av i alt 9,5 millionar kroner i perioden til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg blir det utført full separering av alle bygningar.

5564 Sanering VA og OV leidningar – Foren, Bryne

Det er sett av i alt 4 millionar kroner i perioden til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg blir det utført full separering av alle bygningar.

5565 Rehabilitering av hovudvassleidningen i Arne Garborgs veg

Det er sett av 13 millionar kroner i slutten av perioden for å rehabilitera hovudvassleidningen frå 1950 i Arne Garborgs veg. Leidningen skal dels strømpedorast og skiftast ut. I tillegg blir avløpsleidningar som ligg i same trasè skifta ut.

5566 Samankopling av vassleidning til Klepp via Tinghaugvegen

Det er sett av 9,8 millionar kroner for å få slutført siste del av samankoplinga av vassleidningen frå Bryne sentrum via Torggata, Brynevegen og Tinghaugvegen til Klepp-nettet. Tiltaket sikrar forsyningstryggleiken av vatn til Bryne. Arbeidet blir utført i samband med anleggsarbeidet for ny ungdomsskule i Vardheia.

5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen

Det er sett av 27,7 millionar kroner brutto til nødvendig utbygging og oppgradering av VA- og OV-anlegg i samband med utbyggingsplanane på stadionområdet. Det er avtalt at utbyggjarane skal dekkja 10 millionar kroner av prosjektet. Største delen av den kommunale investeringa her ligg i utskifting av all gamal VA-infrastruktur i Trallfavegen.

5568 Sanering av VA og OV leidningar Kvernelandsvegen

Prosjektet gjeld utskifting av hovudvassleidningen i asbest, samt utskifting av spill- og overvassleidningar. Prosjektet blir utført samstundes med at Statens vegvesen utfører rehabiliteringsarbeid på Kvernelandsvegen. Samla brutto prosjektkostnad er kalkulert til 17,2 millionar kroner. Statens vegvesen bidrar med 3,8 millionar kroner i refusjon.

5569 Overvasstiltak Elisberget vest, Bryne

Det er sett av 24 millionar kroner til utskifting av vassleidningar av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg blir det utført full separering av alle bygningar. Ein mindre del av prosjektet i Hognestadvegen blir utført saman med nå pågåande arbeid i Kjeldevegen.

5570 VA-tiltak i Kalbergvegen – avtale med Statnett SF

Det blir lagt ned nødvendig VA og OV infrastruktur i Kalbergvegen fram til Statnett SF sin nye stasjon på Fagrafjell. Statnett SF bidrar med eit tilskot på 12 millionar kroner etter inngått avtale.

5571 Vestly høgdebasseng - utfasing

Til vurdering og prosjektering av mogleg utfasing av Vestly høgdebasseng er det sett av 250 000 kroner i 2020. Prosjektet skal leggja til rette for tosidig vassforsyning til Time aust, Lye og Vestly. Områda kan då forsynast både via uttak frå IVAR IKS sin Jærleidning på Norheim og på Serigstad. Forprosjekt med kostnadsoverslag blir utarbeidd og lagt fram for politisk behandling i 2020.

5572 Sanering VA og OV leidningar, Hognestadvegen

Prosjektet gjeld utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

5573 Sanering VA og OV leidningar, O. G. Kvernelandsveg

Prosjektet gjeld utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg blir det utført full separering av alle bygningar.

5574 VA-tiltak, Theodor Dahls veg, Kvernaland

Prosjektet gjeld utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar. Etter inngått utbyggingsavtale vil utbyggjar i Kvernaland sentrum bidra med vel 5 millionar kroner i tilskot til anleggsarbeidet.

5575 VA-tiltak, Reemarka, Bryne

Prosjektet gjeld utskifting og oppgradering av VA og OV leidningar i samband med utbygging av eit nytt bustadfelt i Reemarka. Det er her naturleg at kommunen oppgraderer leidningsnett for å kunne handtere større utbyggingar sør for Orrevegen om nokre år. Etter inngått utbyggingsavtale vil utbyggjar i Reemarka bidra med 3,6 millionar kroner i tilskot til anleggsarbeidet.

5600 Bilar/maskinar

Det er sett av i alt 6 millionar kroner i perioden til kjøp og utskifting av bilar og maskinar/utstyr. Avsette midlar skal dekkja utskiftingar innan tenesteeiningane kommunalteknikk og eigedomsforvaltning.

5605 Sentrumstiltak

Til ulike mindre sentrumstiltak er det budsjettert med 500 000 kroner kvart år. Utval for lokal utvikling prioriterer aktuelle tiltak i januar kvart år.

5610 Trafikksikring

Det er budsjettert med brutto 3,2 millionar kroner i perioden til diverse trafikksikringstiltak, jf. handlingsdelen av Trafikksikkerheitsplanen 2016 - 2025. Handlingdelen av planen legg

grunnlaget for søknad om trafikksikkerhetsmidlar frå fylkeskommunen kvart år. Det er budsjettert med i alt 2 millionar kroner i trafikksikkerhetsmidlar i perioden.

5643 Utskifting av lysmaster

Prosjektet gjeld utskifting av gamle lysmaster langs kommunale vegar og gater. Det er sett av 300 000 kroner kvart år i perioden.

5664 Asfaltering kommunale vegar

Det er føreslått å setja av i alt 9 millionar kroner til asfaltering av kommunale vegar i perioden for å ta att noko av etterslepet me har. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år kva vegar/gater som skal ha prioritet.

5665 Storgata, Bryne – etablering og opparbeiding til gågate

Prosjektet gjeld planarbeid for utarbeiding av gatebruksplan i Bryne og reguleringsplan for Storgata til gågate. I tillegg er det lagt inn opparbeidingskostnader for Storgata som gågate på 20 millionar kroner i 2022. Bidrag til opparbeidinga av gågata frå eigedomseigarane vil avklarast i det vidare forprosjektarbeidet.

5666 Kringsjø – oppgradering av vegar

Det er sett av 3,2 millionar kroner til oppgradering av vegar på Kringsjø etter at større VA-tiltak er utført i området.

5668 Krysset Åsenvegen/FV 506

I samarbeid med Statens vegvesen vil vegvesenet oppgradera krysset Åsenvegen/FV 506 og Åsenvegen. Etter avtale med Statens vegvesen vil kommunal kostnad etter fråtrekk av momskompensasjon og tilskot frå vegvesenet bli om lag 2,2 millionar kroner.

5669 Smieparken, Bryne

Prosjektet gjeld oppfølging av plan 0427 «Områdeplan for vestre del av Bryne sentrum, krysset Storgata/Reevegen». I samarbeid med private aktørar blir Smiå og Steinslandshus tatt vare på og rehabilitert, og kommunen forlenger Øgårdsbakken til Lauritz Bellesens gate. Avsett løyving på 10,4 millionar kroner brutto er i samsvar med vedtaket i KS.sak 029/19.

5671 Ramshaugvegen, Re – oppgradering av veg

Det er sett av 1,5 millionar kroner i 2020 til oppgradering av delar av Ramshaugvegen.

5672 Brusikring etter brukkontroll

Prosjektet gjeld sikringsarbeid på kommunale bruer etter gjennomført brukkontroll. Det er sett av 400 000 kroner kvart år i perioden.

5673 Ny mur ved undergang på Lye

Prosjektet gjeld rehabilitering av ein skada mur i vegundergang på Lye.

5674 Roslandsåna - kantoppbygging

Prosjektet gjeld kantoppbygging langs delar av Roslandsåna saman med grunneigarar og Klepp kommune.

7.3 Trafikksikringsplan

Me planlegg utføring av aktuelle tiltak ut frå det me ser er mest hensiktsmessig og rimelegast i planperioden samla sett. For heile planperioden ligg me 110 000 kroner netto over forslag til avsett løyving i kapittel 7.2. Dette vurderer me nærare i neste års revisjon av handlingsplanen.

Handlingsplan fysiske tiltak - «Trafikksikringsplan 2016-2025»

Handlingsplanen er oppdatert med tiltak for perioden 2020-2023.

NAMN PÅ TILTAK	TILSKOT	KOSTNAD	2020	2021	2022	2023
FRØYLAND SKULE						
- Omlegging av parkeringsplass		250		250		
SØKNAD TS-MIDLAR	0 %	0		0		
*Ingen støtte, full eigenfinansering						
KRYSS VED BREKKEVEGEN/UNGDOMSVEGEN OG BREKKEVEGEN/HÅVEGEN						
- Gangfelt		500			250	250
SØKNAD TS-MIDLAR	60 %	300			150	150
TRAFIKKSIKRINGSTILTAK						
- Fartsdempende tiltak						
- Universell utforming		500			250	250
- Bomsperre						
- Frisikt						
SØKNAD TS-MIDLAR	60 %	300			150	150
INTENSIV BELYSNING						
- Meierigata						
- Orrevegen		1000	1000			
- Gamle Hognestadvegen						
SØKNAD TS-MIDLAR	60 %	600	600			
GATELYS						
- Kalbergvegen		250			250	
SØKNAD TS-MIDLAR	60 %	150			150	
BRYNE SKULE						
- Hjartesone						
- Skilting		150			150	
- Oppmerking av gangsoner + gangfelt						
SØKNAD TS-MIDLAR	60 %	90			90	
GAMLE ÅSLANDSVEGEN						
- Opphøgd kryss med markert gangfelt		150		150		
SØKNAD TS-MIDLAR	60 %	90		90		
MORENEFARET						
- Opphøgd gangfelt		100		100		
SØKNAD TS-MIDLAR	60 %	60		60		
HOGNESTADVEGEN VED NUBBEN						
- Fartsdempende tiltak		200	200			
- Gangfelt						
SØKNAD TS-MIDLAR	100 %	200	200			
FJERMESTADVEGEN		200	200			
- Fartsdempende tiltak						
SØKNAD TS-MIDLAR	100 %	200	200			
HÅLAND INDUSTRIOMRÅDE		150	150			
- Skilting + oppmerking UU						
SØKNAD TS-MIDLAR	100 %	150	150			
SUM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK		3450	1550	500	900	500
SUM SØKNAD TRFIKSIKRINGSMIDLAR (TS-MIDLAR)		2140	1150	150	540	300
SUM KOMMUNALE MIDLAR		1310	400	350	360	200

Handlingsplan haldningsskapande tiltak

Haldningsskapande tiltak 2020	Finansiering
Markering av nasjonal refleksdag	Stimuleringsmidlar gitt av Trygg
Trafikksikringskurs for tilsette som køyrar bil i teneste	trafikk etter godkjenning som
Gå til skulen-aksjon	trafikksikker kommune
Etablere og markera "hjartesone" rundt Bryne skule	Tilskot frå Trygg Trafikk

7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar

For å få spelemidlar er det ein føresetnad at eit prosjekt er med i det prioriterte handlingsprogrammet. Ved søknad om tilskot frå spelemidlane er det for tida tre tilskotsordningar:

- Tilskot til ordinære anlegg for idrett og friluftsliv som gjeld både nye anlegg og rehabilitering av eldre anlegg
- Tilskot til ordinære nærmiljøanlegg
- Tilskot til kulturbygg

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026 omfattar ordinære anlegg og nærmiljøanlegg som er aktuelle for delfinansiering med spelemidlar. Tiltak som er gjennomførte, men som ikkje har fått tilsegn om tilskot blir prioriterte før nye tiltak.

Forklaring til tabellane:

Bakgrunnsfarge Anlegg som er markert med bakgrunnsfarge er ferdigstilt

* Kolona viser samla oversikt over løyvingar gitt før 2020 (kommunale tilskot, spelemidlar og private midlar/dugnad)

K Kommunalt tilskot

SM Spelemidlar

A Andre (private midlar/dugnad)

E Etter perioden 2020-2023

Raud tekst Nye anlegg i handlingsprogrammet

Ordinære anlegg – handlingsprogram 2020-2023

Kommunale anlegg

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2020*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr												
					2020			2021			2022			2023			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1	Fleirbrukshall	Frøyland skule	27 000	22 334		2 333			2 333								
2	Toalett	Sandtangen	250								166	84					
3	Brygge ved Frøylandsvatn	Nord for Sandtangen	1 000								667	333					
4	Idrettshall v/ Vardheia u	Norlysvn. i Vardheia	48 700	16 500	9 400		3 700	2 100		1 400		8 000				7 600	E
5	Turnhall v/ Vardheia u	Norlysvn. i Vardheia	23 700	7 400	3 700		2 800	200		1 800						7 800	E
6	7'ar bane, kunstgras	Vardheia u	3 000								2 000	1 000					
7	Symjehall	Bryne	140 000	1 000				4 000			99 000						36 000
8	Lysløype	Sandtangen	1 800		1 200												600
9	Ny idrettshall	Bryne	60 000		5 000			55 000									

- 1) Ny fleirbrukshall på Kvernaland vart ferdigstilt i 2017. Her ventar me på utbetaling av spelemidlar i 2020 og 2021.
- 2) Det er planlagt toalettanlegg i Sandtangen. 1/3 av kostnadane ved dette anlegget blir finansiert av spelemidlar.
- 3) Det er planlagt ei brygge ved Frøylandsvatnet, nord for Sandtangen. 1/3 av kostnadane ved dette anlegget blir finansiert av spelemidlar.
- 4) Ny fleirbrukshall i Vardheia er omtalt under prosjekt 2249.
- 5) Ny turnhall i Vardheia er ein del av prosjekt 2249.
- 6) 7'ar bane kunstgras i Vardheia er ein del av prosjekt 2249.
- 7) Time kommune har planar om å realisere ein ny symjehall mellom Rosseland skule og Hetlandsgata på Bryne, jf. KS-046/17
- 8) Siste rest av lysløypa i Sandtangen fekk nytt lys i fjor. Prosjektet er fullfinansiert, men me søkjer om spelemidlar på 600 000 kroner.
- 9) Ny kommunal idrettshall er planlagt ferdigstilt i årsskiftet 2021/2022 og omtalt i prosjekt 3805.

Private anlegg

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2020*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr													
					2020			2021			2022			2023				
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A		
1	Rehab. fotball- og friidrettsanl.	Frøyland stadion	8 300		2 250	1 383	2 763	520	1 384									
2	Servicebygg/ lager	Undheim stadion	1 155		385	385	385											
3	Dekke/gulv	Bryne tennishall	845		180	280	285	100										
4	Banetoalett	Jæren golfklubb	300		100				100	100								
5	Klubbhus/ utviding hall	Bryne tennishall	12 000				1 000			4 000	1 000					1 000	4 000	E
6	Rehabilitering kunstgrasbane	Frøyland stadion	3 000															
7	Kunstgras på hovudbane	Bryne stadion	7 500								500		2 500		500		2 500	E
8	Fotballhall m/ kunstgras	Undheim stadion	9 300				3 100	400			500				500		3 100	E
9	Lager for idrettsutstyr ol.	Frøyland stadion	450															

- 1) Frøyland IL sitt prosjekt med oppgradering av friidrettsanlegget ved Frøyland stadion har ein total kostnad på om lag 8,3 millionar kroner. Det er lagt inn kommunale midlar på 2,25 millionar kroner i 2020 og 520 000 kroner i 2021 til dette prosjektet. Idrettslaget søker og om tilsvarende beløp frå spelemidlane.
- 2) Undheim IL har bygd eit lager til oppbevaring av utstyr. Kostnadane er berekna til 1,15 millionar kroner, og det er lagt inn 385 000 kroner til prosjektet i 2020. Det blir søkt om spelemidlar på tilsvarende sum.
- 3) Sommaren 2018 var det heilt nødvendig for Bryne tennisklubb å leggja skikkeleg dekke i tennishallen. Prosjektet er kostnadsrekna til 845 000 kroner, og tennisklubben søker om 1/3 i kommunal støtte og 1/3 i støtte frå spelemidlane. Den resterande tredjedelen finansierer dei med eigeninnsats. Dei kommunale midlane er lagt inn med 180 000 kroner i 2020 og ytterlegare 100 000 kroner i 2021.
- 4) Jæren golfklubb planlegg å sette opp eit banetoalett på golfbanen sin på Grødem. Det blir søkt om kommunale midlar på 100 000 kroner som blir finansiert i 2020 via prosjekt 5915 «Nærmiljøanlegg». Resten blir finansiert med spelemidlar og eigeninnsats.
- 5) Bryne tennisklubb har vore svært uheldige med klubbhuset sitt som vart påtent sommaren 2018. Klubbhuset er heilt øydelagt innvendig og klubben leiger derfor mellombels lokale hos Serigstad, på motsett side av Kong Haakons veg sett frå klubbhuset deira. Tennisklubben søker om tilskot til nytt klubbhus og utviding av tennishallen slik at dagens utandørsbanar kan få tak og veggar. Prosjektet er kostnadsrekna til 12 millionar kroner og tennisklubben ser for seg ein tredeling av kostnadane, dvs. 1/3 frå kommunen, 1/3 frå spelemidlane og siste 1/3 som eigeninnsats, til dømes dugnad, eigenkapital og liknande. Dei kan søkja om spelemidlar tilsvarende 4 millionar kroner. Rådmannen foreslår å løyve 1 millionar kroner i 2021, og tilsvarende i 2022 og 2023. Resterande kommunalt tilskot blir fordelt etter perioden.
- 6) Frøyland IL sin kunstgrasbane er moden for rehabilitering etter over 10 års bruk. Kostnadane samla sett er 3 millionar kroner og idrettslaget ser for seg ein tredelt finansieringsplan, jf. avsnittet over om Tennisklubben. Dei kan søkja om spelemidlar tilsvarende 1 million kroner. Rådmannen har ikkje funne midlar til dette prosjektet i økonomiplanperioden.
- 7) Bryne FK har planar om å legge kunstgras på hovudbanen, samt etablere ein eigen trimpark ved Bryne stadion. Kostnadane knytt til hovudbanen er berekna til 7,5 millionar kroner og Bryne FK ser for seg ein tredelt finansieringsplan, jf. avsnitta over. Dei kan søkja om spelemidlar tilsvarende 2,2 millionar kroner. Trimparken er omtalt under «Nærmiljøanlegg». Rådmannen foreslår å løyve 0,5 millionar kroner i 2022 og 2023. Resterande kommunalt tilskot blir fordelt etter perioden.
- 8) Undheim IL har planar om å realisere ein fotballhall med kunstgras ved Undheim stadion, på dagens grusbane. Fotballhallen er kostnadsrekna til totalt 9,3 millionar kroner og idrettslaget søker om tilskot basert på «tredjedelsordninga» med 3,1 millionar kroner på kvar av kommunen, spelemidlar og eigeninnsats. Rådmannen foreslår å løyve 600 000

kroner i 2021 og 0,5 millionar kroner i 2022 og 2023. Resterande kommunalt tilskot blir fordelt etter perioden.

- 9) Frøyland IL har behov for nytt lager til friidrettsutstyr og utstyr som blir nytta til drift og vedlikehald av idrettsanlegget deira. Dette er kostnadsrekna til 450 000 kroner og idrettslaget søker kommunen om tilskot på 150 000 kroner (1/3), og i tillegg tilsvarende beløp i spelemidlar og eigeninnsats, dugnad og eigenkapital. Rådmannen har ikkje funne midlar til dette prosjektet i økonomiplanperioden.

Føreslått løyving til private idrettsanlegg i 2020 på 2,8 millionar kroner er fordelt tidlegare år til Bryne Tennisklubb, Frøyland IL og Undheim IL. I 2021 er det tidlegare fordelt vel 600 000 kroner til Bryne Tennisklubb og Frøyland IL. Av samla føreslått løyving i 2021 på 2 millionar kroner gjenstår då 1,4 millionar kroner til fordeling.

I 2022 og 2023 er det kvart år føreslått ei løyving til formålet på 2 millionar kroner.

Nærmiljøanlegg – handlingsprogram 2020-2023 (prosjekt 5915)

Nr	Anlegg	Stad	Kost i alt	Før 2020*	Anleggstart – Finansiering i 1000 kr											
					2020			2021			2022			2023		
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A
1	Nærmiljøkart	Stemmen, Kverneland	350	60		175	115									
2	Fleiraktivitets-område	Lye, L24	684	384		300										
3	Fleiraktivitets-område	Lye, L28	607	307		300										
4	Fleiraktivitets-område	Lye, L32	615	315					300							
5	To minibingar	Hognestad stadion	176						88	88						
6	To minibingar	Frøyland stadion	300						150	150						
7	Trimpark	Bryne stadion	1 500					100	300	900	100				100	
8	Klatrepark	Sandtangen	1 350								550	300	500			
9	Fleiraktivitets-område	Vardheia u	1 000											700	300	
10	Fleiraktivitets-område	Vardheia u	1 000											700	300	
11	Fleiraktivitets-område	Vardheia u	1 000											700	300	

- Frøyland IL held på å utarbeide kart med utgangspunkt i området kring Stemmen på Kverneland. Prosjektet har ei kostnadsramme på til saman 350 000 kroner. Kommunen har bidrege med 60 000 kroner i 2019 frå prosjekt 5915 «Nærmiljøanlegg», spelemidlar er berekna til 175 000 kroner, og i tillegg eigeninnsats på 115 000 kroner.
- På Lye søker me om spelemidlar til tre kvartalsleikeplassar, 300 000 kroner til kvart prosjekt.
- Hognestad IL har etablert to minibingar ved fotballbanen sin på Hognestad. Kostnadane er berekna til 176 000 kroner. Idrettslaget søker berre om spelemidlar på 88 000 kroner. Resten finansierer dei sjølv.
- Frøyland IL har også fått på plass to minibingar ved sitt anlegg på Frøyland. Kostnadane er berekna til 300 000 kroner og dei søker kun om spelemidlar på 150 000 kroner. Resten tek dei sjølv.
- Bryne FK har planar om å etablere ein trimpark ved Bryne stadion. Kostnadane er berekna til 1,5 millionar kroner. Fotballklubben har moglegheit til å søkja om 300 000 kroner i

spelemidler. Dei søker også om tilskot frå kommunen på tilsvarande beløp og rådmannen foreslår å løyve 100 000 kroner kvart av åra 2021, 2022 og 2023, over prosjekt 5915, «Nærmiljøanlegg».

- 8) Det er planar om å få på plass ein klatrepark i Sandtangen. Totalkostnadar er berekna til 1,35 millionar kroner. Dette etter initiativ frå Sparebankstiftelsen SR-Bank som går inn med eit bidrag på 500 000 kroner. I tillegg søker me om spelemidler på 300 000 kroner og resten blir finansiert med kommunale midlar på 550 000 kroner.
- 9) I samband med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia blir det lagt til rette fleire flotte fleiraktivitetsområde utomhus. Dette er allereie fullfinansiert, men me har høve til å søkja om spelemidler til nokre av elementa i skulen sitt uteområde.

Private kulturbygg – handlingsprogram 2020-2023

I økonomiplanperioden er det kvart år sett av 500 000 kroner i tilskot til private kulturbygg. Rådmannen har ikkje lagt fram forslag om tildeling av tilskotet.

Unge Spor har kjøpt eigne lokale, «Kulturbanken», i 2. høgda ved det som tidlegare var Bryne Torgsenter, men som no heiter Bryne Blå. Dei held på å bygge om desse lokala som m.a. skal omfatte øvingsrom, dansesal, sal med scene for framføring av musikk og teater, foajé med bar og kontorlandskap. Heile prosjektet er kostnadsrekna til 10,8 millionar kroner og dei søker kommunen om støtte på 3 millionar kroner. Dei har i tillegg søkt Rogaland fylkeskommune om tilsvarande beløp i spelemidler, men i Regional- og kulturutvalet den 19.09.19 fekk dei avslag på søknaden.

I KS-036/19 «Kulturbanken – Søknad om etableringsstøtte frå Unge Spor» gjorde kommunestyret m.a. følgjande vedtak:

«3. Når ny tilskotsordning er vedtatt kan Unge Spor på ny søkja kommunen om støtte, basert på den nye tilskotsordninga og føringane som vert gitt i denne saka.»

Ut frå dette vil ny søknad frå Unge Spor bli behandla etter vedtatte retningsliner for tilskotsordninga og avsette økonomiske rammer for ordninga frå 2020.

Upprioriterte anlegg

Anlegg som ikkje har kome med i det prioriterte handlingsprogrammet:

- Bryne fotballklubb har planar om å realisere to ny fleirbrukshallar og fotballhall i samband med utbygging av Bryne stadion. Fleirbrukshallane er tenkt utleigd til Bryne vidaregåande skule på dagtid og frivillige lag og organisasjonar og/eller kommunen på kveldstid.

Uttale frå Time idrettsråd

Time idrettsråd sin uttale til foreslåtte tiltak og prioriteringar i økonomiplanen som gjeld idretten, vil verta lagt ved saksframlegget til økonomiplanen når han ligg føre.

Konklusjon

Det vert søkt om spelemidlar i 2020 for dei tiltaka i handlingsprogrammet som allereie er gjennomførte og som ein tek sikte på å gjennomføra i 2020 og 2021. Handlingsprogrammet 2020-2023 blir revidert i tråd med tabellane over.

8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem

8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Gjennom tilbakemeldingar frå brukarane får kommunen kunnskap om tenestane har rett kvalitet og møter behova. Desse tilbakemeldingane kan gje grunnlag for å justera på tenestane. Resultat frå gjennomførte brukarundersøkingar vert omtalte i årsrapportane. I perioden 2020-2023 er det planlagt gjennomført følgjande brukar- og spørjeundersøkingar:

	Sist gjennomført	Hypigheit	2020	2021	2022	2023
OPPVEKST						
Barnehage	2018	Anna kvart år	x		x	
Elevundersøking*	2019	Kvart år	x	x	x	x
Foreldreundersøking*	2019	Kvart år	x	x	x	x
Kulturskule (foreldre/pårørande og elevar frå og med 8. trinn)	2018	Anna kvart år	x		x	
Helsestasjon- og skulehelseteneste	2019	Anna kvart år		x		x
Barnevern**		Kontinuerleg				
SFO	2019	Anna kvart år		x		x
OMSORG						
Institusjonstenester (brukarar/pårørande)	2019	Kvart tredje år			x	
Heimeteneste (brukarar)	2017	Kvart tredje år	x			x
Miljøteneste (brukarar/pårørande)	2018	Kvart tredje år		x		
Psykisk helse og rusarbeid	2017	Kvart tredje år	x			x
Bryne Aktivitetssenter (pårørande og brukarar)	Ny	Kvart tredje år	x			x
Dagsenter for eldre	2019	Kvart tredje år			x	
Dagesenter for personar med demens (pårørande og brukarar)	Ny	Kvart tredje år		x		
Teneste- og samordningskontoret	Ny	Kvart tredje år		x		
SAMFUNN						
Private reguleringsplanar*	2015	Anna kvart år	x		x	
Byggjesaksbehandling	2016	Kvart fjerde år	x			
Saksbehandling i landbruket*	2016	Kvart fjerde år	x			
Fysioterapi (kommunal og privat)	2016	Kvart fjerde år	x			
Ergoterapi	2016	Kvart fjerde år	x			
Frisklivsentralen	Ny	Kvart fjerde år		x		
NAV Klepp-Time*	2016	Anna kvart år		x		x
Avfall frå private hushald	2019	Kvart fjerde år				x
Drikkevatt	2019	Kvart fjerde år				x
Mottak av flyktingar	2018	Kvart tredje år		x		
Fritidstilbod for eldre*	2013	Kvart fjerde år		x		
Kino og kulturhus*	2014	Kvart tredje år	x			x
Bibliotek	2019	Kvart tredje år			x	
ORGANISASJON						
Medarbeidarundersøking	2018	Anna kvart år	x		x	
Nettsida (www.time.kommune.no)*	2016	Kvart tredje år	x			

*Undersøkinga vert ikkje gjennomført gjennom bedrekommune.no

**Undersøkinga er kontinuerleg ved bruk av verktøyet Feedback-informerte tjenester (FIT)

8.2 Interkommunale samarbeid


Time deltek i ulike selskap og interkommunale samarbeidsordningar for å løysa den kommunale tenesteproduksjonen. Aksjeselskap, interkommunale selskap, vertskommunesamarbeid og samarbeid etter § 27 er alle organisert etter heimel i særlover. Kategorien «andre samarbeid» er samarbeid organisert etter ordinære privatrettslige avtalar. Her følgjer ei oversikt over dei interkommunale samarbeida Time kommune deltek i.

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
Aksjeselskap			
Lyse AS	Stavanger	16 kommunar	Energi og breiband
Jæren industripartner AS	Time, Klepp og Hå	Time, Klepp og Hå	Tilrettelagde arbeidsplassar
KinoNor AS	Trondheim	Trondheim kino AS, Aurora kino IKS, Haugesund kultur- og festivalutvikling KF og Time kommune	Levera fellestenester til eigarane for å sikra eit godt kinotilbod.
Jæren skoglag	Time	Ei rekkje aksjeeigarar	Eiga og drifta skogar
Interkommunale selskap (Lov om IKS)			
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	Stavanger	24 kommunar og 4 IKS	Arkivdepot
IVAR IKS	Stavanger	13 kommunar	Vass-, avløps- og renovasjonstenester
Rogaland brann og redning IKS	Sandnes	10 kommunar	Brannvern, miljøretta helsevern og skjenkekontroll
Administrativt vertskommunesamarbeid (kommuneloven § 28-1 b)			
Jæren kemnerkontor	Time	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Skatteinnkrevjing og arbeidsgjevarkontroll
Jæren øyeblikkelige hjelp	Sandnes	Gjesdal, Klepp, Sandnes, Forsand og Time	Alternativ til sjukehusinnleggelse (Time har 2 plassar)
Tiltaksavdeling barnevern	Time	Time, Klepp og Hå	Utfører hjelpetiltak ut i frå vedtak i deltakarkommunane
Barnevernvakt	Sandnes	Gjesdal, Sandnes, Klepp, Hå og Time	Akuttberedskap kveld og helg
Auglend skoles hørselsavdeling	Stavanger	Stavanger, Sandnes, Randaberg og Time	Skuletilbod til elevar med hørselshemming
Vardheia ungdomsskule og Vardheihallen	Time	Klepp og Time	Felles ungdomsskule og idrettshall i Vardheia
Grunnskule for vaksne	Time	Hå, Klepp og Time	Ordinær grunnskule for vaksne
Norsk og samfunnsfag for vaksne innvandarar	Time	Klepp og Time	Obligatorisk opplæring i 600 timar og eventuelt behovsprøvd opplæring
NAV Klepp-Time	Klepp	Klepp og Time	Felles NAV-kontor
Krisesenter	Stavanger	18 kommunar	Tilbod til personar som er utsett for vald i nære relasjonar
Interkommunale samarbeid etter § 27 (kommuneloven)			
Jæren friluftsråd	Sandnes	Time, Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Randaberg og Sola	Sikra, leggja til rette og driva område som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevingar, leggja til rette aktivitet og auka forståinga av friluftsliv

Andre samarbeid			
Legevakt - ettermiddag og kveld	Klepp	Klepp og Time	Akutthjelp utanfor ordinær arbeidstid
Legevakt - natt	Sandnes	Gjesdal, Klepp, Sandnes og Time	Akutthjelp - natt
Legevakttelefon - dag	Sandnes	Sandnes, Klepp og Time	Opererer legevakttelefonen på dagtid
Jærrådet	Sekretariat på omgang	Time, Hå, Klepp, Sandnes, Gjesdal	Regionalpolitisk samarbeidsorgan
Jærskulen	Time	Gjesdal, Hå, Klepp og Time	Skuleutvikling
Eirik Raude-senteret	Klepp	Klepp og Time	Bistå elever og skular med hjelpetiltak ved spesielle behov
ACT-Team	Jæren Distrikts-psykiatriske senter	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Behandlingsteam innan psykisk helse
Psykososialt kriseteam	Klepp	Klepp og Time	Psykososial førstehjelp
Parkeringshandheving	Sandnes	Sandnes og Time	Handheving av offentlig parkering vert utført av Sandnes KF
Region Stavanger	Sandnes	15 kommunar og ei rekke private og offentlege aktørar	Sals- og marknadsføringsorgan for reiseliv
Greater Stavanger Economic Development AS	Stavanger	Medlemsskap	Fremja, utvikla og støtta samarbeidstiltak som fremjer regionen si verdiskaping, konkurransekraft og bærekraft

8.3 Plansystem


Planhierarki



Økonomiplanen som handlingsdel for KPS

Økonomiplanen kan etter kommunelova § 14-4 vera ein del av eller utgjera handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), og i Time kommune er han det. Det vil seia at dette dokumentet skal syna korleis Time har tenkt å følgja opp dei mål og strategiar som er nemnt i KPS i dei neste fire åra.

Måten dette vert gjort på er at ein enten baserer mål og tiltak i økonomiplanen direkte på KPS, eller at ein konkretiserer KPS gjennom ulike temaplanar og baserar mål og tiltak i økonomiplanen på desse temaplanane.



9 Framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023.
2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2020.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Oppvekst	569,9	7,3	-15,6	561,6
Omsorg	388,2	15,2	-6,0	397,4
Samfunn	176,2	2,0	-12,1	166,1
Stabstenester	63,4	0,6	-10,0	54,0
Årsverk i alt	1 197,7	25,1	-43,7	1 179,1

5. Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2020».
